

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for politikk og forvaltning

AORG350
Masteroppgåve

Kode raud for norsk oljepolitikk?

*Legitimeringsmodalitet, institusjonelle logikkar
og organisasjonsteoretiske perspektiv*

**Norsk oljepolitikk
sin legitimeringsargumentasjon
i lys av den sjette hovudrapporten
frå FN sitt klimapanel**

Silje Synøve Høgelid
Vår / 2023

Samandrag

Den norske sommaren i 2021 var prega av bekymringar kring dødsfall grunna ekstremvær i europeiske naboland og oppstart av valkamp då den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel vart lansert (AR6). Omgjevnadane skapte auka press på legitimiteten til norsk oljeverksemd i møte med AR6. Korleis søkjer Oljenasjonen Noreg ved sine politiske parti å legitimeringsargumentere kring norsk oljepolitikk i møte med AR6? Spørsmålet blir her svara ved å kombinere teoretiske perspektiv og logikkar frå organisasjons- og institusjonellteori med metodisk inspirasjon og modalitetsverktøyet frå dialektisk-relasjonell kritisk diskurst teori. Studiet utformer med dette fire logikkar og tilhøyrande modalitetar for å fange logikkane: instrumentell hierarkisk-, instrumentell forhandlings-, institusjonell kultur- og institusjonell mytemodalitet og -logikk. Studiet finn grunnlag for å hevde at legitimeringsmodalitet er eit relevant omgrep for å fange essensen av legitimeringsargumentasjonen som går føre seg kring norsk oljepolitikk i møte med AR6.

Abstract

The Norwegian summer of 2021 was marked by concerns surrounding deaths due to extreme weather in neighboring European countries and the start of the election campaign when the sixth main report of the UN's climate panel was launched (AR6). The circumstances created increased pressure on the legitimacy of the Norwegian oil industry in the face of AR6. How does the Norwegian Oil Nation, through its political parties, seek to legitimize Norwegian oil policy in the face of AR6? The question is answered here by combining theoretical perspectives and logics from organizational and institutional theory with methodological inspiration and the modality tool from dialectical-relational critical discourse theory. The study thereby designs four logics and associated modalities to capture the logics: instrumental hierarchical, instrumental negotiation, institutional culture and institutional myth modality and logic. The study finds grounds for asserting that legitimation modality is a relevant concept to capture the essence of the legitimation argumentation that takes place around Norwegian oil policy in the face of AR6.

Forord

Wow! Tenk at eg endeleg, etter ei 10 år lang studentkarriere, kan skrive forordet til masteroppgåva mi. Det kjens stort! Det har verkeleg vore ei lærerik reise på alle måtar. Det er mange som skal takkast.

Først vil eg seie tusen takk til min rettleiar, Simon Neby. Takk for all kunnskap, engasjement og lærdom. Tusen takk for at du alltid har vore så imøtekomande, venleg og pedagogisk, og at du alltid har hatt trua på meg og oppgåva mi.

Tusen takk til Sofie Lindstrøm og perlene på sal! De har gjort mastertida her på instituttet til den morsommaste i heile mi (lange) studentkarriere. Tusen takk for alle (altfor) lange lunsjar og seine kveldar, og for nokre uvurderlege vennskap eg alltid vil teke med meg.

Tusen takk til min kjære familie. Tusen takk til Henrik, min sjølvvalgte pappa i livet, for kloke og varme ord - og alltid ei hjelpande hand. Tusen takk til mi kjæreste søster, Ida Jeanette, for å alltid ha trua på at eg kan få til kva som helst. Tusen takk til mitt lille tantegull Embla - min favoritt i livet! Ingen har lært meg kjærleik som du. Og ein spesielt stor takk til mi kjære mamma! Tusen takk for at du verkeleg alltid er der for meg på alle tenkjelege måtar. Denne masteren hadde ikkje skjedd utan deg!

Og tusen takk til mine bestevenninner i livet for evig støtte og inspirasjon. Tusen takk til mi kjære Fredrikke! Tusen takk for bunnsolid støtte og vennskap gjennom både masterløp og livet. Takk for alt du er for meg, det betyr enormt mykje. Og til slutt: tusen takk til min partner in crime, den andre halvdel av vår dynamic duo, mi kjære Renate. Eg veit ikkje kvar eg skal byrje for å få takka deg nok! Tusen takk for å ha vore med meg på reisa gjennom dei siste fire åra. Tusen takk for absolutt all støtte, merksemd, oppmuntring, kollokvier, engasjerte diskusjonar og ekteføyte samtalar. Studietida hadde verkeleg aldri vore den same utan deg. Eg gler meg til fortsetjinga!

Innholdsliste

1.0 Norsk oljepolitikk post “kode raud for menneskeheita”	8
2.0 Olje og klima- hand i hand?	11
2.1 Oljefunn i 1969 og framveksten av miljørørsla og ideen kring klimaendringar	11
2.2 Miljø møter norsk oljeverksemd	12
2.3 Berekraftig utvikling, internasjonal framvekst og feilslåtte klimamål	13
2.4 Strategi for olje og glass og eit klimavennleg Noreg	14
2.5 Uoppnådde klimamål og fleksible mekanismar	16
2.6 Parisavtalen og norsk klimalov	17
2.7 Konflikhtar, koronapandemien og planar fram mot 2030	18
2.8 Den sjette hovudrapporten frå FN sitt klimapanel	19
2.9 Det norske politiske landskapet	21
2.9.1 Høgre: Føreseielege rammevilkår og strenge miljøkrav	21
2.9.2 Arbeidarpartiet: Fellesskap og klimanøytral oljeverksemd	22
2.9.3 Framstegspartiet: Oljeeventyr i overskueleg framtid	24
2.9.4. Miljøpartiet Dei Grøne: Ut av oljealderen	26
3.0 Organisasjons- institusjonell og diskursteori	28
3.1 Innleiing	28
3.2 Korleis forstå klimakrisa	30
3.3 Politiske parti som organisasjonar	31
3.4 Instrumentelt perspektiv i organisasjonsteorien	31
3.5 Institusjonelt perspektiv i organisasjonsteorien	32
3.6 Legitimitet frå ulike perspektiv	34
3.7 Institusjonelle logikkar	36
3.8 Organisatoriske kommunikasjonsstudier	38
3.9 Fairclough og diskurs	39
3.10 Kritisk diskursanalyse	40
3.11 Modalitet som tekstanalytisk verktøy	41
3.12 Organisasjonsteoretiske logikkar med modalitet som inngang	42
4.0 Forskingsdesign	45
4.1 Innleiing	45
4.2 Metodologi	48
4.2.1 Kritisk realisme og ideografisk forklaringsstrategi	48
4.3 Caseutveljing	50
4.3.1 Enkelt-case design: Brenn det kring norsk oljepolitikk?	50
4.3.2 Strategisk utval: fange bredda av norsk oljepolitikk	52
4.3.3 Confirmationbias i enkelt-case studier	54
4.4 Datainnsamling og -analyse	55
4.4.1 Utval av tekst- og talehandlingar	55
4.4.2 Dataanalyse: fanging av institusjonelle logikkar	57
5.0 Instrumentell hierarkisk, -forhandlings-, og institusjonell kultur- og -mytemodalitet	59
5.1 Innleiing	59

5.2 Instrumentell hierarkisk modalitet	60
5.2.1 <i>Toppstyring, verktøy og rasjonelle handlingar</i>	60
5.3 Instrumentell forhandlingsmodalitet	68
5.3.1 <i>Kompromiss, fleire omsyn og tilstrekkeleg godt resultat</i>	68
5.4 Institusjonell kulturmodalitet	74
5.4.1 <i>Det passande, kjensler og tradisjon</i>	74
5.5 Institusjonell mytemodalitet	81
5.5.1 <i>Omgjevnader, rettferd og laus kopling</i>	81
5.6 Legitimeringsmodalitet, rolle og identitet	90
6.0 Modalitet, logikk og norsk klima- og oljepolitikk	92
6.1 Modalitetar verkar saman	92
6.1 Næringa, oljearbeidaren eller felles front?	94
6.2 Internasjonal rettferd, nasjonal velferd eller gjensidig kansellering?	97
6.3 Hierarkisk effekt eller rasjonalisert fråkopling?	99
6.4 Frå modalitet til logikk?	101
6.4.1 <i>Instrumentell og institusjonell legitimitet</i>	103
6.4.2 <i>Kompleks røynd, treng kompleks teori</i>	106
6.5 Legitimering av norsk klima- og oljepolitikk etter AR6	108
6.5.1 <i>Status quo: Samarbeidskultur, men høg temperatur</i>	108
6.5.2 <i>Gjenstridigheit, stivhengigheit og avgrensa rasjonalitet</i>	111
6.5.3 <i>Kritikkverdig?</i>	114
7.0 Konklusjonar og vidare forskning	117
7.1 Legitimeringsmodalitet kring norsk oljepolitikk	117
7.2 Framtidig forskning	121
7.3 “Tidsspørsmål før vi må innse at vi ikke når målene”	123
8.0 Litteratur	124

Oversikt over forkortingar

AR6: Den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel

IPCC: FN sitt klimapanel

KDA: Dialektisk-relasjonell kritisk-dialektisk diskursanalyse

Oversikt over figurar

Tabell 1.0: Oversikt over konstruerte logikkar og tilhøyrande modalitetar

Tabell 2.0: Instrumentell hierarkisk modalitet

Tabell 3.0: Instrumentell forhandlingsmodalitet

Tabell 4.0: Institusjonell kulturmodalitet

Tabell 5.0: Institusjonell mytemodalitet

Matrise 1.0: Illustrasjon over samspel mellom to modalitetar

Matrise 2.0: Illustrasjon over samspel mellom tre modalitetar

Matrise 3.0: Illustrasjon over samspel mellom fire modalitetar

Oversikt over vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over datamateriale

Vedlegg 2A: Illustrasjon arbeidsmetoder del 1

Vedlegg 2B: Illustrasjon arbeidsmetoder del 2

Vedlegg 2C: Illustrasjon arbeidsmetoder del 3

Vedlegg 3A: Ikkje-omtale av AR6- rapportane frå partia

Vedlegg 3B: Ikkje-omtale av partileiarar kring lanseringsdato av AR6-rapportane

*“But, as today’s report makes clear
there is no time for delay*

and no room for excuses.”

António Guterres

1.0 Norsk oljepolitikk post “kode raud for menneskeheita”

I meir enn 30 år har det internasjonale klimapanelet til FN åtvare med stadig større sikkerleik og dramatikkk korleis menneskeskapte klimaendringar vil føre til katastrofale konsekvensar (IPCC, 2023a). Formidlinga kring klimaendringane møter likevel store kommunikasjonsutfordringar (Fløttum og Espeland, 2014, s. 2). Den sjette hovudrapporten til klimapanelet vart lansert under seinsommaren 2021. Samtidig fekk Europa ei sterk kjensle av klimaendringane tett på kroppen. Dramatiske bilete og avisoverskrifter kring ekstreme brannar og flaumar i land som Tyskland, Nederland og Belgia prega nyheitsbilete saman med deira dødsbodskap (Aftenposten, 2022).

“Today’s IPCC Working Group I Report is a code red for humanity. The alarm bells are deafening, and the evidence is irrefutable: greenhouse gas emissions from fossil fuel burning (...) are choking our planet and putting billions of people at immediate risk.”

Generalsekretær i FN, António Guterres (2021).

“Kode raud for menneskeheita” blei no slått opp over uttallege avisoverskrifter over heile verda (Skjetne m.fl., 2021; Brustad, 2021; McGrath, 2021; The Guardian, 2021; Valo, 2021). No var tida ute. Sju år var alt som stod mellom menneskeheita og irreversible livsfarlege klimaendringar (IPCC, 2021). Generalsekretæren til FN slo fast at fossil energi måtte stoppast før det fekk øydelegge planeten (Guterres, 2021). Denne klimakommunikasjonen sette omfattande press på legitimiteten til fossil energi, og særleg oljeverksemda.

Dette studiet stil difor følgjande problemstilling:

Korleis legitimerer oljenasjonar sin oljepolitikk i møte med aukande tilspissing i klimavitskap og klimakrise?

Olje er Noreg si fremste eksportvare, og kjelde til norsk rikdom og velferdsamfunn. Samtidig har Noreg ved fleire høve også vore ein internasjonal pådrivar for klimatiltak, noko som har medført at norske politikarar ved fleire høve har blitt kritisert for dobbeltmoral (Amundsen m.fl., 2022). Med lanseringa av AR6 og omstenda kring, har no situasjonen tilspissa seg ytterlegare. Aldri har konsekvensane av å ikkje nå klimamåla vore større. Omstenda sette

klima først inn på dagsorden i den norske valkampen (Aftenposten, 2021a). Legitimitet stod på spel (IPCC, 2021). Kva gjer norske politiske parti for å handtere legitimeringspresset?

I møte med klimakrisa må ein gjennom ein tolkingsprosess for å vurdere kva klimaendringane betyr og kva vi skal gjere i møte med dei (Hulme, 2009, s. 28; Fløttum og Espeland, 2014, s. 2). Ulike perspektiv kring klimaendringane heng saman med ulike logikkar kring korleis verda heng saman, og dette er også ei årsak til kvifor klimakunnskap har blitt nytta på vidt forskjellige vis av ulike politiske aktørar (March og Olsen, 1989; Thornton m.fl., 2012; Dewulf, 2022). Spørsmålet er følgjeleg kva tankar Oljenasjonen Noreg med sine politiske parti gjer seg kring dette dilemmaet, og korleis partia skapar legitimitet kring eigen politikk og logikk.

For å vurdere dette vil eg her konstruere eigne logikkar med utgangspunkt i organisasjonsteoretiske perspektiv. Det vurderast følgjeleg her som viktig korleis politiske parti også er organisasjonar, og at desse konstruerte logikkane kan fortelje oss noko om korleis desse politiske organisasjonane til saman skapar legitim norsk oljepolitikk i eit kritisk møte med AR6. Vidare leggjast det også til grunn korleis legitimitet i stor grad blir skapt fordi politiske leiarar nyttar ord og uttrykk veljarane kan forstå, akseptere og relatere til (Lægreid, 2020). Dette seier noko om korleis logikkar må formidlast i det offentlege rom for å skape legitimitet.

Vi vil difor her søkje å fange dei organisasjonsorienterte logikkane ved å låne modalitetsomgrepet frå diskursteorien, eit omgrep som fortel om korleis ei ytring legg fram sin bodskap på (Reay og Jones, 2016; Fairclough, 2010). På denne måten leggjast det her til grunn at vi kan kome eit steg nærare å fange logikken bak det norske politiske oljefeltet som heilskap ved å følgjeleg sjå nærare på legitimeringsargumentasjonen ut mot veljarane.

Forskingsspørsmåla til studiet er:

I: Korleis søker Noreg å legitimeringsargumentere for eigen oljepolitikk i møte med den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel?

II: I kva grad kan ein kaste lys over legitimeringsargumentasjon kring oljepolitikk hjå norske politiske parti i møte med AR6 ved å nytte omgrepa instrumentell hierarkisk-, instrumentell forhandlings-, institusjonell kultur- og institusjonell mytelogikk og modalitet?

2.0 Olje og klima- hand i hand?

2.1 Oljefunn i 1969 og framveksten av miljørørsla og ideen kring klimaendringar

Det norske oljeeventyret starta for alvor med funnet av Ekofisk-feltet i 1969. Over 50 år seinare er næringa Noreg si viktigaste, både når det gjeld investeringar, inntekter til statskassa og del av total verdiskaping (Regjeringen, 2021a). På same tid som olja blei oppdaga utanfor norskekysten, byrja miljørørsla og bekymringane kring menneskeskapte klimaendringar å reise seg i Noreg (Bjørneset, 2020).

Allereie i opplysingstida var forskarar klar over korleis menneskelege handlingar kunne endre klimaet. Naturlege klimasvingingar vart undersøkt og dokumentert i aukande grad utover på 1800-talet, men klima vart likevel lenge vurdert som noko statisk (Hulme, 2009, s. 68). Det var først frå 1950-åra at klimaendringane byrja å bli vurdert som noko farleg av klimavitskapen, men det tok tid før dette medvitte vart internasjonal kunnskap (Hulme, 2009, s. 191). Hulme (2009) hevda fofestinga av ideen og diskursen kring menneskeskapte klimaendringar verken skjedde brått, ei heller dreven av berre vitskap. Den miljømessige oppvakninga starta i USA med boka *Silent Spring* av Rachel Carson på 1960-talet. Boka vart etterfulgt av ei rekkje hendingar, rapportar og konferansar som traff bølga av intellektuelle tankar som prega dette tiåret (Hulme, 2009). Med dette var miljørørsla fødd, og den reiste til Noreg kring oppstarten av påfølgjande tiår (Bjørneset, 2020; Vik og Nordvåg (2021)).

Sommaren 1970 vart verda si første ikkje-valdelege aksjon for miljøvern arrangert i Mardøla i Møre og Romsdal. Dette blei inspirasjonen til berømte Alta-aksjonen. Alta-konflikten skulle vere ein oppbyggjande konflikt som pågjekk gjennom heile 1970-talet med endeleg avslutting kring eit tiår etter (Bjørneset, 2020; Vik og Nordvåg (2021)). I 1970 vedtok også Stortinget *Dei ti oljebod*, som mellom anna inkluderte tilvisingar til miljøomsyn. Det var derimot først i 1974 det vart retta miljøkritikk og innvendingar mot norsk oljepolitikk i den politiske diskusjonen (Andersen, 2017).

På 1970-talet vart norsk oljesokkel gradvis opna og utvida, og det vart etablert infrastruktur som fleire felt etterkvart knytta seg til. Dette førte til vidare utviding av oljeproduksjonen der startfasen var stort sett dominert av utanlandske selskap. Etter kvart auka også det norske engasjementet gjennom opprettinga av Norsk Hydro og Saga Petroleum. I 1972 oppretta

Stortinget *Statoil* med staten som eieeigar, og med dette kom også prinsippet om 50 prosent statleg deltaking i kvart utvinningsløyve. I 1979 vart leiteverksemda nok ein gong utvida, med opning for petroleumsverksemd også nord for 62. breiddegrad (Regjeringa, 2021a).

I 1972 vart rapporten *Limits to Growth* lansert. Rapporten diskuterte grensene for menneskeleg vekst. Det same året arrangerte FN sin første klimakonferanse, *Stockholmkonferansen*, som også var den første store internasjonale konferansen om miljøutfordringar (FN, 2023). Konferansen og rapporten var sentral i å etablere eit meir generelt medvit kring dei potensielle menneskelege verknadane på verdas miljø og klima (Hulme, 2009). Konferansen resulterte i opprettinga av miljøprogrammet til FN (UNEP), som skulle arbeide med å skape samarbeid kring bevaring av miljøet både mellom FN sine medlemsland, og mellom sivilsamfunn, organisasjonar, næringslivet og andre aktørar (FN, 2023).

2.2 Miljø møter norsk oljeverksemd

Heime var også Noreg pionerar dette året. *Miljøverndepartementet*, noverande klima- og miljødepartement, vart oppretta som verda sitt første departement med eit heilskapleg miljøansvar. Målet var å arbeide for ei best mogleg balanse mellom utnytting av Noreg sine ressursar for økonomisk vekst, og vern av naturressursane til det beste for menneskeleg trivsel og helse. Opprettinga av eit nytt departement medførte følgjeleg også den første, profilerte miljøvernministeren: Gro Harlem Brundtland (1974-79) frå Arbeiderpartiet (Trædal, 2018).

Gjennom 1970-talet var det fleire konfliktrar mellom miljøvernarar og regjeringane frå både høgre- og venstreside. Då hovudrørleidninga på oljeplattformen “Bravo” eksploderte i april 1977 resulterte det i ei veker langt oljesøl (Anker, 2018), noko som skapte enormt nasjonalt og internasjonalt mediesøkjelys på både miljøvernministeren og norsk oljepolitikk (Trædal, 2018). Miljøaspektet fanga størst merksemd (Gjerde, 2023).

Same år viste meiningsmålingar at nesten to tredjedelar av den norske befolkinga ville støtte stopp i velstandsveksten. Dette til fordel for “ei rettferdig global fordeling, under føresetnad av ein meir rettferdig fordeling av inntektene i dei respektive landa”. Nesten alle partia på Stortinget bekrefta tilsvarande grunntanke før valet i 1977 i ei spørjeundersøking frå

Framtiden i våre hender. Framstegspartiet ynskja derimot ikkje å svare på undersøkinga (Dammann, 2014). Året etter vart Olje- og energidepartementet oppretta (Regjeringa, 2009).

På 1980-talet hadde den dominerande vitenskaplege oppfatninga kring framtidig global oppvarming tydeleg etablert seg, og bekymringa for miljøet var stor. Hol i ozonlaget, luftforureining, alge- og selinvasjon langs norskekysten, skogsdød og Tsjernobyl prega dei norske bekymringane (Aftenposten, 2020). Omlag samtidig som oppdaginga av holet i ozonlaget vart petroleumsvirksemda omorganisert. Det vart oppretta ein ordning der staten eigde delar av ei rekkje olje- og gassfelt, røyrleidningar og ladeanlegg. Denne ordninga vart kalla SDØE. Som ein av fleire eigarar, dekkjer staten sin del av investeringar og kostnader, og fekk ein tilsvarande del av inntektene frå utvinningsløyvet, medan Statoil tok hand om dei forretningsmessige sidene på vegna av Staten (Regjeringa, 2021a).

2.3 Berekraftig utvikling, internasjonal framvekst og feilslåtte klimamål

I 1987 vart rapporten *Vår felles framtid* utgitt av Brundtlandkommisjonen på oppdrag frå FN og leia av nettopp Noreg eigen statsminister, Gro Harlem Brundtland. Kommisjonen introduserte det berømte omgrepet *berekraftig utvikling* (FN, 2022). Brundtland II-regjeringa sette same år i gong arbeidet med ei stortingsmelding om korleis Noreg skulle følgje opp rapporten. Dette blei også første gong CO₂-utslepp blei sett på politisk dagsorden i Noreg (Berg, 2016). Dette året slo også «jappekrisa» med omfattande bank- og bustadmarknadskollaps inn, noko som medførte at miljøbekymringa som hadde prega starten av tiåret fell drastisk (Aftenposten, 2020).

I 1988 vart FN sitt klimapanel (IPCC) oppretta av UNEP og *World Meteorological Organization*. Panelet skulle bestå av hundrevis av leiande ekspertar frå heile verda som skulle vurdere publisert vitenskapleg klimalitteratur. Føremålet var å gje vitenskapleg informasjon til myndigheiter med mål om å utvikle klimapolicy. Rapportane lukkast med dette, og har sidan blitt rekna for å vere det viktigaste vitenskaplege faggrunnlaget for utforminga av internasjonal klimapolitikk (Miljødirektoratet, 2023). I 1989 kom stortingsmeldinga *Miljø og utvikling* frå Brundtland-regjeringa. Stortinget vedtok at CO₂-utsleppa skulle stabiliserast på 1989-nivå innan år 2000. Dette gjorde Noreg til pioner i høve klimamål (Berg, 2016)

I 1990 vart første delrapport frå FN sitt klimapanel lansert. Den understreka viktigheita av klimaendring som ei global utfordring som såleis krevde internasjonalt samarbeid. Rapporten skulle spele ei heilt sentral rolle inn i klimakonvensjonen to år seinare (Berg, 2016). Same år vart også *Statens pensjonsfond utland* (SPU), populært kalla oljefondet, etablert. Målet til oljefondet var å sikre langsiktige omsyn når staten nytta sine petroleumsinntekter. Året etter opprettinga av oljefondet innførte Noreg ei CO₂-avgift som skulle dekkje 60 prosent av dei norske klimagassutsleppa (Berg, 2016)

Trenden med fallande miljøbekymring frå jappekrisa fulgte gjennom 1990-talet (Aftenposten, 2020). I 1992 arrangerte FN sin andre store klimakonferanse i Rio de Janeiro, kor klimakonvensjonen vart vedteke (FN, 2022). Målet med konvensjonen var å avgrense alle land sine utslepp av farlege klimagassar, og såleis stabilisere klimagassutsleppa på eit nivå som skulle avgrense farlege menneskeskapte klimaendringar. Konvensjonen sette ingen avgrensingar for landa sine utslepp, men opna for vidare forhandlingar med meir forpliktande avtalar. Konvensjonen var med dette startskotet på dei internasjonale klimaforhandlingane (FN, 2022; Berg, 2016). Same året slo også regjeringa saman olje- og energidepartementet med næringsdepartementet (Regjeringen, 2009).

2.4 Strategi for olje og gass og eit klimavennleg Noreg

I 1997 vart Olje- og energidepartementet igjen oppretta (Regjeringen, 2009). Same året trådde petroleumslova også i kraft. Lova sleg fast at den norske stat både har eiendomsrett til norske petroleumsførekomstar, og dessutan eksklusiv rett til korleis desse skal forvaltast. Med eit langsiktig perspektiv skulle forvaltninga utførast til fordel for heile det norske samfunnet. Den skulle gje inntekter til landet og såleis bidrege til å sikre velferd, sysselsetting og eit betre miljø. Olja skulle bidrege til ei styrking av det norsk næringslivet og den industrielle utviklinga, samtidig som ein også skulle teke omsyn til både distrikspolitiske interesser og anna verksemd (Petroleumslova, 1997).

I år 2000 vart tusenårsmåla vedteke på eit toppmøte i FN. Desse inkluderte målsettingar om ei berekraftig utnytting av naturressursar. Dette året kom også den tredje hovudrapporten frå klimapanelet. Rapporten fokuserte på verknaden av klimaendringane og behovet for tilpassing (IPCC, 2023). Ved tusenårsskiftet stilte også Bondevik I-regjeringa kabinettsspørsmål kring gasskraft og må gå av. Regjeringa ville ikkje vil gje utsleppsløyve til gasskraftverk utan

CO2-rensing, men forslaget vart stemt ned av Arbeidarpartiet og Høgre (Berg, 2016). Dette medførte at Stoltenberg I-regjeringa la fram deira Klimamelding same år. Her vart eit nasjonalt kvotesystem for klimagassar foreslått samtidig som ein la opp til aktiv nytting av dei fleksible mekanismane frå Kyotoprotokollen. Kostnadseffektivitet stod sentralt, og meldinga meinte det var heile tre gongar billigare for Noreg å kutte utslepp i utlandet enn heime (St.meld.nr. 56, 2000-01). Året etter i 2003, vart Statoil børsnotert og privatisert som følge av vedtak i Stortinget. Dei operte då på lik linje som einkvar annan aktør på norsk kontinentalsokkel. Statsselskapet Petoro vart oppretta i mai 2001 for å ivareteke SDØE på vegne av staten (Berg, 2016).

I 2001 vart også strategien “Olje og gass i det 21. århundret” (OG21) etablert på initiativ av Olje- og energidepartementet. Arbeidet er organisert gjennom eit styre oppnemnt av olje- og energiministeren og reviderast kvart femte år. Mandatet til styret er å sikre effektiv, sikker og miljøvennleg verdiskaping, kompetanse og industri i verdsklasse samt ha fokus på oljeverksemda sitt bidrag inn i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. OG21 skal bidrege til auke av verdiskaping på norsk sokkel, auka eksport av norsk olje- og gassteknologi samt å styrke norsk konkurransevne gjennom å utvikle og nytte teknologi. Ein skal arbeide for maksimal ressursutnytting og minimal miljøpåverknad (Regjeringen, 2021b; OG21, 2023).

Trenden med fallande miljøbekymring frå slutten av 1980-talet snudde i 2003, og auka derifrå og utover 2000-talet (Aftenposten, 2020). I 2005 inngjekk den raudgrøne og Arbeiderpartileia Stoltenberg II-regjeringa ein samarbeidsavtale, den såkalla Soria-Moria erklæringa. Her påla ein alle framtidige gasskraftverk å basere seg på CO2-rensing (Regjeringen, 2005). Rapporten “Eit klimavennleg Noreg” blei lagt fram året etter. Lågutsleppsutvalet hadde her utreia korleis Noreg kunne kutte sine utslepp med 50-80 prosent (NOU, 2006). I 2006 vedtok også Stoltenberg II-regjeringa å halde havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja stengt for oljeboring i stortingsperioden (Berg, 2016). Same år vart også OG21 oppdatert for første gong (OG, 2023).

I 2007 fusjonerte Statoil med olje- og gassverksemda til Norsk Hydro, og Stoltenberg II-regjeringa tok fleire klimaskritt. Dei la først fram stortingsmeldinga «Norsk klimapolitikk». Her var hovudmålet eit klimanøytralt Noreg i 2050. Dette inkluderte ei forplikting fram mot 2020 der ein skulle kutte dei globale klimagassutsleppa til tilsvarande 30 prosent av Noreg

sine utslepp i 1990. Ein skulle også skjerpe Kyoto-forpliktinga frå ti prosentpoeng til ni prosent under 1990-nivå (St. meld. 34, 2007). På klimatoppmøtet i Bali annonserte Stoltenberg dette året også den norske regnskogssatsinga, og heime vart den berømte «månelandinga» lansert. Månelandinga var eit samarbeid mellom staten og Statoil om å etablere fullskala CO₂-rensingsanlegg på gasskraftverket på Mongstad. Denne skulle stå ferdig i 2014 (Berg, 2016).

2.5 Uoppnådde klimamål og fleksible mekanismar

I 1992 tilføyde Stortinget paragraf 112 til Grunnlova. Paragrafen slo fast at einkvar har rett til eit miljø som sikrar helsa, og ein natur der produksjonsevne og mangfald bevarast. Tillegget sa også at naturen sine ressursar blir disponert utifrå ei langsiktig og allsidig vurdering som ivaretek denne retten også for framtidige generasjonar. Det blir vidare slått fast at norske borgarar har rett til kunnskap om naturmiljøet sin tilstand samt om verknadane av planlagte og iverksatte inngrep i naturen, på ein slik måte at dei kan ivareteke eigen rett etter paragrafen. Lova slår avslutningsvis fast at det er opp til staten sine myndigheiter å iverksette tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane (Grunnloven, 1992, §112)

I 1994 opna dåverande nærings- og energiminister Jens Stoltenberg opp for oljeboring i store delar av gyteområdet utanfor Lofoten. I konsesjonsrunda dette året fekk Statoil og Hydro to leiteløyver i området (Berg, 2016). Same år trådte EØS-avtalen i kraft der store delar av EU sitt miljøreglement vart teken inn i norsk lovverk. Det formodast at kring 80 prosent av det norske regelverket på klima- og miljø er basert på desse EU-regelverka som er innlemma i EØS-avtalen (Regjeringa, 2021a). Den andre hovudrapporten til klimapanelet kom i 1995, og ga viktig materiale som myndigheitene kunne basere seg på inn mot Kyoto-protokollen i 1997. I 1995 heldt også FN sitt første årsmøte for partane i klimakonvensjonen, kalla for COP1 (FN, 2022). Heime i Noreg lanserte Brundtland III-regjeringa dette året Noreg si første klimamelding. I denne stadfesta regjeringa aukinga at ein ikkje nådde målet om å stabilisere norske utslepp innan år 2000. Årsaka var utslepp frå oljeutvinninga (St.meld. 41, 1994-95; Berg, 2016).

På COP3 i 1997 år vart så Koyotoprotokollen vedteke. Her vart det sett bindande utsleppsavgrensingar for dei rikaste landa i verda, inkludert Noreg. USA trakk seg seinare ut av avtalen (FN, 2022). Desse landa skulle til saman kutte fem prosent av eigne

klimagassutslepp. Første pliktperioden var frå 2008 til 2012. Med dette blei Noreg pålagt å ikkje auke sine klimagassutslepp med meir enn ett prosent frå 1990-nivå. Noreg og Bondevik I-regjeringa foreslo fleksible mekanismar i protokollen, og fekk gjennomslag. Gjennomslaget gjorde det mogleg for avtalelanda å møte sine skyldnader ved å bidrege til utsleppskutt i andre land (Berg, 2016).

2.6 Parisavtalen og norsk klimalov

I 2015 vart ikkje minst Parisavtalen vedteke. For første gong i historia fekk verda ein global klimaavtale der alle land måtte setje seg klimamål og melde desse inn i forkant. Avtalen sikra også at måla må aukast kvart femte år. Parisavtalen vedtok å avgrense verda sine utslepp til to grader over før-industrielt nivå samt med ynskje om å avgrense til 1,5 grader. Ein skulle også sikre økonomiske overføringar som var i tråd med ei slik utvikling (Arnslett, 2015). Dette året la også mindretalsregjeringa Solberg med Høgre og Framstegspartiet fram si klimamelding. Denne legg opp til ei målsetjing på 40 prosent utsleppskutt (St. meld. nr 13, 2014-2015). Meldinga representerte eit linjeskifte i norsk klimapolitikk der Stortinget ikkje lenger fastset separate utsleppskutt innanlands i Noreg, men der utsleppskutta derimot skal takast under EU sitt klimarammeverk (Berg, 2016).

I 2016 vart OG21 oppdatert for tredje gong (OG21, 2023). Dette året vart også Parisavtalen ratifisert i Noreg, og Noreg vart med dette blant dei første landa som formelt slutta seg til avtalen. Stortinget blei i denne samanhengen samde om fem prioriterte innsatsområder i klimapolitikken, følgeleg å redusere utsleppa i transportsektoren og utvikle lågutslepps- og produksjonsteknologi i industrien. Vidare ville Stortinget satse på miljøvennleg skipsfart, CO₂-handtering samt styrke Noreg si rolle som leverandør av fornybar energi (Prop. 115S (2015-2016)).

Solberg-II regjeringa la i 2017 fram sin klimamelding “Klimastrategi for 2030 - Norsk omstilling i europeisk sammenheng”. Strategien omhandla korleis Noreg kunne oppfylle utsleppsbudsjettet frå EU for 2021-2030. I behandlinga av Klimamemeldinga vedtok Stortinget at regjeringa skulle leggje fram sektorvise ambisjonar for kutt i klimagassutsleppa i ikkje-kvotepiktig sektor. Noreg hadde då offisielt starta samarbeidet med EU om å redusere utsleppa i kvotepiktig sektor (St. meld. nr 41, 2016-17).

Same året vart også klima- og miljølova vedteke, og denne trådde i kraft året etter. Målet til klimalova er at klimagassutsleppa fram mot 2030 skal reduserast med minst 50 og opp mot 55 prosent i høve 1990. I tillegg skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 der klimagassane er redusert 90 til 95 prosent frå lågutsleppsnivået i 1990. Det skal takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimavotesystemet under vurdering av måloppnåing. Frå 2020 og kvart femte år, skal regjeringa leggje fram oppdaterte og progressive klimamål for Stortinget i tråd med målsettinga. Desse skal legge til grunn beste vitenskaplege grunnlag og så langt som mogleg vere tallfesta og målbare (Klimalova, 2018). Kvart år skal også klimaeffektane av statsbudsjett samt Noreg si utvikling og framskrivning av utslepp presenterast. Regjeringa skal her vise korleis Noreg skal tilpasse og forberede seg på klimaendringane samt vise status for karbonbudsjettet (Klimalova, 2018).

2.7 Konfliktar, koronapandemien og planar fram mot 2030

I 2018 endra Statoil namn til Equinor (Equinor, 2023). Dette året vart også Noreg, Island og EU samde om ein avtale kring felles oppfyljing av utsleppsmåla for 2030. I dette låg ei 2030-forplikting for Noreg om utsleppskutt som ikkje er dekkja av kvotehandelssystemet (Regjeringa, 2018). 12. mars 2020 starta så dei historiske korona-nedstengingane (NRK, 2020a). Pandemien medførte store statlege kompensasjonar til bedrifter, inkludert den såkalla oljeskattepakka (Stortinget, 2020). Denne vart førespurt av næringa etter deira bekymring for sektoren. I etterkant har Solberg kalla pakka unødvendig grunna dei høge oljeprisane som oppstod. Den tidlegare statsministeren peika på tøff lobbyverksemd og stor usikkerleik som bidragsyter til vedtakinga (E24, 2022). Like før sommaren same år vedtok Stortinget også å flytte iskanten sørover saman ei oppdatering av avgjerslegrunnlaget innan fire år. Vedtaket opna for å flytte iskanten lenger nord ved neste høve grunna potensielt mindre is i området (NRK, 2020b). Ved starten av 2021, la Solberg III-regjeringa fram si klimamelding, “Klimaplan for 2021-2030” (Meld.st. nr. 13, 2020-21). Regjeringa kalla denne sjølv for eit taktskifte i norsk politikk ettersom meldinga viste korleis Noreg skulle kutte og omstille ikkje-kvotepliktig sektor (Sørenes og Aas, 2021).

I mai 2021 slapp dei som ofte blir kalla for “olje sine vener”, Det Internasjonale Energibyrådet (IEA), ein plan for korleis energisektoren skal nå netto nullutslepp i 2050. IEA har analysert kva som i praksis skal til for å nå Parisavtalen sitt mål om å avgrense global oppvarming til 1,5 grader. For å kunne få til dette, peiker dei på korleis utsleppa må falle raskt allereie mot

2040 og følgjeleg også olje-, kull- og gassforbruket. Difor godkjenner dei ingen nye olje- og gassfelt, ei heller fleire kullgruver eller gruveutvidingar. Dei nyttar seg her i liten grad av karbonfangst og -lagring (Norum m.fl., 2021).

Like etter IEA sin rapport presenterte regjeringa perspektivmeldinga. Regjeringa hevda her at trass nye olje- og gassfunn, vil den norske produksjonen falle med 65 prosent. Dette meinte dei var i tråd med 1,5 graders målet, og følgjeleg la regjeringa til grunn at norsk oljeleting er tråd med Parisavtalen (Meld.st. nr. 14, 2020-21). Ein av forfattarane bak spesialrapporten til FN (2018) meinte konklusjonen til perspektivmeldinga og nytting av FN-rapporten til dette føremålet var naivt, kynisk eller begge deler (Solvang, 2020).

2.8 Den sjette hovudrapporten frå FN sitt klimapanel

Berre eit par månadar seinare vart den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel (heretter: AR6) lansert. Den første delrapporten omhandla fysiske klimaendringar og vart publisert 9. august 2021. I følgje rapporten er det utvetydig korleis menneskeleg påverknad har varma opp atmosfæren, havet og land, til dels raskt og omfattande. Tilstanden og skalaen på nylege endringar av klimaet er eineståande over mange århundrer til mange tusener av år. Menneskeskapte klimaendringar har starta og oppvarminga vil nå 1,5 og 2 grader i løpet av 2100-talet dersom vi ikkje gjennomfører djupe kutt i klimagassutslepp dei komande tiåra, sleg klimapanelet fast. Auka global oppvarming vil auke frekvens og intensitet av ekstreme varmebølger, kraftig nedbør, tørke, tropiske syklonar og føre til reduksjon i arktisk is, snø og permafrost. Mange endringar er allereie irreversible for århundrer til -tusentar. Utfall som isdekkekollaps, brå havsirkulasjonsendringar, samansette og ekstreme hendingar samt vesentleg høgare oppvarming enn det som er anslått, kan heller ikkje utelukkast. Delrapporten sleg fast korleis ein må avgrense veksande CO₂-utslepp, nå minimum netto null CO₂-utslepp og sterkt redusere utslepp av også andre klimagassar (IPCC, 2021).

Den andre delrapporten vart lansert 28. februar 2022, og omhandla verknadar, tilpassingar og sårleik for klimaendringane. I følgje rapporten har menneskeskapte klimaendringar medført omfattande skadar og tap av både natur og menneske. Dei mest sårbare systema og menneska er uføreholdsmessig påverka, sleg panelet fast. Auking av ekstremvær og -klima har pressa både naturlege og menneskelege system forbi deira tilpassingsevne og ført til irreversible verknadar. Omtrent 3,3 til 3,6 milliardar menneske lever i områder som er svært sårbare for

klimaendringane. Handlingar på kort sikt som vil avgrense global oppvarming til nær 1,5 grader vil vesentleg redusere anslåtte tap og skadar, men heller ikkje eliminere alle. Dess høgare den globale oppvarminga blir, dess vanskelegare og meir kompleks blir både risiko og konsekvensar av klimaendringane, blir slått fast av FN sitt klimapanel (IPCC, 2022a).

Den siste delrapporten kom 4. april 2022. Rapporten handla om utsleppsreduksjon, opptak og verkemiddel mot klimaendringane, og slo fast korleis netto menneskeskapte klimagassutslepp hadde auka i alle større sektorar globalt sidan 2010. Med dei annonserte nasjonale bidraga før klimatoppmøtet i 2024, vil global oppvarming sannsynlegvis overstige 1,5 grader i løpet av dette århundret. Ein er avhengig av ein rask akselerasjon av avbøtande tiltak etter 2030 for å kunne avgrense oppvarminga til under 2 grader, peiker rapporten på. Skal ein nå netto null innan 2050, trengs djupe utsleppsreduksjonar som inkluderer overgang til energikjelder med svært lågt eller null karbon. Det krevjast ei betydeleg reduksjon av den totale bruken av fossile brensel dersom ein skal kunne redusere klimagassutsleppa i heile energisektoren. Dersom ein held fram med installasjonar av uforminska infrastruktur for fossilt brensel vil ein "låse inne" klimagassutslepp, sleg klimapanelet fast. Dei peiker også på viktigheita av å byggje sosial tillit for å utdjupe og utvide støtta til transformative endringar (IPCC, 2022b).

Til slutt vart synteserapporten lansert 20. mars 2023, og oppsummerte og samanstilte hovudfunna i dei tre delrapportane. Ei av årsakene til menneskeskapte klimagassutslepp er ubærekraftig energibruk, sleg rapporten fast. Det blir ikkje gjennomført tilstrekkeleg nødvendig arbeid for å oppfylle klimamåla. Med aukande global oppvarming vil tilpassningsalternativ som er gjennomførbare og effektive i dag bli både avgrensa og mindre effektive. Det krevjer netto null CO₂-utslepp dersom ein skal avgrense menneskeskapt global oppvarming. Klimapanelet sleg fast at dersom ein skal avgrense global oppvarming til 1,5 eller 2 graders trengs rask, djup og umiddelbar utsleppsreduksjon i alle sektorar dette tiåret. Klimaendringane er eit trugsmål mot menneskeleg velvære og helsa til planeten, og det er eit raskt lukkande moglegheitsvindauge for å sikre ei leveleg og berekraftig framtid for alle, understreker rapporten. Vala og handlingane iverksett dette tiåret vil ha verknad no og i tusenvis av år framover (IPCC, 2023b).

2.9 Det norske politiske landskapet

Det norske folkestyret er eit representativt demokrati. Gjennom val utpeiker folket politikarar som deretter fattar vedtak på folket sine vegne (Stortinget, 2022a). Valordninga i Noreg er førehaldstallsval (Stortinget, 2022b). Dette medfører eit mangfaldig Storting som ved inngangen til valkampen i 2021, hadde ni politiske parti representert. Arbeidarpartiet var størst med 49 representantar, etterfulgt av Høgre med 45, Framstegspartiet med 27, Senterpartiet 19, SV 11, Krf 8, Venstre 8 samt Miljøpartiet og Rødt med 1 representant kvar. Regjeringa hadde mindretal på Stortinget og bestod av Høgre, Venstre og Krf med samarbeidspartnar Framstegspartiet. Etter valet i september same år, hadde Stortinget framleis ni parti, men også ein organisasjon representert ved Stortinget. Arbeidarpartiet hadde 48 representantar, Høgre 36, Senterpartiet 28, Frp 21, SV 13, Rødt 8, Venstre 8, Mdg 3, Krf 3 og organisasjonen Pasientfokus hadde 1 representant. Den nye mindretalsregjeringa bestod no av Arbeidarpartiet og Senterpartiet med SV som samarbeidspartnar (Stortinget, 2023). Dette tilseier såleis eit mangfaldig Storting med mindretalsregjeringar i perioden som er avhengige av eksternt samarbeid for å sikre fleirtal for sine politiske standpunkt.

2.9.1 Høgre: Føreseielege rammevilkår og strenge miljøkrav

Høgre vart stifta i 1884. Partiet er typisk vurdert som eit av dei to norske styringspartia og har tradisjonelt vore vurdert som eit næringsvennleg parti (Høgre, 2023a). “Vi trur på Noreg fordi vi trur på deg”. Slik lyder opninga av partiprogrammet til Høgre for perioden 2021-2025. Partiet skildrar ei tiltru til enkeltmenneske, fridom under ansvar og dette som bidragsyter til fellesskapen (Høyre, 2023b, s. 1). Høgre er oppteken av det dei omtalar som “ei berekraftig olje- og gassnæring” (Høyre, 2023a, s. 13). Petroleumsnæringa er Noreg si største og viktigaste næring, skriv partiet. Dei meiner oljenæringa må helde fram med å ha gode og føreseielege rammevilkår som bidreg til investeringar og vekst på norsk sokkel. Samtidig må også klimagassutsleppa frå norsk sokkel reduserast slik at vi når klimamåla. Partiet vil samarbeide med olje- og gassnæringa om å kutte utsleppa frå sokkelen med 50 prosent innan 2030 (Høgre, 2023a).

Høgre meiner Noreg ikkje skal sette sluttdato på norsk petroleumsnæring, men heller støtte næringa i det vidare arbeidet med leiting etter nye ressursar og det grøne skiftet. Partiet vil sikre petroleumsnæringa stabile og føreseielege rammevilkår som gir aktivitet i heile landet,

samt at petroleumsverksemd skal skje med strenge krav til miljø, sikkerheit og beredskap. Høgre vil også redusere utsleppa på norsk sokkel ved å legge til rette for vidare elektrifisering på same tid som ein tek omsyn til tiltakskostnadane og kraftsituasjonen på land. Dei vil vurdere skattetiltak og andre ordningar som kan bidrege til å auke konkurransen, og dermed gje ein høgare utnyttingsgrad for alle lønsame ressursar på felt i drift og på nærliggande marginale felt på norsk sokkel. Vidare vil Høgre auke utvinningsgraden ved å stille krav i nye konsesjonar om plan for lønsam og auka utvinning, og i samarbeid med oljenæringa vurdere endringar for å sikre auka lønsemd og effektivitet. Partiet vil også sørge for at norsk petroleumsindustri framleis skal vere verdsléiande på helse, miljø og sikkerheit samt sikre ein god oljevernberedskap i samarbeid med private aktørar. Dei vil også konsekvensutgreie olje- og gassverksemd i Lofoten, Vesterålen og Senja (Høgre, 2023b).

Under overskrifta “klimavennleg næringsliv og industri” peiker Høgre (2023b) på korleis dei meiner klimapolitikken må utformast i samarbeid med næringsliv og industri. Ein næringsvennleg klimapolitikk inneber at næringslivet blir stimulert til å velje klimavennlege løysingar ved at ein gjer det dyrt å forureine. Partiet peikar på korleis Noreg i dag har leiar miljø innanfor blant anna produksjon av reint hydrogen, fornybar energi, karbonfangst og lagring (CCS), skipsfart og grøne datasenter. Høgre vil vidare sikre at Noreg skal fortsette å vere ein leiar energinasjon som skaffar inntekter til fellesskapet og bidreg til nødvendig grøn omstilling (s. 45). Høgre vil prioritere jobbar først ettersom det er folk i jobb som skaper verdiane vi alle nyt godt av, sleg partiet fast. Velferdssamfunnet byggjer på skuldrane til norske arbeidstakarar og bedrifter. For å skape eit berekraftig velferdssamfunn vil Høgre leggje til rette for nye lønsame jobbar, teke omsyn til miljø og kutte i klimautsleppa. Det krev nytenking, utvikling og omstilling. Norsk arbeidsliv treng Høgre-politikk, sleg Høgre fast (Høyre, 2023b, s. 6)

2.9.2 Arbeidarpartiet: Fellesskap og klimanøytral oljeverksemd

Arbeidarpartiet blei stifta i 1887, og blir typisk kalla det andre styringspartiet i Noreg saman med Høgre. Tradisjonelt har Ap vore partiet for arbeidarar og fagrørsla (Arbeidarpartiet, 2023a; Bjørgum, 2008). I partiprogrammet til Ap for 2021-2025, sleg partiet fast korleis dei store oppgåvene løysast best saman. Ap (2023b) er oppteken av at vi skal “bidra til å redde verda frå klima- og naturkrisa på ein måte som reduserer forskjellane og skaper arbeidsplassar

i Noreg. (...) Vi treng eit nytt fleirtal som veit at klimakrisa ikkje kan løysast av kvar enkelt eller av marknaden åleine” (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 4). Ap er oppteken av at olje, gass og leverandørindustrien skal utviklast, ikkje avviklast. Dei presenterer eit forslag om ny petroleumsmelding der ein skal sikte på å sikre Noreg inntekter og arbeidsplassar frå norsk sokkel, sørge for lokale ringverknader frå desse prosjekta samt sørgje for netto nullutslepp herifrå. Vidare ynskjer partiet å redusere den finansielle risikoen og klimarisikoen for norsk økonomi, og bidrege til utvikling av ny energiindustri med null- eller lågutslepp. Ap (2023b) hevdar mange av klimaløysingane ligg i industrien, og peiker på at olje- og gassindustrien, maritim industri og leverandørindustrien no byggjer det neste energieventyret i Noreg (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 12).

Ap slår fast at olje- og gassindustrien har vore og er viktig for utviklinga av Noreg. Dei peiker difor på at dei vil utvikle denne vidare (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 15). Utsleppa skal halverast innan 2030 og skal ned til netto null i 2050 målt mot 2005. Det er nødvendig hevdar partiet, for å sikre framtidige jobbar og verdiskaping. Dei peikar vidare på at Arbeidarpartiet stiller opp for arbeidsfolk i olje- og gassnæringa. Partiet anerkjenner den viktige kompetansen arbeidsfolk i olje- og gassnæringa representerer. Det er desse fagfolka vi treng for å kunne lykkast med det grøne skiftet, sleg dei fast (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 15) Ap hevdar menneskeskapte klimaendringar og global oppvarming er det mest alvorlege trugsmålet mot livsgrunnlaget på jorda. Innan 2030 må verda halvere klimagassutsleppa, og i 2050 skal Noreg vere karbonnøytrale. “Vi må handle, og vi må handle no”, sleg partiet fast (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 80).

Arbeidarpartiet seier dei legg klimamåla til Noreg til grunn. Vi skal bidra til store utsleppskutt i andre land, samtidig som vi oppfyller våre eigne klimamål, seier dei. Vi skal sørge for framtidig verdiskaping og inntekter til fellesskapet. Vi skal utvikle eksisterande arbeidsplassar og skape nye, trygge jobbar, og vegen dit må vere rettferdig, inkluderande og forståeleg for alle som blir ramma. Partiet vil leggje grunnlaget for nye næringar som kan stå på skuldrene til Noreg si mest teknologisk avanserte og innovative næring i dag, nemleg oljebransjen (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 82). Noreg bør leie an i utviklinga av dei klimaløysingane verda treng, følgjeleg mellom anna karbonfangst og -lagring, hydrogen som energiberar, batteriteknologi, havvind og utsleppsfri skipsfart (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 83). Arbeidarpartiet hevdar dei er garantisten for ein rettferdig politikk der vi kuttar

klimagassutslepp og tek vare på naturmangfaldet, samtidig som vi utviklar nye, klimavenlege arbeidsplassar og verdslaiende industri (Arbeiderpartiet, 2023b, s. 83)

2.9.3 Framstegspartiet: Oljeeventyr i overskueleg framtid

Framstegspartiet blei stifta i 1973 under namnet “Anders Langes parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep”. Partiet sitt utgangspunkt var å vere ein protest mot staten, politikarar og monopolet si makt. I 2013 kom partiet i regjering for første gong saman med Høgre (Frp, 2023a). “En enklere hverdag for folk flest” er Framstegspartiet sitt slagord og dessutan overskrifta til første side av partiprogrammet deira for 2021-2025. “Frp vil ha lavere avgifter slik at du får beholde mer av dine egne penger”. Avgifter skal ikkje brukast for å finansiere symbolpolitikk for politikarar utan respekt for folk sine lommebøker, sleg partiet fast (Framstegspartiet, 2023b, s. 3).

Frp hevdar Noreg treng ein klimapolitikk som fungerer i staden for å ause ut pengar på symbolpolitikk som straffar folk i kvardagen. Det må lønne seg for folk og bedrifter å teke miljøvennlege val utan at det går utover verdiskapinga i Noreg (Framstegspartiet, 2023b, s. 3). Under energikapitlet skriv FrP at olje- og gassnæringa er Norge si desidert største og viktigaste industri og svært avgjerande for norsk økonomi og velstand. Næringa sikrar ei betydeleg sysselsetting med lønsame arbeidsplassar og verdiskapning i heile landet. Framstegspartiet vil legge vekt på å styrke grunnlaget for vidare kartlegging og leiting i olje- og gassektoren. I tillegg ynskjer dei å leggje til rette for auka satsing på forskning og utvikling i sektoren, “slik at oljeeventyret på norsk sokkel kan fortsette i overskuelig fremtid” (Framstegspartiet, 2023b, s. 66). Stadig fleire politikarar tek til orde for å stengje ned olje- og gassnæringa. Dette meiner Frp er kostbar symbolpolitikk som vil føre til meir klimagassutslepp i verda, ei rasing av arbeidsplassar i Noreg og mindre velferd for det norske folk. Dei understrekar at dette er farleg (Framstegspartiet, 2023b, s. 66).

FrP har også eit kapittel om klima. I ingressen til kapitlet skriv dei “jordens klima skifter over tid, og vi vet for lite om hva som påvirker disse endringene. Derfor er det viktig å legge et føre-var-prinsipp til grunn for klimapolitikken i stedet for å kanalisere all innsats i en bestemt retning” (Framstegspartiet, 2023b, s. 77). Partiet peiker på korleis dette betyr at det er fornuftig å prioritere tiltak som har ei tilleggseffekt utover å vere eit klimatiltak, og hevdar det forskast for lite på naturlege klimaprosessar. Frp vil stimulere til breiare forskning samt open og kritisk debatt kring årsakar til, og omfanget av, klimaendringar. Innan slike

samfunnsvergrípande problemstillingar er det viktig å sikre gode, langsiktige avgjersler som har støtte i befolkninga og som forvalter skattebetalarane sine pengar på ein optimal måte, sleg partiet fast (Framstegspartiet, 2023b, s. 77).

Problemstillinga som politikarar og forskarar frå FN sitt klimapanel retter merksemd mot, kan være alvorleg. Åtvaringane gir grunnlag for varsemd, meiner partiet. Samtidig kan det vere uheldig og uriktig å kople ein kvar flom, hete- eller kuldebølge, storm og andre værformer til påstanden om menneskeskapte klimaendringar. Partiet meiner den norske klima- og miljødebatten i altfor stor grad er prega av politiske symbol, manglande konsekvensvurderingar og for lita tru på marknaden. Resultatet av dette er at mange partier tyr til meningslause påbud, forbud og reguleringar som plagar folk i kvardagen og som hindrar vekst og verdiskaping i Noreg. Framstegspartiet hevdar dei er einaste alternativ til ein slik politikk. Dei vil føre ein føreseieleg og faktabasert klimapolitikk som bidreg til reduserte klimagassutslepp basert på kostnadar og effekt, og som bidreg til at det vil skapast nye jobbar, lønsame bedrifter og økonomisk vekst i Norge (Framstegspartiet, 2023b).

Noreg har heller ikkje nokon eiga atmosfære, er FrP oppteken av. Det betyr at klimapolitikken må forståast og førast på eit globalt plan. Det blir ikkje lågare globale CO₂-utslepp ved at norske industriarbeidsplassar flyttast til Kina, eller at olje- og gassproduksjonen i Noreg overtakast av sjeikane i Midtausten, understreker partiet. Det eneste ein oppnår ved en slik politikk, hevdar Frp, er karbonlekkasje ved at utsleppa flyttast til andre land og deretter tek med seg verdiskapinga, arbeidsplassane og velferda vår (Framstegspartiet, 2023b, s. 78) Framstegspartiet vil tvert imot føre ein klima- og miljøpolitikk som både kuttar utslepp, tek omsyn til norsk industri og aukar verdiskapinga i Noreg. Dette betyr at det må lønne seg for folk og bedrifter å gjere smarte og miljøvennlege val. Frp vil difor leggje til rette for teknologiutvikling og støtte til program for forskning og utvikling. “En slik politikk må basere seg på å utnytte våre fantastiske naturressurser”, seier partiet. Eksempel på dette er vidare satsing på norsk olje- og gassproduksjon, som er blant dei reinaste i verda målt i utslepp pr. produsert fat, sleg Framstegspartiet fast (Framstegspartiet, 2023b, s. 78).

2.9.4. Miljøpartiet Dei Grøne: Ut av oljealderen

Miljøpartiet dei Grøne vart stifta i 1988, og i 2013 fekk partiet sin første representant inn på Stortinget. Deira sjølvverklærte føremål er å stanse klima- og naturkrise (Mdg, 2023a). Mdg peikar i innleiinga til sitt partiprogram for 2021-2025 på korleis fridom, tryggleik og samhold i samfunnet blir truga av miljøødeleggingar, kortsiktig populisme og aukande ulikskapar. Motgifta hevdar dei, er grøn politikk og grønne politikarar som forstår at ei betre verd er mogleg. Målet er medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Det meiner partiet krevjer at vi vågar å tenkja nytt og tek fagkunnskap på alvor, samarbeidar på tvers av grenser og fører ein politikk for både menneske og miljø. Solidaritet er kjerna i Mdg sin politikk held partiet fram, og seier dei vil utvide solidariteten til å omfatte alle menneske, dyr, natur samt framtidige generasjonar (Miljøpartiet, 2023b, s. 5).

Mdg presenterer vidare ei rekkje hovudsatsingar. Ei av desse er “Klimahandling, no!”. Her seier partiet at Dei Grøne vil gjere Noreg til ein leiarstjerne i den internasjonale klimadugnaden og føre ein klimapolitikk som er i tråd med Parisavtalen, med mål om 95% kutt innan 2030. Ei anna hovudsatsing er “Ut av oljealderen”. I tråd vårt klimaansvar fortel partiet at dei ynskjer å gjennomføre ein planmessig, kontrollert omstilling vekk frå petroleumsverksemd innan 2035, samtidig som vi ivaretek sysselsettingm, bidreg til omskulering av oljearbeidarar samt skapar nye arbeidsplassar, i samråd med styresmakter, organisasjonar, arbeidstakarar og industri (Miljøpartiet, 2023b, s. 8)

Miljøpartiet skriv også om korleis Noreg skal gå “frå olje til grønne jobbar”. Partiet sleg fast at olje- og gassindustrien er Noreg sitt største bidrag til global oppvarming. Petroleumssektoren bremsar Noreg si grønne omstilling, både økonomisk, strukturelt og mentalt. Dei Grøne seier dei tek konsekvensane av at verda allereie har funne mykje meir olje og gass enn det klimaet toler. Dei går inn for det einaste dei meiner er forsvarleg dersom vi skal unngå global klimakollaps og beskytte norsk økonomi mot sviktande oljetterspurnad: å frigjere Noreg frå å vere avhengig av olja (Miljøpartiet, 2023b, s. 20). Det er alvorleg for Noreg si konkurransekraft og framtidige velferd at investeringane i olje- og gassindustrien framleis er mange gongar så store som i annan industri (Miljøpartiet, 2023b, s. 45). Partiet ynskjer difor å raskt omstille samfunnet til utsleppsfri energi, og gradvis avvikle produksjonen av olje og gass på ein kontrollert og føreseieleg måte samt skape tusenvis av grønne jobbar (Miljøpartiet, 2023b, s. 20).

Som eit rikt land med gode høve til omstilling, og som ein som allereie har fortært ein uføreholdsmessig stor del av verda sitt karbonbudsjett, må Noreg teke ekstra ansvar for å kutte eigen produksjon, sleg Miljøpartiet fast. Difor vil partiet føreslå å fase ut olje- og gassverksemda i løpet av 14 år frå starten av stortingsperioden, såleis innan 2035. Utfasinga meiner partiet kan kombinerast med framleis høg sysselsetting og aktivitet i Noreg. Miljøpartiet seier dei vil gjennomføre utfasinga på ein måte som sikrar stabilitet og økonomisk tryggleik for regionar der næringa er viktig i dag og for alle dei som jobbar i oljenæringa (Miljøpartiet, 2023b, s. 20).

3.0 Organisasjons-, institusjonell og diskursteori

3.1 Innleiing

Legitimeringsargumentasjon kring norsk oljepolitikk skal her vurderast ved å rette fokus til korleis politikk er grunnleggjande sosialt og relasjonelt. Politisk handling består såleis av tekst, men også talehandlingar der dette forståast som å utføre noko heilt eller delvis gjennom tale (Searle, 1985). Til saman uttrykkjer tekst og talehandling politisk meining. Politikk og ytring av politisk meining via talehandlingar skjer i ein kontekst der det både er nærleik og avstand mellom ulike politiske aktørar, og mellom argumenta dei nyttar ovanfor kvarandre og veljarane. Nettopp desse argumenta nyttar dei politiske partia for å promotere si oppfatning av verda til potensielle veljarar og for å argumentere for kvifor akkurat deira løysing er korrekt og legitim.

I seg sjølv viser omgrepet argumentasjon til korleis tale- og teksthandlingar følgjer ein form for struktur. Denne strukturen og meningsinnhaldet hevdar eg vi kan lære meir om ved å teke utgangspunkt i idealtypiske forståingar kring argumentasjon. Eg legg til grunn at vi kan forvente at representantar frå politiske parti med sine vedtekne politiske program vil diskutere og argumentere utifrå partiprogramma deira. Vidare gjennom den opne politiske debatten byggjar partia forståinga av eigne standpunkt og haldningar ovanfor både med- og motdebattantar og omgjevningane som inkluderer veljarane. Partia konstruerar her eit bilete av røynda, og typisk kvart sitt bilete av røynda. Dei konstruerer det dei vurderer som eit logisk verdssyn med løysingar på utfordringane dei ser, for å nå måla dei vurderer som viktige etter sitt rasjonale. Eg hevdar at vi kan lære noko om legitimeringa av politiske standpunkt gjennom å undersøkje nærare kva som faktisk seiast av politikarar i slik debatt.

Det som blir sagt er med på å forme røynda og på å skape eller tilbakehalde endring i makttilhøve, ifølgje Fairclough (2010) og kritisk diskursanalyse (s. 8). Talehandlingar i form av argumentasjon kan bidrage til å legitimere viktig, men potensielt også skadeleg politikk (Fairclough, 2013, s. 3). Følgjeleg er det difor argumenta som framlagt av dei politiske partia som her skal vere i sentrum, spesifikt legitimeringsargumentasjon kring norsk oljepolitikk. Eit viktig premiss her er at dei politiske partia også er organisasjonar, og det politiske feltet er gjennomorganisert (DiMaggio og Powell, 1983). Organisasjonsteori kastar lys over nettopp organisasjonar og handlingar utført av, i og kring organisasjonar (Christensen m.fl., 2021).

Organisasjonsteori og diskursteori er to svært ulike teoretiske inngangar, men eg hevdar likevel at dei har røringpunkter (Chouliaraki og Fairclough, 2010; Mumby og Stohl, 2007). Dei perspektiverer begge kring ulike former for handlingar, høvesvis organisatoriske handlingar og talehandlingar. Eg hevdar såleis at ved å nytte lærdom frå organisasjonsteori i tillegg til inspirasjon frå diskursteori, kan dette gje oss verktøy til å fortelje oss noko om rasjonale eller logikk i politikken, følgeleg dei bakenføreliggjande årsakene til handling (Friedland og Alford, 1991; Thornton m.fl., 2012). Dette skal gjerast ved å sette fokus på politikarane som leiande representantar for sine partiorganisasjonar.

Kontrasten mellom klima- og oljefeltet kan seiast å vere særleg, særleg for ein oljenasjon som Noreg (DiMaggio og Powell, 1983). Noreg søker å vere ein leiande aktør på det globale klimafeltet, samtidig som vår rikdom og velferdsstat er bygd på fossile oljeinntekter (Amundsen m.fl., 2022). Dette kan tilseie eit ekstra press kring nettopp legitimeringa av oljepolitikken i Noreg i ei tid der den internasjonale -vitskapen og klimakrisa tilspissar seg. Korleis rettferdiggjjer dei norske partia sin oljepolitikk? Kva for rasjonale og logikk kan seiast å liggje bak tilnærminga til dei politiske partia? Korleis søker dei gjennom argumentasjon å skape legitimitet kring oljepolitikken?

Det må likevel her poengterast at eg let meg berre inspirere av den diskursteoretiske tilnærminga til argumentasjonen kring norsk oljepolitikk (Chouliaraki og Fairclough, 2010; Mumby og Stohl, 2007). Eg har likevel ikkje til føremål å dekkje den totale oljediskursen. Eg hevdar heller at den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel kan vurderast som eit potensielt brot i tidslinja, og at det difor er verdifullt å sjå nærare på dette konkrete tidspunktet i seg sjølv. Eg inntek med dette ein synkron strategi, og vurderer at mange trekk ved situasjonen kring AR6 gjer dette tidspunktet verdifullt å undersøkje nærare (Grønmo, 2004). Korleis argumenterer Oljenasjonen Noreg for norsk oljepolitikk i møte med ei klimakrise som tilspissar seg, med dramatiske klimakonsekvensar i europeiske naboland, ein stadig kortare tidsfrist, eit internasjonalt forskarmiljø som roper varsko og ein generalsekretær (Guterres, 2021; Honningsøy m.fl., 2022) som både kallar auking av fossil energi produksjon “*farleg og radikalt*” og erklærer “*kode raud for menneskeheita*”? Dette skal vi vurdere nærare.

3.2 Korleis forstå klimakrisa

Krise kan forståast på mange måter. Eg vel å nytte kriseomgrepet som definert av Boin (2008), såleis krise som eit alvorleg trugsmål mot grunnleggjande samfunnsstrukturar eller sentrale verdier knytt til sikkerleik, velferd, liv og helse som krevjer ein rask reaksjon under stor grad av usikkerleik. Det kan diskuteras i kva grad klimakrisa fell under definisjonen. På eit vis er klimakrisa ei særeigen krise som utviklar seg langsamt. På den andre sida ser vi allereie korleis klimaendringane medfører fare for både samfunnsstrukturar og har krevd liv, helse, velferd og sikkerleik over heile verda. Klimapanelet understrekte korleis det trengs djupe og raske reaksjonar gjennom dei neste sju åra for å avgrense dramatiske konsekvensar av global oppvarming, og at handlingane dette tiåret vil verke i tusenvis av år framover (Boin, 2008; IPCC, 2021). Eg legg følgjeleg til grunn at klimaendringane er nettopp ei krise etter Boin (2008) sin definisjon. Nettopp dette kan tale for å vurdere ein konkret augneblink der tilhøvet endrar eller toppar seg for å sjå korleis krisa blir søkt handtert, slik eg har som føremål å gjere i dette studiet.

Klima- og oljepolitikken kan sjåast som organisatoriske felt der dei politiske partia møter samt sjølv inneheld motstridande makter, vurderingar og interesser (DiMaggio og Powell, 1983; Hulme, 2009). *“Climate change is not ‘a problem’ waiting for a ‘solution’. It is an environmental, cultural and political phenomenon which is reshaping the way we think about ourselves, our societies and humanity’s place on Earth”* (Hulme, 2009, s. i). Problem som følgjeleg er vanskeleg å definere, med eit gjensidig avhengig og samansett årsaksgrunnlag med ingen klare eller riktige løysingar, samt at eventuelle løysingar medfører uforutsette konsekvensar blir typisk kalla gjenstridige problem (Rittel og Webber, 1973, s. 160).

Klimaendringane blir nettopp rekna for å vere moglegvis det ultimate gjenstridige problem (Neby og Zannakis, 2020, s. 593). Dei er altomfattande, grunnleggjande for alt i samfunnet og opnar for svært komplekse og samansette oppfatningar kring årsak og løysing (Hulme, 2009).

Rittel og Webber (1973) var vidare oppteken av at korleis ein oppfattar eit problem er viktig for korleis ein vel å handtere det, og dermed at desse såkalla gjenstridige problema lenar seg meir på politiske vurderingar framfor vitskapleg sikkerleik. Dette gjer gjenstridige problem til i vesentleg grad analytiske utfordringar (Daviter, 2018). Det tilseier at det fins stort rom for å skape ulike verkelegheitsbilete kring olje- og klimapolitikk, og ikkje minst skape ulik

politisk meining. Dette kan tale for stor verdi av å vurdere nærare nettopp logikken bak verdsbileta som nyttast og konstruerast i legitimeringsargumentasjon til dei politiske partia.

3.3 Politiske parti som organisasjonar

Ein organisasjon kan definerast som eit sosialt system som er medvite og formelt konstruert for å løyse spesielle oppgåver samt for å realisere bestemte mål (Jacobsen og Thorsvik, 2016, s. 18). Politiske parti er følgjeleg slike system med ulike ideologiske forankringar og førestillingar om korleis ein bør, og ved moglegheit skal, løyse ulike samfunnsrelaterte utfordringar. Ein organiserer seg for å nå konkrete mål, sanke støtte og oppslutning frå medlemmar og veljarar for å kunne gjennomføre ytterlegare målsetjingar.

Organisasjonsteori er følgjeleg oppteken av organisasjonar. Den fokuserer på handlingar og avgjersler innanfor og kring organisasjonar, og ikkje minst årsaker og verknader av desse. Argumentasjon i politiske parti blir utført av enkeltpersonar, følgjeleg representantar for dei politiske partia. Det kan vere vanskeleg å vite sikkert om desse enkeltpersonane uttalar seg på personlege vegne eller på vegne av organisasjonen. Det kan likevel leggjast til grunn at argumentasjonen som blir utført i offentlegheita av framtreddande figurar i partia, vil forventast av partiet å lene seg på partiet sin demokratisk vedtekne politikk. Desse figurane er nettopp dei som typisk utfører talehandlingar for partiet som del av heilt avgjerande politisk handling og mobilisering. Argumenta dei presenterer vil omgjevnadane teke som representative for partiet som heilskap. Såleis er det akkurat desse argumenta som skapar ein vesentleg del av vurderingsgrunnlaget for legitimitet i omgjevnadane. Ikkje minst ettersom dei færraste les politiske dokument, vil argument i mediene typisk vere den primære måten mange veljarar møter partia sin politikk. Difor vil det leggjast til grunn at offentlege argument frå framtreddande figurar i partia kan vurderast som representative for det gjeldande partiet som heilskap.

3.4 Instrumentelt perspektiv i organisasjonsteorien

I organisasjonsteorien fins det fleire tilnærmingar og perspektiv til korleis ein vurderer organisasjonar og handlingane som her går føre seg. Frå start var organisasjonsteorien prega av ei instrumentell tilnærming med ein tilhøyrande konsekvenslogikk (Scott og Davis, 2016). Forenkla kan handlingslogikk karakterisere handlingsmåtane til ein kollektiv eller individuell aktør, og blir nytta for å kunne fange “årsaka til handling” (Schulz, 2014, s. 1).

Innanfor det instrumentelle perspektivet, fins det mange klassikarar. Blant desse finn vi Jon Elster. Han var forkjempar for det vi kjenner som *rational choice theory*. Denne har i stor grad fått prege organisasjonsteorien. Rasjonelle val-teorien er oppteken av at vi skal handle i tråd med dei forventa konsekvensane av handlingane våre, velje det beste alternativet og med dette nå måla vi har sett oss. Konsekvenslogikk eller full formålsrasjonalitet som her er den bakføreliggjande logikken, handlar om ei uproblematisk kopling mellom formål og resultat der fokus ligg på forventa konsekvensar av handlingar. Ein slik teori meinte Elster (1986) ikkje kunne forlengjast til organisasjonar, men det har mange sidan han gjort. Eit instrumentelt syn på organisasjonar handlar såleis om å oppfatte organisasjonar som verktøy eller instrument retta mot å oppnå visse mål som reknast som viktige i samfunnet (Christensen m.fl., 2021).

Simon (1947) var skeptisk til tanken om full formålsrasjonalitet, og presenterte difor den alternative varianten avgrensa rasjonalitet. Simon (1947) hevda at ein ikkje har fullt tilgjengelege til all informasjon til ein kvar tid, og at ein i mange høve må teke val som ikkje er ideelle, men *tilfredsstillande*. Dette førte til ei deling av både konsekvenslogikken, men også av det instrumentelle perspektivet i organisasjonsteorien til ein høvesvis hierarkisk- og forhandlingsvariant. Førstnemnde fokuserer på organisasjonen som ein heilskap der leiinga med vekt på mål-middel samanhengar effektivt kan oppnå sine mål. I forhandlingsvarianten oppfattast organisasjonen som samansett av ulike undereiningar og posisjonar som kan ha delvis motstridande mål, interesse og kunnskapar der grad av kompromiss, ressursar samt tekniske omgjevnadar verkar på utfallet. Såleis er begge variantane prega av konsekvenslogikk, men den hierarkiske i større grad av såkalla fullstendig formålsrasjonalitet og forhandlingsvarianten av ein meir avgrensa variant (Christensen m.fl, 2021).

3.5 Institusjonelt perspektiv i organisasjonsteorien

Som ein reaksjon til rasjonalitet, instrumentalitet og konsekvenslogikk vaks institusjonell teori fram. Denne skulle kome til å prege store delar av organisasjonsteorien. Selznick (1957) peika på korleis organisasjonar over tid blei institusjonalisert, følgeleg *infused with value beyond the technical requirements of the task at hand* (s. 16-17). Her understreka Selznick (1957) at det veks fram ei *loose coupling* mellom formell og uformell struktur i institusjonar som skapar handlingsrom, organisasjonelt slack, for deltakarane i organisasjonen (Scott og

Davis, 2016). Den framveksande institusjonelle teorien ga nye perspektiv, både internt i organisasjonar og eksternt. Det medførte eit fokus på interne, uformelle normer i organisasjonar og korleis denne kulturen forma handlingane i organisasjonar. Innanfor institusjonell teori vaks så logikken kring *det passande* fram (March og Olsen, 1989; Christensen m.fl., 2021). Logikken krinsa kring korleis det som til ei kvar tid er oppfatta som passande i ein organisasjon, er styrande for dei organisatoriske handlingane.

Ein snakkar i det institusjonelle perspektivet gjerne om inkrementell endring i tråd med tradisjonar, historisk utvikling og stivhengige prosessar kor tidlegare avgjersler skapar føringar for seinare avgjersler. Kostnadane kan bli for store dersom ein omstiller seg for mykje, noko som medfører historisk ineffektivitet. Dette kan ein også kalle for *inertia*, såleis institusjonell treigleik (March og Olsen, 1989). Frå eit instrumentelt perspektiv vil dette bety at organisasjonane ikkje er i stand til å vere effektive i tråd med endra handlingsføresetnadar, medan det frå eit institusjonelt perspektiv er godt mogleg for ein organisasjon å leve med ein slik ineffektivitet over tid. Dette kan kallast for kulturperspektivet (Christensen m.fl., 2021).

Med Meyer og Rowan (1977) og March og Olsen (1984) utvikla institusjonalismen seg vidare. Ny-institusjonalisme tematiserte omgjevnadane til organisasjonar i vidare forstand og vurderte korleis desse også kunne bli institusjonaliserte. For at ein organisasjon skulle overleve i sine omgjevnadar er det følgeleg sentralt å sikre at handlingane til organisasjonen også er i tråd med nettopp gjeldande verdier, normer og forventningar, såkalla *myter*, i omgjevnadane. På denne måten kunne organisasjonen sikre legitimitet og eiga overleving i tråd med det som kan kallast for myteperspektivet (Scott og Davis, 2016; Christensen m.fl., 2021).

Her vaks også *garbage-can* logikken fram. Her handlar logikken ikkje om vurdering av forventna konsekvensar eller kva som er passande, men at det dukker opp ulike moglegheiter for handling i ulike kontekstar fordi ein til dømes har ei løysing som leiter etter eit problem. Desse handlingsmoglegheitene plukkjast frå eit “bosspann” som varierer usystematisk over tid, noko som gir rom til å skape mening kring det ein gjer og har gjort medan det pågår (Cohen, March og Olsen, 1972) Nyinstitusjonalismen medførte såleis ei *laus kopling* ikkje berre mellom formell og uformell struktur, men også mellom avgjersle og avgjersletakar som følgeleg gjer handlingar institusjonaliserte i seg sjølv (Christensen m.fl., 2021).

I organisasjonsteorien legg ein ofte til grunn korleis eit enkelt organisasjonsperspektiv ikkje kan fange opp mangfaldet og variasjonsbreidda av ein organisasjon, men korleis perspektiva er i større grad representative saman. Det betyr at ein berre unnataksvis kan vurdere organisatoriske handlingar som einsidige resultat av instrumentelle prosessar og strategiar, som produkt av historisk arv og uformelle normer eller som tilpassing til ytre sjokk. Dei må heller vurderast som komplekse samspel mellom planlagte strategiar, kulturelle bindingar og ytre press. Det skjer ofte nettopp ein transformasjon kor til dømes det instrumentelle blir transformert når det møter kulturelle bindingar og konfronterast med ytre press. Eit slikt transformativt perspektiv innebærer at einfaktorforklaringar er utilstrekkelege åleine (Roness, 1997, Christensen m.fl., 2021). Eg legg også dette til grunn i mi tilnærming, og vil søkje å nytte dei separate konstruerte tilnærmingane både adskilt, men også vurdere kva samspel og potensielle transformasjonar som går føre seg mellom dei.

3.6 Legitimitet frå ulike perspektiv

Det leggjast her fokus på korleis legitimitet blir skapt i stor grad fordi politiske leiarar nyttar ord og uttrykk vi veljarar kan forstå, akseptere og relatere til (Læg Reid, 2020). Korleis syn på legitimitet som uttrykkjast, har bakgrunn i ulike legitimitetsperspektiv. Ulike syn på legitimitet har følgjeleg implikasjonar for korleis ein både vurderer, men også handterer legitimitetsutfordringar og står følgjeleg sentralt i ein kvar legitimeringssituasjon. Som syn på organisasjonar og organisatoriske handlingar, har vi også ulike instrumentelle og institusjonelle perspektiv på legitimitet.

Jacobsen og Thorsvik (2016) vurderer legitimitet frå eit instrumentelt perspektiv. Her er dei opptekne av korleis alle organisasjonar er avhengige av omgjevnadane sine med omsyn til ressursar, oppslutning og legitimitet (s. 198). Årsaka til at tilnærming deira er instrumentell, er korleis dei vurderer legitimitet som ein teknisk potensiell ressurs frå omgjevnadane som kan og bør nyttast kalkulert av organisasjonen. Denne nyttinga meiner dei bør vurderast i tråd med forventede konsekvensar jf. tidlegare omtala konsekvenslogikk. Dersom ein organisasjon ikkje møter legitimitetskrav frå omgjevnadane, hevdar Jacobsen og Thorsvik (2016) at dei ofte vil kritisereast for å vere lite rasjonell, uaktsam eller likegyldig. Dette kan følgjeleg kome i vegen for verksemda og måloppnåinga til organisasjonen. Difor hevdar forfattarane at organisasjonar vil prøve å teke omsyn til slike eksterne normer og verdier til dømes i

målformuleringar. Ved å gjere dette unngår organisasjonen at det setjast spørsmålsteikn ved verksemda deira, eller at ein fremstår som ein avvikande organisasjon og såleis set organisasjonen i fare (Jacobsen og Thorsvik, 2016, 203).

I eit institusjonelt lys definerte Suchman (1995) legitimitet som ein overordna førestelling kring handlingar som ynskjelege, ordentlege eller passande innan visse sosialt konstruerte system. Desse systema består følgjeleg av normer, verdier, overbevisningar og definisjonar, og logikken bak dette synet er følgjeleg logikken om det passande (s. 574). Scott (2016) såg også institusjonelt på legitimitet og meinte denne verken kan eigast eller forhandlast.

Legimitet er derimot ein tilstand som reflekterer oppfatta samsvar med relevante lover, reglar eller normative verdier. Det er ikkje ein teknisk ressurs, men heller som oksygen: viktigheita blir slåande først når den forsvinn. Legitimitet er såleis ingen handfast ressurs, men eit grunnleggjande tilhøve for sosiale eksistens (Scott, 2016, 72). Scott (2016) meiner legitimitet blir oppnådd når organisasjonen etterlev ein felles institusjonell definisjon av den gjeldande situasjonen eller rammeverket (Scott, 2016, s. 74).

Brunsson (1986) sette spørsmålsteikn kring handlingane til organisasjonar i høve inkonsistente normer i omgjevnadane. Han meinte avgjersler er mektige verktøy for å skape ansvar og ved å presentere handlingar som resultat av ei avgjersle, kan ein dramatisere kring si eiga avgjersle og viktighet. Ved å akseptere ansvar, kan avgjersletakarane overføre eigen legitimitet til handlingar og såleis støtte eller undergrave handling (Brunsson, 2007). I dette høvet lanserte Brunsson (1986) omgrepet dekopling eller *organisasjonell hykleri*. Dette handla såleis om å ikkje reelt, men berre tilsynelatande konformere til eksterne krav frå omgjevnadane (Brunsson, 1986).

Brunsson (2007) var også oppteken av korleis organisasjonar kan utnytte problem samt nytte rasjonalistiske avgjersleprosedyrer for å skape illusjonen om rasjonelle handlingar. Dei kan produsere hylersk output i form av munnleg eller skriftleg språk, avgjersler og materielle produkt. Men desse uoverenskomstane er også ei hindring for organisatorisk handling, peiker Brunsson (2007) på. Organisasjonar løysar slike dilemma ved å nettopp dekople bilete av uoverenskomstar frå organisatorisk handling. Dette fører til organisasjonar som er mindre trulege til å handle, men som har større sannsyn for å overleve (Brunsson, 2007).

3.7 Institusjonelle logikkar

Institusjonelle logikkar er sosialt konstruerte og historiske mønster av både symbol på kultur og diverse materialiserte praksisar saman med verdier og trussystem der menneske produserer og reproduserer verda kring seg og følgjeleg gjer meining til deira daglege aktivitet (Thornton m.fl., 2012, 51). Omgrepet vart lansert av Friedland og Alford (1991) og Thornton m.fl. (2012) både utvida omgrepet og hevda logikkperspektivet transformerte institusjonell teori (s. 1).

Friedland og Alford (1991) meinte at samfunnet blir konstituert gjennom mangfaldige institusjonelle logikkar og hevda difor at det ikkje var mogleg å forstå individuell eller organisatorisk handling utan å vurdere dei i sin samfunnsmessige kontekst. Institusjonar som overorganisatoriske rammeverk avgrensa både måla handlingane blir retta mot, men også midla som trengs for å nå måla. Institusjonar gir med dette individet motiv og ei sjølvforståing i situasjonen og genererer ikkje berre kva som blir verdsett, men også reglane verdiene blir kalibrert og fordelt utifrå. Institusjonar set såleis grenser på heile naturen til rasjonalitet og dermed også individualitet. Såleis hevda Friedland og Alford (1991) at handlingar skapar identitet, og at preferansar er sosialt og historisk strukturerte. Dette gjer at også nyttemaksimering, makt og interesser er institusjonelt avhengige og må forståast som prega av institusjonaliserte mønster. Preferansar er også institusjonelt spesifikke og kan bidrege til å skape verdier. Forfattarane såg følgjeleg ikkje val som rasjonelle eller irrasjonelle, men heller som eit utval blant ulike overrasjonale ordnar. Dei institusjonelle logikkane som dominerar i samfunnet blir importert slik at dei blir usynlege førestellingar. Når noko har blitt institusjonalisert, kan tilegninga bli normativ og følgjeleg teke som det naturlege valet. På denne måten blir det ei kjelde til organisatorisk legitimitet uavhengig av den umiddelbare organisatoriske funksjonen (Friedland og Alford, 1991).

Dei største institusjonane av moderne samfunn er gjensidig avhengige, men også motstridande. Særleg i pluralistiske samfunn har individ og organisasjonar typisk fleire roller og identitetar som ofte skapar motsetjande press på deira kognitive- og handlingskapasitetar. Likevel har fleire teoriar forklart korleis individ er svært kapable til å handtere dette (Thornton m.fl., 2012, 57). Institusjonelle motstridingar er grunnlaget for dei viktigaste politiske konfliktane i samfunnet vårt. Det er gjennom denne politikken at den institusjonelle strukturen av samfunnet vårt blir transformert (Friedland og Alford, 1991). Friedland og

Alford (1991) peiker på at ein nøkkeloppgåve til sosial analyse såleis er å forstå desse motsetnadane og å spesifisere tilhøva der dei former organisatorisk og individuell handling.

I *The Institutional Logics Perspective* har Thornton m.fl. (2012) utvida logikkperspektivet frå Friedland og Alford (1991) og skapt ein ny grunnstein for framtidige undersøkingar av institusjonell logikk (Glynn, 2013). Institusjonell logikk er i følgje Thornton m.fl. (2012) eit metateoretisk rammeverk for "analyse av innbyrdes tilhøve mellom institusjonar, individ og organisasjonar i det sosiale system" (s. 2). Dette synet på institusjonell logikk flytter fokus vekk frå *persistence* og institusjonell isomorfisme, såleis stadig større likskap mellom aktørar i eit organisatorisk felt (DiMaggio og Powell, 1983), og mot institusjonell transformasjon, der logikk er verktøy for endring. Forfatterne legg til grunn eit meir komplekst syn enn Friedland og Alford (1991) og opnar for eit samfunn prega av pluralisme, konkurranse og komplementering mellom logikkar som kan hindre eller mogleggjere organisatorisk endring. Definisjonen til Thornton m.fl. (2012) opnar institusjonelle logikkar opp som meir enn utelukkande kognitive referanserammer, følgjeleg som handlingsorienterte. Dei er innebygd i meiningsskaping og konstituerande for aktørane sin identitet. Dermed er det ei tett kopling mellom logikk og praksis der logikkar blir manifestert i praksis, og praksisane gjer logikken synleg (Glynn, 2013).

Endå viktigare kan det seiast å vere korleis Thornton m.fl. (2012) kopler logikk frå institusjonelle ordnar. Dette opnar rommet for å utforske fritt samspel og dynamikk mellom logikkar og korleis desse kan eksistere side om side både i organisasjonar og ulike institusjonar (Glynn, 2013). Thornton m.fl. (2012) koplar også logikkperspektivet til andre teoretiske perspektiv innan organisasjonsstudier. Dei tek til dømes opp spørsmål kring kausalitet, om logikkar kan vere uavhengige eller avhengige variabler i forbinding med deira potensiale for å avgrense eller aktivere handling. Forfatterne peiker på potensialet til å studere praksisen til logikkar, der ein kan nytte seg av modalitetane der logikk manifesterer seg i praksis, åtferd, språk og symbol (Glynn, 2013). Her kan det følgjeleg seiast å bli opna eit rom for å utforske ulike måter logikk kan manifestere seg i handlingsorienterte tilnærmingar frå andre disiplinar, som mellom anna kritisk diskursanalyse (heretter: KDA).

3.8 Organisatoriske kommunikasjonsstudier

Studier med kritisk diskurs i organisasjonar har blitt gjennomført saman med såkalla organisatoriske kommunikasjonsstudier (Leitch og Palmer, 2010; Chouliaraki og Fairclough, 2010; Mumby og Stohl, 1996; 2007). Dette studiet er som nemnd ikkje ei diskursanalyse og ei heller eit organisatorisk kommunikasjonsstudie, men sistnemnde har fleire interessante og relaterte greiningar og overlappar mellom organisasjonar, kommunikasjon og KDA som er verdt å trekkje nokre trådar til.

Mumby og Stohl (1996, 2007) hevda organisatoriske kommunikasjonsstudier er eit felt som er grunnleggjande oppteken av nyttinga av språk som eit symbolsk verktøy for å oppnå samarbeid. Fokuset er å forstå organisasjonslivet frå eit kommunikasjonsperspektiv der ein legg til grunn kommunikasjon i organisasjonar som noko særlege frå annan kommunikasjon. Ein anerkjenner viktigheita av relasjonar, mangfaldet av bodskapsfortolking og det etiske ansvaret ein som kommunikatør som følgjeleg har som produserande og reproduserande agent av den sosiale verda vi lev i (Mumby og Stohl, 1996).

Mumby og Stohl (1996) hevda følgjeleg at feltet si rolle er å utfordre gjeldande førestellingar kring den sosiale verda. Dei peika på korleis organisatoriske kommunikasjonsstudier utfordra dei implisitte reglane kring kven som legitimt kan konstruere organisatorisk kunnskap, og korleis forhandlingar handlar like mykje om å skape ei felles forståing av verda som å oppnå eit konkret mål (Mumby og Stohl, 1996). Såleis har det fortolkande og kritiske aspektet av organisatorisk kommunikasjon vekse fram (Deetz, 1982; Goodall, 1989; Mumby 1988). Kommunikasjon er her ikkje ein nøytral prosess av informasjonsoverføring, men konstituerande i forminga av den organisatoriske verkelegheita. Dette har politiske konsekvensar som både mogleggjer og hindrar moglegheita for kollektiv handling. Feltet anerkjenner korleis kommunikasjon har fleire nivå og meiningar, tener fleire føremål og relaterer til rasjonalitet på ulike måter (Mumby og Stohl, 1996).

Det må her peikast på korleis organisatoriske kommunikasjonsstudier kjem frå kommunikasjonsstudier og krinsar i hovudsak kring interne tilhøve sjølv om det også opnar for viktigheita av eksternt samspel. Fokuset i dette studiet er den norske politiske legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikk som heilskap, og ikkje først og fremst oljepolitikken på eit organisatorisk nivå.

3.9 Fairclough og diskurs

Innan diskursfeltet har Norman Fairclough vore svært påverknadsrik. Han har skapt eit nytt rom for korleis ein kan utøve tverrfagleg forskning. Verka hans kring kritisk diskursanalyse har hatt verknad breidt på anvend lingvistikk, diskursanalyse og samfunnsvitskap meir generelt. Fairclough endra korleis sosial analyse av språk kan sjå ut ved å tilby eit rammeverk og ein framgangsmåte for korleis ein kan utforske overlappinga mellom språk og sosial-institusjonelle praksisar, saman med dei nære koplingane mellom språk som diskurs og breiare sosiale- og politiske strukturar (Fairclough, 2010, s. vii).

Diskursar si rolle er å skape mening i verda kring oss. Fairclough meiner diskurs er eit komplekst sett av relasjonar som er dialektisk relatert til kvarandre og delt over tre ulike nivå (Fairclough, 2003; Fairclough, 2010). Nivåa kallar han for sosiale hendingar, -praksis og -struktur. Sosiale hendingar kan definerast som tekst i form av skriftleg og munnleg språk saman med sin næraste kontekst. Det er eit poeng at sosiale hendingar ikkje kan reduserast til tekst åleine. Sosial praksis er dialogen kring desse sosiale hendingane, og eit medierande nivå. Sosiale strukturar fokuserer følgjeleg overordna på strukturar i både samfunn og språk som gir moglegheiter og avgrensingar når det gjeld kva ein kan ytre og ikkje (Fairclough, 2003; Skrede, 2017).

Vidare er relasjonane mellom nivåa like viktige som innhaldet av dei. Diskurs er relasjonar mellom menneske, mellom samtalar, debattar og nyheitsartiklar, men også mellom meir abstrakte og samtidig vedvarande diskursive “objekt” som språk. Diskurs er relasjonar mellom diskurs og andre såkalla komplekse objekt som faktisk fysiske objekt, men også maktrelasjonar og institusjonar. Objektet er kopla saman i sosial praksis eller aktivitet (Fairclough, 2010; Fairclough, 2003; Skrede, 2017). Poenget til Fairclough er at ein ikkje kan definere kva diskurs er, utan å definere diskurs i form av deira interne og eksterne relasjonar med andre slike objekt (Fairclough, 2013, s. 3).

Relasjonane mellom nivå er også dialektiske, derav namnet dialektisk-relasjonell kritisk diskursanalyse (Fairclough, 2013, s. 3). Dialektiske relasjonar er når objekt er ulike, men samtidig ikkje fullstendig separate og gjensidig utelukkande. Fairclough (2010) eksemplifiserer dette ved å vise til relasjonen mellom makt og diskurs. Fairclough hevdar her

makta til dei som kontrollerer ein moderne stat er delvis diskursiv i karakter. Til dømes er makt avhengig av legitimitet hjå staten og deira representantar, og dette oppnåast i stor grad i diskurs. Samtidig inkluderer statleg makt også den fysiske kapasiteten til makt og vald. Såleis er makt diskurs, men ikkje berre diskurs, og diskurs er makt, men ikkje berre makt. Dei er ulike, men ikkje separate (Fairclough, 2010; Skrede, 2017).

Diskursorden er eit overordna omgrep som opphavleg kjem frå Foucault, men som Fairclough vidareutvikla inn sin epistemologiske tradisjon (Skrede, 2017). Diskursorden er ei nemning på overordna longitudinelle praksisar som i stor grad styrer kva som kan og ikkje kan seiast og korleis dette blir forstått. Ein diskursorden kan difor sjåast som eit nettverk av sosiale praksisar som vel ut visse ting og som ekskluderer andre (Skrede, 2017; Fairclough, 2003, s. 24). Diskursordenar er delvis lingvistiske, språklege og sosiale og er såleis stabile, men likevel ikkje lukka system. Diskursar kan med dette følgjeleg anten byggje under eksisterande diskursorden eller bidrege til å endre den. Det er typisk denne endringa som er tema for klassisk KDA (Fairclough, 2010; Skrede, 2017, s. 38).

3.10 Kritisk diskursanalyse

KDA er med dette følgjeleg både relasjonell, dialektisk og tverrfagleg. KDA inneheld både ei systematisk tekstanalyse og ei form for systematisk, tverrfagleg analyse av relasjonar mellom diskurs og andre element i den sosiale prosessen. I tillegg til dette er KDA både deskriptiv og normativ i karakter. Den adresserer og søker handtere diskursive aspekt ved sosiale feil (Fairclough, 2010, s. 10-11; Skrede, 2017). KDA i sin natur er laga opent slik at det kan eksistere mange ulike og nye tolkingar av analyseformen (Fairclough, 2010, s. 11).

Med KDA sitt kritiske element kjem eit sentralt fokus på effektane av maktrelasjonar og sosiale skilnadar til potensiell produksjon av kritikkverdige tilhøve. Kritikken er grunngjeve i verdier som går utifrå eit spesifikt i syn på kva som utgjer eit godt samfunn og menneskeleg velvære (Fairclough, 2010, s. 7). Kritikken handlar i nokon grad om å framheve gap mellom påstandar og realitetar kring kva eit samfunn er, til dømes kring omgrep som berekraft og rettferd (Fairclough, 2010, s. 7; Skrede, 2017). Spesifikt fokuserer KDA på måtar å representere delar av verda på som bidreg til å etablere eller vedlikehalde ulike maktrelasjonar. Eit viktig poeng er korleis tolkingar og forklaringar av den sosiale verda kan

ha effekt eller endre den sosiale verda i seg sjølv. Kritikken må difor også rettast til ulike tolkingar og forklaringar av det sosiale liv (Fairclough, 2010, s. 8).

Ein som førte til at desse gjeldande tolkingane og forklaringane av det sosiale liv oppstod, implementert og vart dominant er typisk fokus i KDA, og er følgjeleg kvar Fairclough (2010) peiker på at ideologi kjem inn. Tolkingar og forklaringar kan seiast å vere ideologiske viss dei kan visast som nødvendige for å etablere og halde på plass spesifikke maktrelasjonar, men utilstrekkelege til å fortelje alt om det sosiale liv. Ein kan også hevde at ei forklaring på verda er betre enn andre viss desse kan seiast å vere meir konsistente med kva enn slags bevis som eksisterer. Dette inkluderer kva slags hendingar som tek eller har teke plass, korleis menneske handlar eller har handla, kva effektane av deira handlingar er og kunnskap som ligg til grunn. Den relative forklaringskrafta av ulike forklaringar, diskursar og teoriar er naturlegvis ei problemstilling som blir konstant strida kring (Fairclough, 2010, s. 9; Skrede, 2017).

Fairclough var oppteken av at vitaliteten til KDA er avhengig av at forskarar tek den i ulike og nye retningar, og understreka korleis tverrfaglig forskning skal vere ei kjelde til teoretisk og metodologisk utvikling (Fairclough, 2010, s. 10). Fairclough peika også på korleis ein kan nytte kategoriar og relasjonar frå KDA i arbeid som også i seg sjølv ikkje reknast som KDA. Ei slik tverrfagleg tilnærming til forskning kan nettopp utvikle teori og metodologi innanfor alle dei involverte retningane (Fairclough, 2010, s. 11). Saman med generell inspirasjon frå tilnærminga, skal nettopp eit slikt lån frå KDA nyttast i dette studiet for å fange institusjonelle logikkar som kjend frå organisasjons- og institusjonell teori.

3.11 Modalitet som tekstanalytisk verktøy

Korleis ein fangar logikkar fins det også avgrensa diskusjonar om trass det store volumet av studier kring institusjonelle logikkar (Raey og Jones, 2016). Patternmatching reknast som ein av tre typiske teknikkar av Raey og Jones (2016), og dette handlar om å identifisere mønster frå ekstern litteratur og samanlikne data opp mot ein idealtipe. Denne metoden har eg valt å nytte i dette studiet. Logikkar er som nemnd frå Thornton og Lounsbury (2012) handlingsorienterte, og følgjeleg legg eg her til grunn at vi kan nytte andre handlingsorienterte verktøy som er eit steg nærare empirisk tilvising som eit potensielt verktøy for å fange logikkar empirisk. Dette vil eg gjere ved å låne modalitetsomgrepet frå den tekstanalytiske verktøykassa hjå KDA. Modalitet betyr “måte”, og handlar om kva for måte ei ytring eller ein

tekst legg fram ein bodskap på (Skrede, 2017). Fairclough (2010) legg til grunn at tekstanalytiske verktøy som modalitet kan rekontekstualiserast, tilpassast og nyttast innanfor ulike felt for å fange nettopp det tekstlege aspektet som er nettopp det eg skal gjere her (s. 6).

Vi kan skilje mellom fire hovudtypar funksjonar til modalitetar. Dette er utveksling av kunnskap via påstandar og spørsmål, og utveksling av aktivitetar via beordring og tilbod (Skrede, 2017, s. 49). Modalitet kan difor sjåast som talaren si måte å uttrykkje fakta og haldningar på. Dette inkluderer også gradar av vissleik eller tvil, moglegheiter og nødvendigheiter, løyver og forpliktingar (Fairclough, 2003, s. 167). Nyttning av ulike modalitetar vil alt etter sosial posisjonering, makttilhøve og liknande kunne få folk til å utføre eller til å avstå frå handling (Fairclough, 2003, s. 168).

Modale verb er dei arketyriske modalitetsmarkørane som seier noko om måten noko blir uttrykt på. Dei modale verba er bør, burde, kan, kunne, må, måtte, skal, skulle, tør, turde, vil og ville. Å leite etter modalitetsmarkørar kan ofte vere eit relativt enkelt, men effektivt grep for å oppdage modalitet (Skrede, 2017, s. 51). Modalitet kan gje innsikt i kva for verdssyn som fremjast og kva for kunnskap som postulerast som sann. Dette kallast for epistemisk modalitet eller utveksling av kunnskap (Skrede, 2017, s. 51). Innanfor utveksling av kunnskap kan vi også tale om kategorisk modalitet, som handlar om å framstille noko binært og gjensidig utelukkande. Det postulerast såleis her berre to motsetjande alternativ der ein av dei blir valde (Skrede, 2017, s. 50). Modalitet kan også gje innsyn i kva for utveksling av aktivitetar som går føre seg. Denne kallar vi for deontisk modalitet og handlar om påstandar kring korleis vi bør handle (Skrede, 2017, s. 51). Slike modalitetsmarkørar grip inn og former sosial praksis (Skrede, 2017, s. 50). Dette gjer dei blant annet ved å vise klare og kausale samanhengar mellom det dei sjølv vurderer som fakta og slik røynda er, og følgjeleg ulike ynskja handlingar (Skrede, 2017, s. 116).

3.12 Organisasjonsteoretiske logikkar med modalitet som inngang

Eg konstruerer ein kombinasjon mellom organisasjonsteori og inspirasjon frå KDA i min søken på å svare på studiet si problemstilling kring legitimeringsargumentasjon kring norsk oljepolitikk i møte med AR6. Dette skal eg gjere ved å kategorisere legitimeringsargumenta med utgangspunkt i skaping av institusjonelle logikkar som har bakgrunn i organisasjonssteoretisk perspektiv. I overgangen mellom logikk og rasjonale i den

organisasjonsteoretiske verda, skal diskursteorien og tilhøyrande modalitet gje meg mitt metodisk grep inn til det empiriske materialet med legitimeringsargument frå dei politiske partia. Dette skal eg fylle med teoretisk innhald frå organisasjonsteorien. Såleis er diskurstankegangen i mitt tilfelle til inspirasjon som eit metodisk grep, medan organisasjonsteorien vil fylle det teoretiske aspektet og kategoriseringane eg søker å kartlegge argumentasjonen til partia gjennom.

Med dette nyttar eg organisasjonsteori på eit abstrakt nivå der organisasjonsteoretiske perspektiv dannar bilete av logikkar som rasjonale hjå norske politiske parti. Å forme eigne logikkar har vore gjort i andre studier som Pansera m.fl. (2022), men det særreigne her er korleis logikkane er grunnlagt i organisasjonsteoretiske perspektiv saman med det metodiske lånet av modalitet og inspirasjonen frå diskursteorien som verktøy for å fange desse logikkane på empirisk. Dette er ikkje ein eksakt vitenskap, men eg vurderer følgjeleg modalitet som ei tekstleg, empirisk tilvising til logikk som er på eit meir abstrakt nivå (Raey og Jones, 2016).

Logikkane eg vil nytte som verktøy i mi analyse er i tråd med perspektiva i organisasjonsteorien og er følgjeleg instrumentell hierarkisk logikk, instrumentell forhandlingslogikk, kulturell logikk og mytelogikk og -modalitet. Desse presenterast her kort og vil utdjupast i dei vidare kapitla.

Instrumentell hierarkisk logikk er prega av effektsamanhengar. Ein handlar rasjonelt i tråd med full formålsrasjonalitet. Verktøy, tekniske tilhøve, mål- og toppstyring står sentralt og implementeringsfasen er uproblematisk. I instrumentell hierarkisk modalitet står effektargumentasjon og kategoriske språklege verkemiddel sentralt saman med modale verb som kan understreke kategoriske samanhengar. Ein viser til full sikkerleik i konsekvensvurderingar ved uproblematisk koplingar mellom ynskje, tiltak og effekt. Epistemisk er verdssynet prega av klare årsak-verknad med fullstendig informasjonsoversikt.

Instrumentell forhandlingslogikk er også prega av effektsamanhengar, men med ein avgrensa formålsrasjonalitet. Handling skjer gjennom samarbeid og forhandling med andre aktørar der føresetnadane, ressursane og interessene til dei involverte verkar på resultatet og fører til eit tilstrekkeleg godt resultat. I instrumentell forhandlingsmodalitet står gradvise kategoriske språklege verkemiddel sentralt med modale verb som kan understreke like samanhengar.

Kompromiss kan visast nødvendig, saman med omsyn til motstridande omsyn og fleire partar. Epistemisk vil uttrykkjast eit verdssyn prega av årsak-verknad samanhengar, med med opningar for variert mengde usikkerleik, faktorar og moglegheiter for kva som er sann kunnskap.

Institusjonell kulturlogikk har kultur i sentrum, og er prega av subjektive kontekstbaserte vurderingar kring kva som er passande. Implementering av tiltak er potensielt problematisk, og endring skjer sakte og i tråd med forventningar og historiske linjer. Institusjonell kulturmodalitet vil pregast av deontiske språklege verkemiddel. Korleis ein bør handle er såleis klassiske tilvisingar. Det kan visast til fellesskap, parti- eller norsk kultur og -identitet. Kjensler som verkemiddel står sentralt, og modale verb som kan understreke verdiladde påstandar vil kunne nyttast. Epistemisk er verda kompleks, og kunnskapsinnhenting må følgjeleg teke høgde for usynlege drivkrefter for å kunne sjå og forstå verda.

Institusjonell mytelogikk er prega av korleis verdiene, normene og ynskjene i samfunnet skal vere styrande for kva slags utfordringar og løysingar ein finn der handling også er i tråd *garbage can*. Laus- og fråkopling mellom ord og handling står her sentralt som ei handlingsmoglegheit. Mytemodalitet vil kunne nytte mangfaldige språklege verkemiddel. Sentralt står tilvisingar til omgjevnadane i primært internasjonal forstand. Det tilvisast til normer og verdier, rett og gale, rettferd og urettferd samt til moderne eller vage omgrep. Epistemisk er verda kompleks, samansett og ikkje alltid slik den ser ut ved første augekast. Det vil kunne vere ei implisitt laus- eller fråkopling mellom ord og reell handling i høve handlingsrom.

4.0 Forskingsdesign

4.1 Innleiing

Eit forskingsdesign handlar om korleis ein får gyldige svar på forskingsspørsmål som er utarbeida frå ei problemstilling på ein tillitsvekkande og effektiv måte og heng logisk saman (Toshkov, 2018, s. 219). I dette kapitlet skal eg såleis teke for meg dei ulike trekkja som utgjer mitt forskingsdesign med tilhøyrande metodiske og metodologiske val som har blitt gjort for å svare på studiet si føreliggjande problemstilling:

Korleis legitimerer oljenasjonar sin oljepolitikk i møte med aukande tilspissing i klimavitskap og klimakrise?

Forskingsspørsmåla er som følgjer:

I: Korleis søker Noreg å legitimeringsargumentere for eigen oljepolitikk i møte med den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel?

II: I kva grad kan ein kaste lys over legitimeringsargumentasjon kring oljepolitikk hjå norske politiske parti i møte med AR6 ved å nytte omgrepa instrumentell hierarkisk-, instrumentell forhandlings-, institusjonell kultur- og institusjonell mytelogikk og modalitet?

Eg vil i tråd med den teoretiske gjennomgangen analysere legitimeringsargument kring oljepolitikk frå eit strategisk utval norske politiske parti. Eg er interessert i tidspunktet for AR6 frå første delrapport 9. august 2021 via andre delrapport 28. februar 2022, tredje delrapport 4. april 2022 og synteserapporten frå 20. mars 2023. Hovudfokus vil ligge kring første delrapport. Årsaka til dette er fleirdelt. Først og fremst handlar dette om kjeldematerialet. I ein ideell verden ville datamaterialet kunne bestått av mange legitimeringsargument frå heile perioden og mangfaldige forum, men det er i liten grad realiteten. Når dette er sagt står konteksten kring lanseringa av A6 fram som særigen. Ekstremvørsommaren med hundrevis av dødsfall i europeiske naboland, kode raud for menneskeheita spreidd over alle aviser av FN sin generalsekretær, enorm tidsnød, dramatiske konsekvensar for tusenvis av år, omfattande press på fossil energi og klima seglande inn som toppsak i den norske valkampen (Aftenposten, 2022; Guterres, 2021; Skjetne m.fl., 2021; Brustad, 2021; IPCC, 2021; Aftenposten, 2021a). Følgjeleg legg eg til grunn tidspunktet kring

første delrapport som eit brot i kommunikasjonen kring klimakrisa og norsk oljepolitikk og inntek med dette ein sykron strategi til mi problemstilling (Grønmo, 2004).

Metodisk blir eg inspirert den analytiske tilnærminga frå diskursteorien og trekk veksling på omgrep som kjend derifrå. Med dette som inngang skal eg prøve å få tak i rasjonalet eller logikken i legitimeringsargumentasjonen som går føre seg kring norske politiske parti og deira oljepolitikk. Det er nettopp logikken i legitimeringsargumentasjonen eg er ute etter. Eg vil difor kategorisere og analysere legitimeringsargumenta utifrå desse konstruerte logikkane og tilhøyrande modalitetane samt illustrere innhald og samanhengar i eit analyseskjema.

Under ligg mitt analyseskjema. I empirikapitlet vil eg leggje inn illustrerande fråsegn til kvar av dei ulike logikkane og modalitetane for å vise korleis desse gjer seg empirisk gjeldande i legitimeringsargumentasjonen til partia. Det bør her påpeikast at kategoriane ikkje er gjensidig utelukkande. Det fins gradvise overgangar, og modalitetane og logikkane vil delvis overlape. Føremålet med inndelinga er såleis ikkje å presentere eit skarpt skilje mellom dei ulike kategoriane, ei heller leggje det fram som den einaste måten å vurdere legitimeringsargumentasjonen på. Føremålet er å nytte eit overordna, idealistisk rammeverk som kan sortere innhald og hovudtrekk i legitimeringsargumenta før eg deretter kan diskutere kompleksiteten i tråd med den ikkje-idealistiske røynda.

	<i>Abstrakte konstruksjonar</i>	<i>Empirisk tilvising</i>
Organisasjons-teoretisk perspektiv →	Organisasjons-teoretisk logikk →	← Modalitet →
Instrumentell hierarkisk	<ul style="list-style-type: none"> - Effektsamanhengar - Styrar handling: <ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar - Målstyring - Rasjonalitet - Kalkulering - Tekniske tilhøve - Alt er verktøy - Toppstyring - Uproblematiske implementering 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising til: <ul style="list-style-type: none"> - Effektar - Konsekvensar - Rasjonalitet - Irrasjonalitet - Verktøy - Kalkuleringar - Uproblematiske koplingar - Toppstyring - Nyting av: <ul style="list-style-type: none"> - Kategoriske språklege verkemiddel - Modale verb <ul style="list-style-type: none"> - Vil, skal, må

Instrumentell forhandlingslogikk	<ul style="list-style-type: none"> - Forhandlingar og/eller samarbeid - Effektar i fokus - Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Tilstrekkjeleg godt resultat - Styrer handling: <ul style="list-style-type: none"> - Forventa konsekvensar - Ressursar - Interesser 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising til <ul style="list-style-type: none"> - Effektar - Kompromiss - Motstridande omsyn - Fleire partar, ressursar og interesser - Best tilgjengeleg kunnskap - Gradvis kategorisk språkbruk <ul style="list-style-type: none"> - Modale verb: <ul style="list-style-type: none"> - Kan, kunne, må, skulle, ville, vil
Institusjonell kultur logikk	<ul style="list-style-type: none"> - Styrar handling: <ul style="list-style-type: none"> - Kultur - Det passande - Kontekst - Kompliserte samanhengar - Inkrementell endring i tråd med forventningar og historiske linjer - Utfordrande og avgjerande implementering 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising implisitt eller eksplisitt: <ul style="list-style-type: none"> - Korleis ein bør handle <ul style="list-style-type: none"> - Det passande - Kultur - Identitet <ul style="list-style-type: none"> - Interne verdier - Roller - Kontekst - Tradisjon - Historiske linjer - Nyting av verkemidla: <ul style="list-style-type: none"> - Kjensler - Verdier <ul style="list-style-type: none"> - Fellesskap - Verdiladde påstandar - Deontiske språklege verkemiddel - Modale verb: <ul style="list-style-type: none"> - bør, burde, må, måtte, vil
Institusjonell mytologikk	<ul style="list-style-type: none"> - Komplekse samanhengar med klare løysingar <p>Styrar handling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Verdier, normer og ynskjer i omgjevnadane <ul style="list-style-type: none"> - Rett vs. gale - Korleis handling framstår i omgjevnadane <ul style="list-style-type: none"> - Signal - Symbol 	<p>Tilvising til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kompleks, samansett verd <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje alltid slik som den framstår - Stor sikkerleik - Symbol/signaleffekt - Omgjevnadsfokus <ul style="list-style-type: none"> - Gjerne internasjonalt - Eksterne normer og verdier <ul style="list-style-type: none"> - Rett og gale - Rettferd og urettferd - Moderne omgrep <p>Tilvising implisitt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Laus kopling/fråkopling mellom ord og handling <ul style="list-style-type: none"> - Skapar handlingsrom og valmoglegheiter - Anklagar andre aktørar for hykleri - Konflikterande omsyn <p>Nyttar seg av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Både kategorisk språklege og deontiske verkemiddel - Vage formuleringar - Modale verb: <ul style="list-style-type: none"> - Kombinasjon: Vil/skal og må/bør

Tabell 1.0: Oversikt over konstruerte logikkar og tilhøyrande modalitetar

Eg forventar at vi kjem til å sjå ei variasjon av ulike logikkar nytta. Eg forventar at det vil vere overvekt av instrumentelle særleg hierarkiske modalitetar og tilhøyrande logikkar ettersom politikk i stor grad er tekniske tiltak, spesifikt hjå styringspartia Arbeidarpartiet og Høgre som truleg vil illustrere eigen styringsevne. Eg forventer også at kulturell modalitet og tilhøyrande logikk vil gjere seg i større grad gjeldande i form av vektlegging av kjensler og nasjonal identitet, spesielt grunna Noreg sin identitet som Oljenasjon, gjeldande hos særleg dei ytterleggående partia på kvar sin fløy. Eg trur også det vil vere eit visst innslag av mytelogikk hjå alle partia i form av ein modalitet prega av vage språklege formuleringar, nettopp grunna kompleksiteten og interessemotsetnadane ved klima- og oljeutfordringa.

4.2 Metodologi

4.2.1 Kritisk realisme og ideografisk forklaringsstrategi

Metodologi handlar om ulike måter å sjå, analysere og vite noko om verda (Haverland og Yanow, 2012; Grønmo, 2004). Det er viktig at eg som forskar både er medviten og eksplisitt anerkjenner mitt metodologiske standpunkt (March, Ercan og Furlong, 2018). Mitt metodologiske standpunkt er mellomposisjonen kritisk realisme. Dette betyr at eg legg til grunn korleis røynda både kan observerast direkte, samtidig som “usynlege” strukturar i samfunnet vårt treng konstruksjonar før ein klarer fange slike mekanismar. Konstruksjonane hjelper oss å både kategorisere og forstå den observerbare røynda. For å fange heilskapen av røynda med alle samfunnet sine drivkrefter og årsakene til desse, legg eg til grunn at det er heilt nødvendig med slike konstruksjonar (Furlong og March, 2010; Fairclough, 2010; Skrede, 2017). Teorikonstruksjonen av logikkane og modalitetane blir såleis grunnlaget for det konstruktivistiske aspektet ved min studie, i kombinasjon med den diskursorienterte tilnærminga til tekst og talehandling som eg inspirerast av. Sjølve legitimeringsargumenta og datamaterialet utgjer følgjeleg det positivistiske elementet. Den konstruktivistiske inngangen gir såleis måter, her logikker og modaliteter, eg skal nytte for å kategorisere og søkje forstå drivkreftene bak det som blir sagt.

I kritisk realisme står også metodologisk relasjonisme sentralt. Dette set eg fokus på i studiet gjennom vurderinger av ulike kontekstuelle faktorar kring legitimeringsargumentasjonen i tråd med både organisasjonsteori og inspirasjonen frå KDA (Christensen m.fl., 2021; Grønmo, 2004, s. 44; Fairclough, 2010). Dette medfører fokus på relasjonar mellom individ

og aktører i ulike gjevne situasjonar, og ikkje minst mellom aktører og strukturar. I metodologisk relasjonisme legg ein til grunn røynda som relasjonell som følgjeleg gir rom for tolkning. Dette passar overens med viktigeita av fortolking og kontekstuelle faktorar i dette studiet. På denne måten heng metodologien, metoden og teorien tett saman og kan følgjeleg støtte oss til å finne ei fornuftig tolking av røynda (Grønmo, 2004, s. 45; Torshov, 2018).

Det fins to ulike typar forklaringsstrategiar ein kan nytte for å kunne vidare vurdere rekkjevidda til kunnskapen frå eit studie. Eg vurderer ideografisk forklaringsstrategi som den mest føremålstenlege å nytte i dette studie. Denne forklaringsstrategien retter søkjelyset mot klart avgrensa enkeltstående fenomen eller samfunnsmessige tilhøve. Strategien har som føremål å identifisere og forstå dei særeigne og unike eigenskapane ved dei spesifikke tilhøva som studerast. Kunnskapen takast for å vere gyldig berre for tilhøva som faktisk er undersøkt (Grønmo, 2004, s. 46).

Eg vurderer denne forklaringsstrategien som føremålstenleg ettersom forskingsspørsmåla mine er retta mot nettopp eit bestemt historisk og geografisk avgrensa fenomen. Akkurat den konkrete legitimeringsargumentasjonen har eg som mål å få detaljert kunnskap om, og følgjeleg er dette i tråd med å nytte ein ideografisk forklaringsstrategi. Ved å nytte ein slik tilnærming er fordelene at vi oppnår ein “thick description” (Vromen, 2018, s. 237). Vi får såleis gått i djupna kring legitimeringsargumentasjonen og auka vår kunnskap kring akkurat det situasjonsspesifikke ved legitimeringsargumentasjonen kring den norske oljepolitikken i dette tidsrommet og denne konteksten, som er nøkkelen i det eg er på jakt etter (Della Porta, 2008).

4.3 Caseutveljing

4.3.1 Enkelt-case design: Brenn det kring norsk oljepolitikk?

Kva case du vel i eit studie er avgjerande for kva svar du kan og vil finne (Leuffen, 2007). Kva case ein burde velje avheng både av målet med studiet og tilhøyrande metodologisk forskingsdesign (Toshkov, 2018, s. 230). I dette studiet definerast case som ei eining eg vurderer som så kvalitativt særeigen at den er verdifull å oppnå detaljert kunnskap om (Ragin, 1992). Min case er legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikk i møte med tilspissing av klimavitskapen og klimakrisa internasjonalt spesifikt norsk oljepolitikk i møte med AR6.

Dette gjer mitt studie til eit enkelt-case design med tilhøyrande liten-N design (Leuffen, 2007, s. 145-146).

Det trengs solide grunngevingar for enkelt-case design. Alle caseutveljingar skal ha gode grunngevingar, men slike design møter typisk ekstra kritikk grunna manglande generaliseringsmoglegheiter og må følgjeleg grunnjevast grundig (Bryman, 2016; Grønmo, 2004) Noreg er sagt å vere eit av verda sine rikaste land, eit demokrati med høg tillit i befolkinga samt ein sterk velferdsstat med både sterk offentleg styring og særprega av den norske modellen med trepartssamarbeid (Læg Reid, 2020; Myhre, 2022). Hovudårsaka til Noreg sin velstand er den store, norske oljerikdommen. Noreg har følgjeleg lange institusjonelle røtter i si oljeveksemd (Regjeringen, 2021a). Samtidig har Noreg vore eit føregangsland ved fleire høve kring klima og miljø, og har ytra ynskje om å bidrege positivt kring klima- og miljø både her heime, globalt og i framtrudande internasjonale forum (FN, 2022; Berg, 2016; Klimalova, 2018). Noreg har samtidig utvikla sin enorme oljerikdom parallelt med framveksten av dramatiske klimaendringar og ei internasjonal klima- og miljørørsle (Regjeringen, 2021a; Berg, 2016; Trædal, 2018). Norske klimamål har vore ambisiøse og framoverlente, men aldri i nærleiken av å bli nådd (St.meld. 41, 1994-95; Berg, 2016; Aftenposten, 2021b). I 2022 kalla generalsekretæren til FN land som utvider produksjon av fossil energi for radikale og farlege, medan Noreg har søkt å utvide si oljeleiting (Honningsøy m.fl., 2022; Rydje og Holter, 2023). Paradokset og den lause koplinga mellom tilhøvet olje og klima i Noreg har medført skulnadar om dobbeltmoral hjå norske politikarar ved fleire høve både nasjonalt og internasjonalt (Amundsen m.fl.m, 2022).

Då AR6 kom, kan dette seiast å sette legitimitetsutfordringane til norsk oljepolitikk på spissen. “Kode raud for menneskeheita” vart spreidd utover tilnærma alle norske aviser på eit tidspunkt der klimabekymringane allereie var tett på den norske befolkinga etter ein sommar fylt med ekstreme flaumar og brannar i europeiske naboland (Skjetne m.fl., 2021; Brustad, 2021; Aftenposten, 2022). Klimarapporten slo fast at no er skalaen på menneskeskapte klimaendringar heilt eineståande i høve mange århundrer til årtusenar. Mange endringar er allereie irreversible, og berre djup og vedvarande kutt i klimagassutsleppa dei neste tiåra kan stabilisere global oppvarming, slo rapporten fast (IPCC, 2021). FN sin generalsekretær Antonio Guterres slo fast at alarmklokkene frå rapporten var øredøvande og meinte verda var på veg mot ei klimakatastrofe (Guterres, 2021). Det blei slege fast korleis klimautfordringane

måtte behandlast som eit umiddelbart trugsmål (Skjetne m.fl., 2021; Brustad, 2021). Dette sette klima først inn på dagsorden i den pågåande norske valkampen (Aas og Murray, 2021).

Dette medfører at korleis Oljenasjonen Noreg vel å legitimeringsargumentere kring eigen oljepolitikk på dette tidspunktet, følgjeleg kan seiast å vere av kvalitativ interesse. I tillegg er det eit interessant poeng at Elin Boasson, forskar ved CICERO, professor ved UiO og ein av hovudforfattarane bak AR6, peika på korleis det trengs meir forskning kring korleis ein kan gjere klimapolitikk populært (NRK, 2022). Det kan seiast at eit steg på vegen til å gjere klimapolitikk populært, er å forske meir på kommunikasjonen kring den største bremsen på norsk klimapolitikk, følgjeleg olja. Ved å få ytterlegare verktøy for å kategorisere typisk legitimeringsargumentasjon, kan potensielt nytte dette inn i kartlegging av korleis dei ulike argumentasjonsvariantane engasjerer og ikkje engasjerer befolkninga. Til slutt kan denne kunnskapen potensielt nyttast for å teste ut kva for argumentasjon som kan legitimere også potensielt meir inngripande tiltak hjå befolkninga.

Dette studiet inntek følgjeleg ein synkron strategi. Synkrone data er data om tilhøve på eitt enkelt tidspunkt framafor diakrone data som er data om same tilhøve på fleire tidspunkt (Grønmo, 2004). Her vil følgjeleg ikkje føremålet vere å teke for seg oljediskursen over tid i form av eit longitudinelt studie, men heller teke for seg eit kritisk augneblink og potensielt brot kring norsk oljepolitikk og -klimakommunikasjon. Her skal vi vurdere korleis legitimeringsargumentasjonen går føre seg på akkurat dette tidspunktet med tilhøyrande akkurat denne kontekst.

4.3.2 Strategisk utval: fange breidda av norsk oljepolitikk

For å kunne observere den norsk-politiske legitimeringsargumentasjonen som univers, har eg strategisk valt ut fire observasjonseiningar for å gjennomføre ei utvalundersøking (Grønmo, 2004). Eg har valt ut Arbeidarpartiet, Høgre, Miljøpartiet de Grøne og Framstegspartiet. Årsaka til kvifor eg har valt desse, er ynskje etter å famne breidda av synspunkt og posisjonar i norsk oljepolitikk innanfor eit føremålstenleg rammeverk.

Arbeidarpartiet og Høgre er såkalla styringsparti, og representerer klassisk venstre- og høgreside i norsk politikk (Arbeidarpartiet, 2023; Høgre, 2023). Sidan dei første oljefunna i

1969 har partia nesten utan unnatak alltid vore involvert i regjeringsmakt (Regjeringen, 2021b; Berg, 2016). På denne måten er inkludering av dei to partia såleis nøkkelen til å forstå kva som går føre seg i hovudlinjene av norsk politikk, og har følgjeleg vore dette over lengre tid. Framstegspartiet og Miljøpartiet dannar vidare til saman det vi kan kalle ytterpunktta, utstikkarane, på kvar si side av norsk klima- og oljepolitikk. Framstegspartiet ynskjer å sterkt vidareutvikle norsk oljepolitikk, meiner Noreg har den reinaste olja i verda og er sterk motstandar av det dei omtalar som symbolske klimatiltak (Framstegspartiet, 2021b). Miljøpartiet har derimot sett sluttdato for norsk oljeproduksjon og har heile sin identitet i klima- og miljøørsla (Miljøpartiet, 2021b; Miljøpartiet, 2023).

Eg vil med dette argumentere for at dei fire partia Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Miljøpartiet Dei Grøne samla kan representere ein vesentleg del av norske politiske parti i høve olje- og klimaspørsmålet, og samla sett seie noko vesentleg om totalen av legitimeringsargumentasjonen som går føre seg kring norsk oljepolitikk i denne tidsperioden. Desse partia vil leggjast til grunn for den teoretisk generaliseringa som her gjennomførast med føremål om å utvikle ein heilskapleg forståing av gruppa og konteksten som desse partia til saman utgjer, følgjeleg den norsk politiske legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikk i møte med AR6, ved å observere nettopp desse utvalde einingane (Grønmo, 2004).

Det skal merkjast at dei ulike partia sine legitimeringsargument også vil vektleggjast ulikt utifrå eit sett kvalitative vurderingar. Vektinga er viktig ettersom kva for sosial posisjonering og makttilhøve ein utfører modalitetshandlingar frå, vil verke på i kva grad mottakarane ressonnerar med budskapet (Fairclough, 2003; Skrede, 2017). Styrings- og regjeringspartia Arbeidarpartiet og Høgre sine legitimeringsargument vil difor vektleggjast tyngre enn tilsvarande hjå ytterfløyane Framstegspartiet og Miljøpartiet (Arbeidarpartiet, 2023; Høgre, 2023; Framskrittspartiet, 2023, Miljøpartiet, 2023). Grunnen til dette er korleis partia er valt ut for å seie noko overordna om legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk. Såleis er det sentralt å utføre ein kvalitativ og transparent vurdering av korleis partia og deira argument skal vektast mot kvarandre. Styrings- og regjeringspartia Høgre og Arbeidarpartiet sine argument vil vektleggjast kvalitativt tyngre enn ytterfløyane ved Mdg og Frp. Styringspartia vurderer å ha både ein instrumentell og institusjonell sterkare posisjon i det politiske landskapet enn ytterfløyane. Dette vil seie at Mdg og Frp må presentere kvantitativt

fleire legitimeringsargument innan ein modalitet før dei leggjast til grunn å ha ein tilsvarande verknad samanlikna med styringspartia.

Det fins ingen metode for å rekne på kor stort utvalet av observasjonseiningar bør vere med tanke på presisjon og sikkerleik for slutningane vi trekk om universet i kvalitative studier. Både sjølve utvalet av partia som presentert og størrelsen på utvalet er basert på strategiske vurderingar. Eit viktig kriterium for vurderingane er eit teoretisk metningspunkt, såleis avslutting av utveljinga når inkluderinga av nye einingar ikkje tilfører ny vesentleg informasjon som både er relevant for problemstillinga, og ny samanlikna med informasjon tidlegare einingar har bidrege til (Grønmo, 2004, s. 104). Eg legg til grunn at ved å inkludere styringspartia og ytterpunktene i klima- og oljepolitikken, har vi nådd eit teoretisk metningspunkt der vi har tilstrekkeleg informasjon og representasjon av kvalitativt ulike typer standpunkter samt ulike ideologisk forankra innfallsvinklar til olje og klima til å kunne trekkje slutningar til legitimeringsargumentasjon for norsk oljepolitikk som heilskap og seie noko vesentleg om tilhøyrande bakenføreliggjande logikkar. Det hadde vore praktisk mogleg i dette høvet å undersøkje heile universet, men det må gjennomførast ei avgrensing av praktiske årsaker i ramma av ei masteroppgåve.

4.3.3 Confirmationbias i enkelt-case studier

Å vere medviten utfordringar kring caseutveljingstrategien i eit forskingsdesign er viktig, særleg for eit enkelt-case studie grunna den tidlegare nemnde kritikken typisk for slike studier (Leuffen, 2007, s. 46). Det ligg i enkelt-case studiet sin natur å vere utsatt for såkalla bias, følgeleg fordommar og partiskheit. Den mest relevante formen for bias her er såkalla confirmationbias.

Confirmationbias handlar om å bekrefte førutintatte haldningar og oppfatningar, og eit studie som det føreliggjande er spesielt utsett for slik bias. Utifrå mitt ontologiske og epistemologiske utgangspunkt, går eg inn i studiet med oppfatninga av korleis eg som forskar er ein del av verda eg studerer. Eg kan følgeleg aldri vere fullstendig objektiv eller fri frå faren for confirmationbias. Difor er det viktig at eg er transparent kring alle val som blir gjort. På denne måten kan andre vurdere mine val saman med reliabiliteten og validiteten av mitt

studie. Eg må grunngeve vala mine godt, og vere open og transparent kring eigen bakgrunn og innfallsvinkel.

Eg har stor personleg politisk interesse, og dette vil unekteleg vere del av meg som forskar og har naturlegvis medverka til kvifor eg forskar på nettopp det fenomenet eg gjer. Eg skal likevel søkje å vere empatisk nøytral og alltid open i møte med datamaterialet. Mine val og konklusjonar må vere solid grunngeve og forankra i teori. Eg må også tydeleg forklare kvifor eg hevdar at dette er tilfelle. På denne måten kan lesaren kan følgje mi tankjerekke, argumentasjon og konklusjonar og gjere opp sine egne vurderingar. Studiet skal vere opent og transparent for kritiske blikk. Eg som forskaren må vere medviten eigen bakgrunn og medbragte fordommar gjennom heile min forskingsprosess for å motverke potensiell confirmationbias og for å kunne skape hold i mine tankjerekker, teoretiske innfallsvinklar, funn og konklusjonar og følgjeleg overbevise om dette. Dette er typisk framgangsmåte i kvalitative studier (Leuffen, 2007; Grønmo, 2004).

4.4 Datainnsamling og -analyse

4.4.1 Utval av tekst- og talehandlingar

Når ein har valt case, må eit utval kjelder utveljast før ein gjennomfører ei datainnsamling. Kva for datakjelder ein burde velje avgjerast av problemstillinga og tilhøyrande forskings spørsmål. Eg ynskjer å undersøkje legitimeringsargumentasjon og i tråd med den inspirerte diskursorienterte innfallsvinkelen, vil eg difor analyse argumenta frå observasjons- og analyseiningane ved å gjere eit utval av tekst- og talehandlingar (Grønmo, 2004; Fairclough, 2010).

Eg har såleis valt å teke for meg dokument som kjelde, meir spesifikt i form av både skriftlege og munnlege tekstar frå dei utvalde observasjonseiningane, derunder partia, i perioden. Eg ser det som føremålstenleg å ideelt sett både velje kjelder som tidsmessig finn seg kring og mellom lanseringsdatoane av AR6, og av både mangfaldig art og forum som følgjeleg kan seiast å bli nytta av partia for å promotere og legitimere egne politiske standpunkt. Eg vurderer potensielle veljarar som dei primære mottakarane av desse legitimeringsargumentasjonen. Ein kunne her også vurdert andre mottakarar som oljenæringa og klima- og miljøorganisasjonar, men eg legg her til grunn at veljarane er det ultimate

grunnlaget for demokratisk legitimitet og såleis er veljarane ei hovudmålgruppe for legitimeringsargumentasjonen til partia.

Til ei kvar kjelde er det viktig med kjeldekritikk. Ein må også vurdere dei ulike kjeldene også før ei vel å nytte dei i datainnsamlinga. Eg må spesifikt vurdere kjeldene si relevans og truverde. Det er viktig at eg vurderer om kjeldene eignar seg til å svare på problemstillinga, og i kva grad noko kan svekkje truverda ved ei kjelde (Grønmo, 2004). Likevel er det nettopp eit poeng at eg søkjer å få tak i ekstern legitimeringsargumentasjon og tilhøyrande logikkar og modalitetar frå norske politiske parti retta mot veljarane. Følgjeleg er poenget ikkje om politikarane er truverdige i sine fråsegn i den forstand om dei meiner det dei seier eller ei. Poenget er korleis dei søkjer å legitimere oljepolitikken i offentlegheita, også om dei gjer dette via fråkoplingar mellom tale og vedtak. Mi interesse ligg i formidlinga til omgjevnadane og veljarane samt korleis legitimitet blir søkt skapt, ikkje minst kva som kan seiast å vere logikken bak. Viss det er ei fråkopling mellom det politikarane hevdar og det som er å finne i deira gjeldande politiske program til dømes, blir dette vurdert som eit interessant funn som kan nettopp kaste lys over legitimeringsargumentasjonen.

Når ein skal strategisk velje ut datakjelder for diskursanalyse, rår Neumann (2001) å nytte såkalla kanoniske tekstar (Skrede, 2017). Dette er tekstar som har ei sentral rolle i diskursen. Dei blir ofte vist til samt dannar grunnlag for debatt. Eg skal som kjent ikkje gjennomføre ei fullverdig diskursanalyse, men eg let meg inspirere metodisk av denne innfallsvinkelen til å gripe logikkane som ligg bak legitimeringsargumentasjonen og ser difor etter tekstar som på ulike vis kan vere sentrale i dei politiske partia sin kommunikasjon ut mot veljarane.

Eg har arbeidd utifrå ein føresetnad om at partia søkjer å nå så mange veljarar som mogleg så effektivt som mogleg med sine meningsytringar. Såleis må kjelda vere høgst tilgjengeleg og gjerne frå ei i større grad populærkulturell kjelde som er velegna til å nå mange veljarar. Såleis har eg vurdert TV-program og populære nyheitsprogram på radio, podcast, artiklar frå nokre av dei største avisene i Noreg samt Facebook innlegg på offisielle politikar-side som slike kjelder. Eit poeng her er også ein viss balanse mellom kjeldemateriale knytt til dei ulike utvalde politiske partia og til ulike forum, og også her vil eg førehalde meg til eit teoretisk metningspunkt (Grønmo, 2004, s. 104).

Kjeldene eg har valt ut, legg eg til grunn oppfyller desse kriteriene. Mediene er valt utifrå kvalitative kriterier for typiske kverdagslege kjelder for nyheiter frå dei største leverandørane, som både har evne til å nå veljarar som direkte oppsøk kjeldene, men også som der veljarar kan falle over informasjonen i sitt urelaterte kvardagsysse. Desse kvalitative kriteriene ligg til grunn også ettersom det ikkje er oppdaterte tall på lesar-, følgjar- og sjåartal til alle relevante kjelder å finne, og følgjeleg vurderast ei kvalitativ heilskapleg tilnærming som likeverdig å nytte og framleis føremålstenleg i eit kvalitativt studie. Kjeldetvalet framgår av vedlegg 1. Eg nyttar også eit teoretisk metningspunkt for å vurdere teoretisk metningspunkt også i høve utval av desse kjeldene med tilhøyrande utval av informasjon (Grønmo, 2004, s. 104).

Det må også her merkjast korleis kjeldegrunnlaget ikkje er idealistisk. Verda går ofte ikkje heilt føre seg slik ein forskar kan ynskje, og følgjeleg er det ikkje eit like stort mangfald av kjelder jamnt fordelt utover ulike tidspunkt gjennom perioden, ei heller eit like vidt spekter av typer kjelder og informasjon, som kunne vore heilt ideelt frå eit teoretisk perspektiv. Eg vil likevel tale for at kjeldegrunnlaget er klart tilstrekkeleg for å kunne seie noko om legitimeringsargumentasjonen i perioden kring norsk oljepolitikk. Årsaka til dette er ikkje minst korleis den ujamne fordelinga og ikkje-funna i dette høvet også er eit funn i seg sjølv. Det faktum at den andre del- og synteserapporten i liten grad vart debattert i norsk offentlegheit, seier både noko om skiftande legitimeringsbehov og legitimeringsprosessen som allereie var starta frå lanseringa av AR6. Begge desse aspekta kan fortelje oss noko om legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk. På denne måten kan mangelen på ideell likevekt i datagrunnlaget kaste eit vidare lys over legitimeringsargumentasjonen ved å glimte med sitt fråvær.

Ikkje minst er også dette studiet ute etter å fange det kritiske møtepunktet mellom internasjonale klimatilhøve og nasjonal oljepolitikk, såleis legitimering av norsk oljepolitikk i møte med AR6. Det mest kritiske punktet, som kan teste legitimiteten til sitt ytste, er følgjeleg same tidspunkt som det er mest intensivitet i debatten og legitimeringsargumentasjonen. Dette er følgjeleg tida kring den første delrapporten seinsommaren 2021.

4.4.2 Dataanalyse: fanging av institusjonelle logikkar

Eg skal utifrå dokumentkjeldene gjennomføre ei kvalitativ innhaldsanalyse av meiningsytringane som uttrykt kring oljepolitikken til dei utvalde partia (Grønmo, 2004, s. 142). I tråd med ein ideografisk forklaringsstrategi, vurderast kvalitativ innhaldsanalyse her som føremålstenleg. Ikkje minst har Thornton og Lounsbury (2012) peika på at nettopp kvalitative metodar er føremålstenlege for å fange dei institusjonelle logikkane som ligg som drivkrefter bak legitimeringsargumentasjonen (2012, s. 51). Når ein studerer logikkar, må forskarane grunngeve innsikter og generaliseringar til konteksten gjennom fråsegn, observasjonar og “thick descriptions” for å kunne tilstrekkeleg gjere greie for innhaldet av dei ulike logikkane (Reay og Jones, 2016, s. 442).

Nøyaktig korleis ein kan fange logikkar, fins det svært avgrensa diskusjonar om trass det store volumet av studier kring logikkar. Dette kan potensielt gjerast induktivt eller deduktivt der førstnemnde handlar om å utvikle teori utifrå datamaterialet, medan deduktiv tilnærming fungerer motset (Vromen, 2018). Reay og Jones (2016) identifiserer tre teknikkar som typisk blir nytta for å fange logikkar, og her er ein av desse ei deduktiv tilnærming kalla “pattern matching”. Tilnærminga går ut på at ein identifiserer mønster frå ekstern litteratur og deretter samanliknar datamaterialet opp mot ein idealtipe. Idealtypar er velkjent i organisasjonsteorien gjennom klassikaren Max Weber (1922) sitt opphavlege idealbyråkrati. Denne framgangsmåten er også nytta av Thornton m.fl. (2012) som har vidareutvikla synet på institusjonelle logikkar som ligg til grunn for studiet si forståing av konseptet (Reay og Jones, 2016, s. 442). Eg vil følgjeleg nytte nettopp pattern matching som framgangsmåte i mi dataanalyse.

Eg skal såleis nytte logikkane og modalitetane som utarbeida i teorikapitlet med bakgrunn i organisasjonsteorien til å analysere legitimeringsargumentasjonen frå dei politiske partia i møte med veljarane. Metodisk nyttar eg modalitetsomgrepet frå diskursteorien som verktøy for å utbrodere korleis desse logikkane empirisk vil utfalde seg og kan fangast (Grønmo, 2004; Raey og Jones, 2016). Teori kring modalitet vil også vere med å danne grunnlag for kva for slutningar som kan peikast på utifrå måten dei politiske partia har valt å utfalde sin legitimeringsargumentasjon. Eg vil også nytte kunnskapen både frå organisasjons- og institusjonell teori med inspirasjon frå KDA for å vurdere kontekstuelle faktorar og

samfunnsstrukturar kring legitimeringsargumentasjonen, og korleis desse kan potensielt seiast å verke på kvarandre. Eg skal ikkje gjennomføre ei fullverdig diskursanalyse, men lete meg inspirere av denne tilnæringsmåten til materien og konkret nytte modalitet som metodisk verktøy i fellesskap med organisasjons- og den institusjonelle teorien.

5.0 Instrumentell hierarkisk, -forhandlings-, og institusjonell kultur- og -mytemodalitet

5.1 Innleiing

Det er med basis i datagrunnlaget grunn til å slå fast korleis instrumentell hierarkisk, -forhandlings- og institusjonell kultur- og -mytemodalitet gjer seg gjeldande i legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikk hjå dei utvalde politiske partia i perioden. For å såleis presist fange den overordna nyttinga av modalitetane til partia, vil eg framover nytte meg av omgrepet legitimeringsmodalitet som eg har utvikla induktivt (Vromen, 2018). Legitimeringsmodalitet definerer eg som medviten eller umedviten nytting av ein modalitetsform som har som føremål eller potensiale å auke legitimiteten til budskapet som presenterast. På denne måten er legitimeringsmodalitet den overordna nyttinga av ein eller fleire av dei fire presenterte modalitetane der eit legitimeringsargument viser korleis legitimeringsmodaliteten viser seg på setningsnivå. Omgrepet overlappar delvis med legitimeringsargumentasjon og modalitetsomgrepet, men spissar inn påstanden om spesifikk modalitetsnytting i argumentasjon med føremål om å skape legitimitet.

I det vidare skal difor legitimeringsmodalitet gjennom instrumentell hierarkisk-, -forhandlings- og institusjonell kultur- og mytemodalitet utdjupast, illustrerast og diskuterast separat. Dette vil eg gjere ved å nytte meg av analyseskjema som illustrert i førre kapittel. Som vil bli tydeleg, vil det vere fleire moglege måter å kategorisere fråsegnen eller kvart enkelt legitimeringsargument. Likevel er fordelene med ei slik idealistisk tilnærming å gjeve ein måte å fange kjerna i eit fråsegn eller argument, for å deretter kunne diskutere tvetydigheita og dei empiriske implikasjonane av legitimeringsmodalitetane. Eg søker såleis ikkje å framleggje det vidare som den einaste moglege måten å kategorisere mitt empiriske materiale. Eg vonar likevel analysa og diskusjonen vil illustrere tydeleg både korleis og kvifor materialet blir kategorisert slik det blir. Eg vil også frampeike korleis neste kapittel skal drøfte modalitetane opp mot kvarandre og mot logikkane, men i dette kapitlet gjennomgår vi modalitetane separat frå kvarandre.

5.2 Instrumentell hierarkisk modalitet

5.2.1 Toppstyring, verktøy og rasjonelle handlingar

	<i>Abstrakte konstruksjonar</i>	<i>Empirisk tilvising</i>	<i>Empiri</i>
Organisasjons-teoretisk perspektiv →	Organisasjons-teoretisk logikk →	← Modalitet →	Data
Instrumentell hierarkisk logikk	<ul style="list-style-type: none"> - Effektsamanhengar - Styrar handling: <ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar - Målstyring - Rasjonalitet - Kalkulering - Tekniske tilhøve - Alt er verktøy - Toppstyring - Uproblematiske implementering 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising til: <ul style="list-style-type: none"> - Effektar - Konsekvensar - Rasjonalitet - Irrasjonalitet - Verktøy - Kalkuleringar - Uproblematiske koplingar - Toppstyring - Nyting av: <ul style="list-style-type: none"> - Kategoriske språklege verkemiddel - Modale verb <ul style="list-style-type: none"> - Vil, skal, må 	<p><i>“Vi har veldig ambisiøse mål. Vi skal klare å de neste ni årene å kutte utslippene med mer enn 40% i ikke-kvotepliktig sektor. Totalt har vi en ambisjon om mellom 50-55%. Vi jobber på to linjer. Det ene er påbud og regler for eksempel så neste år så skal alle nye ferjer være utslippsfrie. Så skal hurtigbåter bli utslippsfrie. Så skal alle byggeplasser bli utslippsfrie. Dette betyr mye investering i nytt materiell. For å få dette til så har vi sagt at vi skal fortsette å få de nye energiformene til. Vi skal gjøre mye på utslipp i ikke-kvotepliktig sektor, det vi har en avtale med EU om å gjøre. Så skal vi jobbe masse med teknologiutviklingen. Og disse tingene henger sammen. Det viktigste vi kan gjøre for å få frem mer teknologi ved siden av forskning, utvikling og støtteordninger, er at CO2 prisen må opp. For hvis CO2 prisen går opp betyr det at alternative energikilder vil bli mer lønnsomme for folk. Og det skal bli lønnsomt å gjøre de klimariktige valgene fremover. Og ulønnsomt å gjøre de klimafeile-valgene.”</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Erna Solberg, partileiar Høgre. Partilederspørring, NRK. 06.09.21.

Tabell 2.0: Instrumentell hierarkisk modalitet

Instrumentell hierarkisk modalitet er prega av tilvising til effekt samanhangar, eksplisitt og implisitt. Ein viser til rasjonelle, kalkulerte handlingar i tråd med forventade konsekvensar, og vil kritisere andre for irrasjonalitet. Det tilvisast til alt som eit potensielt teknisk verktøy enten direkte eller indirekte, og korleis desse bør nyttast kalkulert i tråd med sett mål. Målstyring og toppstyring er eit viktig tilvisingspunkt som også skjer i tråd med dei forventade konsekvensane av tiltak. Ein problematiserer ikkje implementeringsfasen og stil seg uforståande til påstandar om at denne kan vere til hinder for måloppnåing når handlingar er utført etter forventade konsekvensar.

I denne samanheng vil ein ofte nytte kategoriske språklege verkemiddel. Dette blir nytta for å understreke effektsamanhangar, målstyring og rasjonell toppstyring og handlingar. Det blir også nytta for å understreke irrasjonelle handlingar hjå motpart. Dei kategoriske språklege verkemidla understreker full tryggleik i effektsamanhangar og uproblematiske koplingar mellom mål og tiltak. Difor vil nytte modale verb som kan uttrykkje slike kategoriske samanhangar som vil, skal og må. Desse handlar både om å vise uproblematiske koplingar i eigen argumentasjon, og for å krevje rasjonalitet mot irrasjonalitet hjå motpart. Epistemisk vil instrumentell hierarkisk modalitet uttrykkje eit klart positivistisk verdssyn prega av uproblematiske årsak-verknad. Verda kan observerast direkte, og er uproblematiske å fange og forstå. Ved å opptre rasjonelt vil ein difor kunne få objektiv og truverdig informasjon om verda kring seg som ein følgeleg skal leggje til grunn for konsekvensvurdering og deretter handling.

Dette er ein modalitet ein kan tenkje seg i stor grad vil kunne prege det politiske feltet, legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen. Politikk handlar i stor grad om instrumentelle politiske vedtak innført på Stortinget gjennom ein klart rasjonalisert og tydeleg prosess med omfattande kunnskapsinnhenting. Ei kjerne i politikken er trua på effekten av tiltak frå vår lovgjevande forsamling. Det er ikkje minst enkelt å tenkje at politikarane vil understreke rasjonaliteten i egne vedtak, synspunkt og politikk. Det er også truleg sentralt for legitimiteten til politiske parti å vise både korleis handlingar og synspunkt er rasjonelle, og ikkje minst at dei vil fungere i tråd med føremålet. Det kan tenkjast å svekkje legitimitet dersom ein set spørsmålsteikn kring egne prosessar, vedtak og politikk (Christensen m.fl., 2021).

Presentasjon av den empiriske tilvisinga av modalitetane vil presenterast i kronologisk rekkjefølge etter bidragsposisjon, frå størst til minst. Den hierarkiske modaliteten kan seiast å vere klart prega av Høgre, samtidig som den også pregar partiet sin heilskaplege legitimeringsmodalitet i perioden. Høgre har likevel færre fråsegn samanlikna med andre parti, då særleg ytterfløyane. Det vil framleis leggjast til grunn at Høgre sine fråsegn som regjerings- og styringsparti berer både instrumentell og særleg institusjonell tyngde i heilskapen av både legitimeringsargumentasjonen og -modaliteten. Vidare har eg framstilt modalitetsnyttinga i fråsegnet ved å utheve ord og setningar eg meiner viser til den hierarkiske. Eg har også nytta strek under dei modale verba for å synleggjere desse i fråsegnet, og i brødteksten under fråsegna er modalitetstrekkja frå tabellen markert i kursiv. Ein slik framgangsmåte blir nytta i alle fråsegna i kapitlet.

*“Jeg er faktisk **enig** med Audun at vi er nødt til å ta på alvor den rapporten som kom. Og mener den **meldingen** som vi har lagt frem viser retningen. I tillegg har vi også gjort en ting. Vi **har inngått en juridisk forpliktende avtale** med EU om å **kutte i ikke-kvotepliktig sektor**. Da kan ikke vi skyve vekk regningene til alle andre slik dere no holder på med. Da er det faktisk **samferdselssektoren** som vi **skal kutte over 50% i**, da er det **landbruket** som **skal bidra med mer kutt**, da er det de byggeplassene som **skal være utslippsfrie i 2025**. Vi har en konkret plan for hvordan dette **skal gjøres**. Da **må** det bli dyrere. **Skal** biodrivstoff kunne konkurrere, så **må** fossilt brennstoff bli dyrere. **Skal** vi få de nye industrieventyrene som er store og flotte? Men de **kommer ikke før vi gjør prisen høyere** på de andre. **Derfor gir vi støttetiltak**. Men vi gir også **prisforskjell**. Så tilbakefører vi kroner for kroner til folk. Sånn at vi **skal belønne** at folk gjør en **atferd som er miljøvennlig**, men vi **skal kutte på utslippene**. **Utslippene skal ned, men ikke utviklingen den skal opp.**”*

Erna Solberg, partileiar i Høgre. Partileiardebatten NRK, 16.09.2021.

Det øvre fråsegnet frå Høgre kan seiast å innhelde mykje instrumentell hierarkisk modalitet. Det blir vist til semje som eit uttrykk for *rasjonalitet* innleiingsvis med “eg er faktisk *enig* med Audun”. Solberg viser vidare til *klimameldingen* der denne er ein konkret plan som skal løyse utfordringa ein har føre seg som såleis blir eit uttrykk for *toppstyring*. Partileiaren nemnar fleire *verktøy* i meldinga som kutt i ikkje-kvotepliktig sektor i tråd med juridisk bindande avtale med EU, kutt i samferdselssektoren med over 50%, kutt i landbruk, utslippsfrie byggeplassar i 2025. Desse tiltaka viser til *kalkuleringar* av prosentmessige kutt i utslepp for å nå gjevne mål, og såleis set ein klar *effekt* mellom tiltak og mål som inkluderer *uproblematisk implementering*. Vi ser også tydeleg nytting av *kategorisk* modalitet kring korleis fossilt brennstoff kategorisk må bli dyrare, eller så oppnår ein ikkje målsetjinga om klimakutt og store industrieventyr. Kjernen kan her seiast å vise til ein marknadsorientert rasjonalitet der pris er eit *verktøy* om styrer åtferd til dei ynskja måla. For å understrekje sin kategoriske modalitet har Høgre nytta seg utelukkande av modale verb som “(...) må fossilt

brennstoff bli dyrare” og “(..) men vi skal kutte på utslippene” i tråd med instrumentell hierarkisk modalitet.

“Jeg forstod ikke hva han snakket om fordi de er en del av kvotesystemet. Du inviterte oss i begynnelsen av denne debatten til å få lov til å snakke om hva som skulle skje etter 2030. Og da har eg lyst til å si noen ord om sammenhengen før og etter 2030. For CO2 pris-diskusjonen som vi hadde ista henger jo sammen med å realisere disse store industriprosjektene. Blir ikke det dyrere å forurense, så blir ikke den nye teknologien konkurransedyktig. Da får vi ikke disse eventyrene som oljealderen skal gå over i. Derfor må vi tørre å gjøre de konkrete tingene nå for å realisere det store industrieventyret fremover. Da har vi faktisk et rederiforbund hvor rederne i Norge sier sier at det etter 2030 ikke skal være nullutslippsskip. Det betyr at vi må jobbe intensivt for å få frem de nye energiformene. Derfor har vi en stor hydrogensatsning. Derfor skal vi ha flytende vindkraft. Derfor skal vi sørge for at vi har disse andre store tingene. Det sikrer jobbene. Det sikrer fremtiden i Norge og det får ned utslippene. Og vi må være litt teknologioptimister. Og så må vi som politikere tørre å ta noen tunge grep i begynnelsen for å få til dette. Vi får ikke en stor industri hvis vi ikke tør si at det å forurense må bli dyrere.”

Erna Solberg, partileiar i Høgre. Partileiardebatten NRK, 16.09.21.

I dette fråsegnet rettar Solberg fokus på korleis handlingane til motparten er *irrasjonell*, og anerkjenner difor ikkje fråsegnet derifrå ved å hevde at ho “forstod ikke hva han snakket om fordi de er en del av kvotesystemet”. Partileiaren er deretter oppteken av å få samtalen tilbake på det *rasjonelle* sporet ved å styre fokus vekk frå det irrasjonelle og vise tilbake til CO2-diskusjonen som presentert av programleiar. Her nyttar Høgre *kategorisk modalitet* for å peike på korleis “blir ikke det dyrere å forurense, så blir ikke den nye teknologien konkurransedyktig”. Solberg nyttar det modale verbet “må” i stor grad og understrekjer med dette korleis ein skal teke konkrete *verktøy* i bruk som hydrogensatsing, flytende vindkraft for å oppnå sette *mål*. Her må *toppstyring* og *rasjonalitet* til frå politikarane som må “tørre å ta noen tunge grep” for å få ynskja effekt “til å skje”.

Programleiar: “En stor sak i valgkampen er miljø og oljenæringa si framtid. Og heilt på tampen av valgkampen så kom det ei stor overrasking fra regjeringa. De går inn for å endre oljeskatten, selv om dere i årevis har sagt at det er heilt uaktuelt å gjøre. Koffor har de snudd akkurat nå?”

“Fordi verden forandrer seg. Det er viktig å ha evne til å forandre politikk når verden forandrer seg. Det viktigste som har forandret seg er at klimarisiko har blitt større. Det er bakgrunn for at vi gjør dette. Og så hadde vi et stort oljeforlik i fjor som innførte en form for kontantbeskatningsmodell men med ganske store lettelser i ordningen. Det var for å sørge for at aktiviteten under pandemien ikke stoppet opp. Og at vi var redd for at det skulle bli en veldig stor knekk i oljeøkonomien samtidig. Men vi har jo sett at når vi går ut av den modellen, så må vi se på hva skal vi gjøre fremover. Og fremover så må vi ta vare på at det skattesystemet du har, må være et skattesystem som gjør at en investering du gjør som er lønnsom for skatt, skal være lønnsom også etter skatt. Men så er det sånn at en ulønnsom investering må også være det etter skatt, for å gjøre skattesystemet vårt mer nøytralt. Og det er viktig for at vi, skattebetalerne i Norge, ikke skal ta for stor risiko når vi vet at vi er i en tid hvor etterspørselen etter fossilt brensel kommer til å bli mindre, og hvor oljeaktiviteten også kommer til å bli mindre.”

Partileiar i Høgre, Erna Solberg. Partileiarutspørjing NRK, 06.09.21.

Dette er eit særskilt utfordrande fråsegn å kategorisere skilt frå andre modalitetar. Det kan likevel her seiast at den rådande legitimeringsmodaliteten i fråsegnet er instrumentell hierarkisk ettersom hovudtilvisinga er til *rasjonalitet* i tråd med endra tilhøve: “viktig å ha evne til å forandre politikk når verden forandrer seg”. Det handlar her ikkje om forhandlingar, men om å endre eit *verktøy* nytta av regjeringa via *toppstyring* for å oppnå *ynskja resultat* i tråd med ynskja *effekt*: “Det viktigste som har forandret seg er at klimarisiko har blitt større. Det er bakgrunn for at vi gjøre dette. (...) Og fremover så må vi ta vare på at det skattesystemet du har, må være et skattesystem som gjør at en investering du gjør som er lønnsom før skatt, også skal være det etter skatt, for å gjøre skattesystemet vårt mer nøytralt”. Det understrekkast ved stor nyttinga av dei modale verba: “må” og “skal”. Dette fråsegnet kan illustrere yttergrensene av modaliteten.

Vidare har vi to fråsegn frå Arbeidarpartiet. I heilskap er ikkje instrumentell hierarkisk modalitet den legitimeringsmodaliteten partiet ser ut til å nytte primært, ei heller har partiet stor plass innanfor modaliteten i seg sjølv. Det har likevel sin plass i diskusjonen utover i tidslinja, særleg etter partiet kom i regjeringsposisjon. Det leggjast her til grunn at trass relativt få slike fråsegn frå Ap, berer fråsegn av eit styrings- og regjeringsparti relativ tyngde i ein modalitet grunna deira institusjonelle rolle i det politiske landskapet.

Jeg er helt enig i det Bastholm sa nå. Det er akkurat det vi må gjøre, og vi skal ikke bare lage en klimaplan fra mitt departement, vi skal gjøre statsbudsjettet fremover til klimaplanen. Vi skal integrere klimapolitikken i alle sektorer. Det betyr at samferdselspolitikk, industripolitikk og landbrukspolitikken må være klimapolitikk. For første gang nå i denne regjeringen så gjør vi det sånn at vi skal ha et helhetlig grep rundt dette og vi skal ha utslippsbudsjetter og naturbudsjetter som skal bistå, sånn at vi skal telle sånn som vi teller penger før. Dette er vi faktisk i gang med. Og det er helt riktig det, jeg er veldig glad for det Bastholm sier. Det er nettopp en systematisk tilnærming som er svaret. Det kan ikke bare være en slags idémyldring der det ene prosjektet kommer etter det andre. Du må gå inn i hver eneste sektor og se hvordan kan du få utslippene ned, hvordan kan du få de nye løsningene fram, og hvordan kan du fordele bedre og tenke sosialt. Akkurat geografisk og sosialt ansvarlig.

Espen Barth Eide, klima- og miljøminister frå Arbeidarpartiet. Dagsnytt 18 NRK, 04.04.22.

Eide kan innleiingsvis seiast å vise til *rasjonalitet* via å vise til semje med Bastholm. Deretter viser ministeren frå Ap til klimaplan, departement og regjering som instanser for *toppstyring*. Statsbudsjett, utslippsbudsjett, naturbudsjett, “heilskapleg grep” og “systematisk tilnærming” kan også vere uttrykk for *toppstyring*, men også på konkrete *verktøy* for måloppnåing. Ved å nytte seg av dei modale verba: “du må gå inn i hver eneste sektor”, “vi skal gjøre statsbudsjettet fremover til klimaplan” og “vi skal telle sånn som vi teller penger”, så skapar

Arbeidarpartiet klar *effektsamanheng* mellom det som blir utført av regjeringa og oppnåinga av klimamåla i tråd med instrumentell hierarkisk modalitet.

Vidare kan modaliteten også til ein viss grad sporast hjå ytterfløyane Miljøpartiet dei Grøne og Framstegspartiet. Den er likevel ikkje framtreddande hjå dei to partia, og dei utgjer heller ikkje mykje av den heller avgrensa hierarkiske legitimeringsmodaliteten som heilskap. Når deira instrumentelt og institusjonelt svakare rolle i legitimeringsargumentasjonen setjast i kombinasjon med låg kvantitativ hierarkisk legitimeringsmodalitet, vektast såleis partia sitt bidrag til heilskap svakare. Det er likevel interessant korleis nyttinga vi sporer hjå dei to partia utartar seg annleis enn hjå Høgre og Ap. Fråsegn vil difor framhevast for å illustrere og løfte opp nyansane i modaliteten og legitimeringsargumentasjonen.

Programleiar: *“Også sier rapporten at det er en del land som får det til, og så er det sånn at i Norge har utslippene stått nesten på stedet hvil de siste ti årene. Hva mener du må bli følgene av denne rapporten?”*

“Hele problemet hittil er jo at man ikke har vært villig til å ta i nok. Ikke innen transporten, ikke innen olje, ikke innen industri og ikke landbruk og kjøttforbruk. Som er de fire virkelig store sektorene i Norge når det gjelder utslipp. Derfor må vi begynne å gjøre det mye dyrere å forurense, også når det gjør litt vondt. Og billigere å velge miljøvennlig. CO2 avgiften som vi har vært inne på flere ganger. Regjeringa har jo kompensert for den på dieselprisen, år etter år. Avgiften på bensin- og diesel har vært helt konstant for man har brukt penger på å heller kompensere. For der skal man ikke merke noe. Den vanlige nordmann skal ikke bidra noen ting.”

Une Bastholm, leiar av Miljøpartiet Dei Grøne. Partileiardebatten NRK, 16.09.2021.

Den hierarkisk instrumentelle modaliteten hjå Mdg kan seiast å vise seg som kritikk til gjeldande *irrasjonell toppstyring* via tilvising til korleis det ikkje har vore mennesker på topp til no som har vore “villig til å ta i nok. ikkje innen transporten, ikke innen olje, ikke innen industri og kjøttforbruk”. Implisitt her ligg eit fokus retta mot *konsekvensar* der gjeldande styring ikkje er rasjonell i tråd med klimamåla. Forslag på ny form for *rasjonell* toppstyring i tråd med målsetjinga er nytting av *verktøy* som å gjere det “mye dyrare å forurense (...), billigere å velge miljøvennlig” og CO2-avgifta. Sjølv om utforminga er ulik frå Høgre og Arbeidarpartiet og ein viser korleis irrasjonelle handlingar skapar brot i den elles rasjonelle kjeden, kan modaliteten seiast å vere av instrumentell hierarkisk art.

“Hvis eg hadde vært klima- og miljøminister no så hadde eg vel brukt all mi tid på to ting. Det ene er å få dette inn i et system. Regjeringa må legg fram en klimaplan som er oppdatert til de målan dæm har sagt at dæm skal få til i Norge, og det er jo 55% kutt innen 2030. Det er forøvrig altfor lavt. Norge bør hæva vårt ambisjonsnivå for klimapolitikken. Men i det minste så må man legg fram planen på kordan det her skal oppnås. For det er ingen oppdatert plan fra denne regjeringen. Solberg regjeringa la fram en plan som hadd enda laver mål, den gikk bare opp til 45%. Og den forhold seg bare til fastlandsindustrien. Så planen som ka

*som er den enkeltes bedrift, den enkelte offentlige etat, den enkelte kommunens rolle i den her enorme dugnaden det **må komme fra regjeringa veldig kjapt**. Og det andre **eg ville gjort noe med hvis eg var klima- og miljøminister no**, er å se på ka er de **viktigste barrierane**, ka er de viktigste **motargumentan** klimapolitikken møter gang på gang, på gang, på gang. Og æ mene at det er to ting. Det er sosial omfordeling og det er den geografiske skeivhet vi frykter da med klimatiltakan, ikke sant.”*

Partileiar i Mdg, Une Bastholm. Dagsnytt 18 NRK, 04.04.22

Her viser Mdg til *toppstyring* via klima- og miljøministerposten. Bastholm viser til korleis ulike *verktøy* både bør iverksetjast frå toppnivå, og kva for verktøy som tidlegare har blitt nytta på *irrasjonelt* vis i tråd med for låg *målstyring*. Her er det tydeleg fokus retta mot *effektar* mellom mål og verktøy, der særleg klimaplanen blir vektlagt som eit verktøy for å nå måla for kutt i klimagassutslepp: “Regjeringa må legg fram en klimaplan som er oppdatert til de målan dæm har sagt at dæm skal få til i Norge (...) Men i det minste så må man lægg fram planen på kordan det her skal oppnås (...) Så planen som ka som er den enkeltes bedrift, den enkelte offentlige etat, den enkelte kommunens rolle i den her enorme dugnaden det må komme fra regjeringa veldig kjapt”. Det blir også vist til *tekniske tilhøve* og *kalkuleringar*: “55% kutt innan 2030 (...) gikk bare opp til 45%”. Mdg nyttar også fleire modale verb som “må” og “skal” i tråd med den instrumentelle hierarkiske modaliteten og viste med desse til klare formaningar og klar effektsamanheng.

“Det å bremse oljebransjen ville ha gitt en dramatisk effekt på norsk økonomi. Det ville være å påføre oss selv en krisesituasjon som hadde fått priset i 2014 til 2016 til å fremstå som en mild bris”

Nestleiar i Frp, Ketil Solvik-Olsen. E24, 21.09.2021.

Denne legitimeringsmodaliteten frå Frp kan understrekje korleis mangfaldet av innhald kan potensielt vere stort også innanfor ein og same modalitet. Dette ser vi når vi samanliknar fråsegna her frå Frp og Mdg. Legitimeringsmodalitetane utfaldast svært ulikt, men er likefullt av same art. Det er sterkare ordbruk som har klare trekk frå annan modalitet, men likevel skapar påstandane “å bremse oljebransjen ville gitt ein dramatisk effekt på norsk økonomi” og “(...) påføre oss sjølv ein krisesituasjon” eit fokus på *effekt*, *konsekvensar* og *irrasjonelle* handlingar frå *toppstyringa* av regjeringa i tråd med instrumentell hierarkisk modalitet. Dette er ein legitimeringsmodalitet som såvidt er framtredeande hjå Frp i perioden.

Det er interessant å merkje seg nyansane i skilnadar av legitimeringsmodaliteten her mellom styringspartia og ytterfløyane. Det rasjonelle pregar nyttinga til Høgre og Ap, medan tilvisinga til det irrasjonelle trer tydelegare fram hjå Mdg og Frp sine legitimeringsmodalitetar

Dette kan kome frå dei ulike posisjonane til partia. Ein ytterlegare nyansering korleis fråsegna frå særleg ytterfløyane har klare innslag av ladd ordbruk kring dei klassiske modalitetstrekk, lånt frå ein annan modalitet. Dette kan seiast å nyansere heilskapsinntrykket av legitimeringsmodaliteten i desse fråsegna. Såleis kan nyttinga hjå Høgre og Ap vere meir i tråd med dei idealistiske trekka av modaliteten.

Overordna er det viktig å poengtere korleis kontekst kan farge fråsegna og leie legitimeringsargument i ei spesifikk retning. Spørsmål eller påstandar frå programleiar og motdebattantar kan og ser ut til å verke på legitimeringsmodaliteten her i ulik grad. Høgre ser ut som dei einaste til å fritt vende seg til modaliteten når moglegheita presenterer seg. Dei er også einaste parti som har snudd diskusjonen hit frå ein kontekst som ikkje kan seiast å ha lagt opp til dette. Dette er derimot ikkje tilfelle hjå verken Ap, Mdg eller Frp som ikkje har slike tilfeller å vise til.

Oppsummert står instrumentell hierarkisk modalitet fram, kanskje overraskande, som ikkje-dominerande i heilskapen av den politiske legitimeringa kring norsk oljepolitikk i perioden. Faktisk er nyttinga som heilskap avgrensa. Likevel er det her nyansar som vil kome tydelegare fram i neste kapittel. Høgre viser å vere den fremste nyttaren av modaliteten, og modaliteten pregar klart partiet sine legitimeringsargument i perioden. Ap nyttar hierarkisk modalitet i heilskap meir etter partiet kom i regjeringsposisjon trass likevel i avgrensa grad. Mdg og Frp har mindre innslag av modaliteten, Frp aller minst, og desse vektleggjast heller ikkje med same tyngde som frå styrings- og regjeringspartia.

Dette seier både noko om modaliteten si rolle i den heilskaplege legitimeringsargumentasjonen samt kastar lys over den konkrete legitimeringsmodaliteten hjå dei ulike partia. Det kan potensielt tilseie eit eigarskap til modaliteten hjå Høgre. Det kan også tilseie korleis modaliteten knytt seg tett opp mot dei til ei kvar tid sitjande regjeringspartia. Dette kan teikne eit bilete av legitimeringsverknaden til modaliteten som på ein måte svak ettersom den er kvantitativt lite utbreidd. Men på motset vis kan den også teikne verknaden som kvalitativt sterk både ettersom sitjande regjeringsparti vender hit, og ettersom regjerings- og styringspartiet Høgre i all hovudsak nytta denne utelukkande som legitimeringsmodalitet i perioden.

5.3 Instrumentell forhandlingsmodalitet

5.3.1 Kompromiss, fleire omsyn og tilstrekkjeleg godt resultat

	<i>Abstrakte konstruksjonar</i>	<i>Empirisk tilvising</i>	<i>Empiri</i>
Organisasjons-teoretisk perspektiv →	Organisasjons-teoretisk logikk →	← Modalitet →	Data
Instrumentell forhandlingslogikk	<ul style="list-style-type: none"> - Forhandlingar og/eller samarbeid - Effektar i fokus - Mål: <ul style="list-style-type: none"> - Tilstrekkjeleg godt resultat - Styrer handling: <ul style="list-style-type: none"> - Forventa konsekvensar - Ressursar - Interesser 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising til <ul style="list-style-type: none"> - Kompromiss - Motstridande omsyn - Fleire partar - Best tilgjengeleg kunnskap - Ulike moglegheiter - Årsak-verknad - Gradvis kategorisk språkbruk - Modale verba: kan, kunne, må, skulle, ville, vil 	<p><i>“Arbeiderpartiet har et klart budskap. Forurensar betaler. Vi skal kutte 55%, ferdig snakka, vi er bundet til det i Parisavtalen. Skal vi lykkes med den store omforminga, det skal vi tilbake til i debatten, så må det være rettferdig. Det kan ikke ramme noen grupper som bor spesielle steder og som setter seg imot dette. Derfor sier vi: Co2 avgiften skal øke. Men for bil, der vi ennå ikke er der at alle har elbil, der kommer vi i løpet av dette tiåret vil jeg regne med, også i distriktene. Så sier vi at der skal ikke økningen komme. Og det er det er en rettferdig måte å gjøre det på, da må vi ta kutt andre steder.”</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Jonas Gahr Støre, AP, Partileiardebatten 16.09, NRK.

Tabell 3.0: Instrumentell forhandlingsmodalitet

Instrumentell forhandlingsmodalitet er, i likskap med den hierarkiske varianten, i stor grad prega av fokus på effektsamanhengar. Den skil seg likevel frå den hierarkiske på vesentlege måter ved at fokuset på effektsamanhengar heng saman med tilvising til ufullstendig og uperfekt kunnskap som ein må søkje å handle formålsrasjonelt i tråd med. Heilt sentralt er tilvisinga til forhandlingar, samarbeid og kompromiss. Dette understrekkjast som viktige faktorar som verkar både på utfall og målsetjingar, mellom anna med tilvising til interesser, ressursar og følgjeleg ulike føresetnadar for vurdering av konsekvensar hjå dei ulike partane.

Ulike omsyn og perspektiv, også konflikterande, som må veiast og brynast mot kvarandre er sentrale tilviste poeng. Desse poenga bidreg også til tilvisingane til tilstredsstillande og ikkje ideelle resultat både i eksplisitt eller implisitt form.

Modaliteten nyttar såleis også kategoriske språklege verkemiddel slik den hierarkiske varianten, men i gradvis form der den gradvise vegen mellom to utfall blir understreka. Den vil også nytte seg av modale verb som skapar noko større handlingsrom i høve val enn den hierarkiske varianten, men som samtidig er nøytrale i relasjon til kva retning valet skal gå. Dette kan såleis seiast å vere verb som kan, kunne, skulle, ville. Epistemisk understrekkast her eit positivistisk syn på verda som prega av uperfekte, men klare effektkoplingar. Verda kan observerast direkte i tråd og kunnskap kan og må innhentast, men det er ikkje rasjonelt eller føremålstenleg å søkje å oppdrive all kunnskap i verda før ein kan nå ei avgjerse. Materielle faktorar vil verke på kunnskapsinnhenting, prosessar og utfall.

Instrumentell forhandlingsmodalitet kan som sin hierarkiske medvariant, vurderast å vere ein nødvendig del av politisk felt og tilhøyrande legitimeringsdebatt og -modalitet. Særleg blir dette aktuelt i eit mangfaldig demokratisk system som det norske med mange parti som må søkje saman for å oppnå fleirtal, sjølv i regjering, og ikkje minst grunna den norske modellen (Stortinget, 2022a; Stortinget, 2022b; Stortinget, 2023; Myhre, 2022). Eit slikt system både oppfostrar og er oppfostra på samarbeid og kompromiss. Det kan difor seiast å vere i tråd med norsk kultur, sjølvforståing og identitet at det er både riktig, rasjonelt og nødvendig å oppnå semje og forlik, spesielt kring viktige saker. Dette er nødvendig for at eit system som det norske skal røre seg framover (Myhre, 2022). Dette kan seiast å gjere instrumentell modalitet til ein truleg naturleg modalitet i legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen, ikkje minst kring ei næring som verkar sterkt på det norske systemet i seg sjølv slik som oljenæringa gjer (Regjeringen, 2021b).

Som med den hierarkiske-, skal vi presentere forhandlingsmodaliteten empirisk med start hjå den argumenterbart største bidragsytaren. For forhandlingsmodaliteten er dette Arbeidarpartiet. Modaliteten er også framtrudande i den totale nyttinga av legitimeringsmodalitet hjå partiet. Det kan seiast å ha vesentleg tyngde for modaliteten si rolle i heilskapen av legitimeringsargumentasjonen at Stortinget sitt største parti, samt eit styringsparti med djupe røtter i den politiske utviklinga av velferdsstaten, er fremste nyttar

(Stortinget, 2023; Arbeidarpartiet, 2023). Det er også interessant korleis denne nyttinga gjer seg gjeldande både før og etter Ap er i regjeringsposisjon. På same tid er det også ei vesentleg kvantitativ mengde forhandlingsmodalitet i legitimeringsmodaliteten som heilskap. Såleis kan både ei kvalitativ og kvantitativ vurdering tilseie korleis forhandlingsmodaliteten spelar ei vesentleg rolle i heilskapen av legitimeringsargumentasjonen.

*“Ut av dette så har Norge en stor industrimulighet. Vi kommer ikke til å kutte utslipp gjennom det vi vedtar i stortinget fordi vi vedtar. Vi kommer til å kutte utslipp fordi industrien klarer å produsere med lavere utslipp og gå over til ny kraft. Vi må ha dyktige ingeniører. De må ha forutsigbarhet. Og de må ha støtte. Vi må ha en mer aktiv næringspolitikk. Nå har de som opererer ute i Nordsjøen gått med på å kutte opp mot 50 prosent mot 2030. Det er jo fantastisk at vi kan følge opp det og ut av det kommer det industrimiljøer som kommer til å bli verdensledende. Vi kan kutte utslipp i Norge, men enda viktigere, fordi vi er et lite land, vi kan få verdensledende teknologi innenfor havvind, hydrogen. Da kan de store økonomiene i Brasil [avbryting frå Listhaug frå sida] klart vi skal bruke oljefondet. Så skal vi ha en utviklingspolitikk hvor vi skal gå fra olje for utvikling, til energi for utvikling. **Og hjelpe land der ute med å lykkes med den overgangen.** Kjempespennende.”*

Jonas Gahr Støre, partileiar i Ap. Partileiardebatten NRK, 16.09.2021.

Fråsegnet frå Arbeiderpartiet kan seiast å nytte klassisk instrumentell forhandlingsmodalitet. Det som kan tale til inntekt for dette, er påpeikingar av til dømes “industrimulighet”, “overgangen” og “støtte”. Her viser ein til ein prosess der *fleire partar og forhandlingar* presenterer *ulike moglegheiter* som kan føre *verknaden* vi ynskjer. Støre seier her eksplisitt at det *ikkje* er vedtak i Stortinget som fører til kutt i utslipp i tråd med toppstyring frå den hierarkiske varianten av den instrumentelle modaliteten, men heller nettopp *samarbeid* med andre viktige partar som industrimiljøet og tilhøyrande ingeniørar. Ap viser også til korleis det er viktig å aktivt støtte industrien med *tilstrekkelege ressursar* slik at vi kan “få verdensleiende teknologi” som såleis er i alle sine *interessar*. Støre nyttar modale verb som “kan” som understrekkjer både *årsak-verknad*, men også *valmoglegheiter* i mellom anna “kan kutte utslipp i Norge” og “kan få verdensleiende teknologi” i tråd med modaliteten.

“Men nettopp derfor så må vi ha et utslippsbudsjett per år som er fallende såklart, som blir mindre og mindre. Og så må du si at dette er de utslippene vi har det året. Og da må vi velge. Skal transport få det eller industrien, og hvordan kan det veksle mellom dem. Evt hvordan kan du låne fra ett år til et annet. Men slik at regnskapet går opp. Og der får vi faktisk ganske mye hjelp fra den klimaavtalen vi nå sammen har inngått med EU som jo også faktisk lager instrumenter for dette som vi tar del i gjennom det europeiske Grønn Giv samarbeidet”

Espen Barth Eide, klima- og miljøminister frå Ap. Dagsnytt 18 NRK, 04.04.22.

Dette fråsegnet viser til korleis både modaliteten og olje- og klimafeltet er nettopp prega av *kompromiss, forhandlingar* og *avveiningar* for å nå eit sett mål ved å vise til korleis vi må

velje mellom kutt i transportutslipp eller industri eventuelt korleis dette kan samordnast. Her viser dei samtidig også til *fleire involverte partar*. Ap viser også til trekk frå andre modalitetar i sin klare årsak-verknad samanheng som vist ved nytting av det modale verbet “må”, men det kan seiast at fokus i fråsegnet er retta mot ulike *valmoglegheiter* og såleis kompromiss for å kunne nå målet som følgjeleg er i tråd med instrumentell forhandlingsmodalitet.

Programleiar: “MDG sier at de ikke kan støtte ei regjering som vil fortsette å leite etter olje. Kan du avklare for oss her og nå, kan du gå med på det kravet?”

“Nei. Så da får MDG ta et valg. Hvis de heller vil støtte Erna Solberg og Sylvi Listhaug så må de gjøre det, men her har vi hatt *diskusjon om - det blir ikke store leteaksjoner på norsk sokkel*. Vi har sagt *nei til Lofoten, Vesterålen og Senja men i de områdene hvor Norge i dag har installasjoner, rør, rigger, så skal vi fortsette å kartlegge ressurser*. Og det *mener vi er nødvendig* for å ha økonomi til å klare det grønne skiftet og få fram de nye fornybare energikildene”

Jonas Gahr Støre, partileiar i Ap. Partileiarutspørring NRK, 08.09.2021.

Dette fråsegnet viser ei anna sentral side ved instrumentell forhandlingsmodalitet og legitimeringsargumenta kring norsk oljepolitikk, følgjeleg faktiske *forhandlingar* mellom dei politiske partia kring oljeleting. Dette er på mange måter i skjæringspunktet mellom hierarkisk- og forhandlingsmodalitet, men her leggjast det til grunn at fråsegnet er prega av ynsket om at ein *annan aktør*, her Mdg, skal inngå *kompromiss* med Ap, og viser til korleis dei også sjølve inngår kompromiss for å imøtegå *ulike omsyn* og aktørar.

Dei tre andre partia si nytting av forhandlingsmodaliteten er kvantitativ jamnt låg. Under valkampen vart oljeskatten endra av regjeringa som såleis kan seiast å ha skapt omgjevningar kring Høgre som la opp til nytting av modaliteten (Gausen og Johansen, 2021). Ein slik legitimeringsmodalitet frå regjeringspartiet kan seiast å verke inn på bilete av rolla til forhandlingsmodaliteten. Det kan medføre ei auka tyngde av modaliteten ettersom regjeringspartiet gjorde nytte av den, men det kan også tilseie ei underordna rolle av modaliteten hjå partia forutan Arbeidarpartiet.

Programleiar: “Hva sier du som stemte på dem som stemte nei?”

“*Debatten da dreide seg om litt andre ting*. De som no ser dette *skatteforslaget* tror jeg, og det ser jeg .. no har *flere av fagforeningene* og *i næringsen* kom tydeligere ut og sagt at de *mener at dette er* et bedre, mer robust *skattesystem* også for fremtiden. Jeg tror det var *det man var opptatt av* på Høyres landsmøte, at man *skulle sikre* at man hadde et godt og robust *skattesystem*, men ikke at vi *skulle* ha et *skattesystem* som gjør ulønnsomme investeringer, lønnsomme.”

Erna Solberg, partileiar Høgre. Partileiarutspørring NRK, 06.09.21.

Fråsegnet til Høgre handlar om ei anerkjening av at ein ikkje alltid har *best tilgjengeleg informasjon*, men handlar på bakgrunn av den beste informasjonen tilgjengeleg: “de som no ser dette skatteforslaget (...), komt tydeligere ut og sagt at de mener dette er et bedre, mer robust skattesystem”. Det blir også vist til *ulike partar* som fagforeningar og næringa, og korleis ein implisitt i *samarbeid* kan justere eigne standpunkt i tråd med ulike former for direkte og indirekte *forhandlingar*, og følgjeleg kome fram til det *best moglege resultatet* i tråd med ynskja *effekt* av skattesystemet.

“Poenget er at vi har et voldsomt potensial for stor utbygging av havvind på norsk sokkel. Helt konkret i Sørliche Nordsjø II, som man har lyst ut for havvindproduksjon for eksempel, så sier jo aktørene som er interessert i det feltet at det er egentlig mye større potensial enn det regjeringa har satt et tak for. Tre ganga mer kanskje. Men der vil man jo ikke gi mer plass til havvindaktøren fordi det er oljeinteresser der også. Det her viser for mæ helt tydelig kordan det å begynne å, det å sette en sluttdato, ha en plan for kordan fase ut olja, også er et veldig viktig startsignal til det vi skal leve av istedenfor. Som for veldig mange av leverandørindustrien så er jo det å gi oppdrag til havvind, karbonfangst og -lagring til grønn skipsbygging. Vi har høye ambisjoner på det, men det er jo også viktig at staten er tydelig på kor det er vi vil, og selvfølgelig legg virkemidlan der. Det har man fått til i Storbritannia ved å sette høye mål også sette mål for for eksempel kor masse norske arbeidsplassa skal være involvert.”

Une Bastholm, partileiar Mdg. Partileiarutspørring NRK, 23.08.21.

Vidare har vi kome til Mdg sine forhandlingsfråsegn. Her talar partiet om potensial og korleis regjeringa kan handle annleis ved å lytte til andre *partar* gjennom faktiske *forhandlingar* og *samarbeid*. Bastholm viser til ulike *interesser* og *motstridande omsyn* mellom havvindaktørar og oljeinteresser, og såleis at regjeringa inngår *kompromiss* med feil part. Det blir foreslått korleis forhandlingane kunne gått føre seg med “oppdrag til havvind, karbonfangst og -lagring til grønn skipsbygging” som såleis er korleis ein med basis i *best tilgjengeleg informasjon* kan leggje til rette for å oppnå ynskja *effekt*, følgjeleg oppnåing av klimamåla i så måte. Det er lite nytting av modale verb i fråsegnet, men nyttinga av “vil” viser til korleis ein “vil jo ikke gi mer plass” til oljeinteresser framafor havvindaktørar som kan seiast å understreke forhandlingsaspektet i setninga og fråsegnet.

“Hvis vi faser ut vår olje- og gassproduksjon, er det økt økonomisk innflytelse og makt til Russland og kanskje OPEC-land. Så lenge miljøbevegelsen sier verden har mer olje og gass tilgjengelig enn vi kan bruke, forstår de at det ikke er ressursknapphet. Spørsmålet blir hvem som produserer og hvordan bruke alternative energikilder”

Ketil Solvik-Olsen, nestleiar i Frp. Dagsavisen, 09.08.2021.

Sist ut er Framstegspartiet. Partiet kan her seiast å rette fokus nettopp til forhandlingar, kompromiss og ulike effektar etter ulike handlingar. Tilvisinga til *forhandlingar* kjem både ved tilvisinga til påverknaden av andre *aktørar* som “Russland og kanskje OPEC-land”, miljørørsla og ved å peike på at ein må inngå eit *kompromiss* der spørsmålet blir “hvem som produserer og hvordan bruke alternative energikilder”. Det er også retta fokus til ulike *effektar* ved å vise til at dersom “vi faser ut vår olje- og gassproduksjon” blir effekten av dette “økt økonomisk innflytelse og makt til Russland og kanskje OPEC-land”. Utifrå den *best tilgjengeleg kunnskapen* har verda “mer olje og gass tilgjengelig enn det vi kan bruke”, og då må vi handle utifrå dette der følgjeleg spørsmålet ikkje blir om, men kven som skal utvinne.

Overordna kan det påpeikast korleis dei modale verba frå kategoriseringa gjer seg noko lite gjeldande. Fråsegna har både manglande nytting av modale verb overhodet, men også markante innslag av “må” i legitimeringsmodaliteten som følgjeleg er lånt utanfrå. Det kan tilseie at modale verb gjer seg empirisk mindre viktig i denne formen for legitimeringsmodalitet utan at dette treng å endre den ideelle varianten. Det kan også tilseie at innslag frå andre modalitetar gjer sitt utslag og potensielt skapar behov for ei revurdering kring modale verb i den idealistiske kategoriseringa av modaliteten.

Oppsummert gjer forhandlingsmodaliteten seg vesentleg gjeldande i den heilskaplege legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen kring norsk oljepolitikk. Den spelar størst og mest vesentleg rolle hjå Arbeidarpartiet, innslagsvis hjå Høgre, men lite hjå sistnemnde og ytterfløyspartia. Dette kan tilseie noko om legitimeringsegenskapane til modaliteten. Det kan potensielt tyde på at partia venter seg hit i sin legitimeringsmodalitet for å rettferdiggjere endring i eigne politiske standpunkt og politikk. Dette kan tilseie at modaliteten ikkje alltid presenterast i kvantitativ stor grad, men kan opne for ei kvalitativ vesentleg rolle i legitimering av nye politiske standpunkt. Det kan tilseie ei tyngde i modaliteten når legitimeringspress oppstår. Det er også interessant korleis den likevel ikkje gjer seg større gjeldande, særleg hjå Høgre, Mdg og Frp. Potensielt kan dette handle om presset er konkret mot partiet, eller mot Noreg som heilskap.

5.4 Institusjonell kulturmodalitet

5.4.1 Det passande, kjensler og tradisjon

	<i>Abstrakte konstruksjonar</i>	<i>Empirisk tilvising</i>	<i>Empiri</i>
Organisasjons-teoretisk perspektiv →	Organisasjons-teoretisk logikk →	← Modalitet →	Data
Institusjonell kultur logikk	<ul style="list-style-type: none"> - Styrar handling: <ul style="list-style-type: none"> - Kultur - Det passande - Kontekst - Kompliserte samanhengar - Inkrementell endring i tråd med forventningar og historiske linjer - Utfordrande og avgjerande implementering 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilvising implisitt eller eksplisitt: <ul style="list-style-type: none"> - Korleis ein bør handle <ul style="list-style-type: none"> - Det passande - Kultur - Identitet <ul style="list-style-type: none"> - Interne verdier - Roller - Kontekst - Tradisjon - Historiske linjer - Nyting av verkemidla: <ul style="list-style-type: none"> - Kjensler - Verdier <ul style="list-style-type: none"> - Fellesskap - Verdiladde påstandar - Deontiske språklege verkemiddel - Modale verb: <ul style="list-style-type: none"> - bør, burde, må, måtte, vil 	<p><i>“I dag vil kvinner og menn på norske oljeplattformar skape verdia for nesten to milliardar krone. Dette vil sikre pensjona, sykehjem, sykehus, forsvar og politi. Fremskrittspartiet vil utvikle oljenæringa, ikkje avvike den. Vi vil at verdiane skal skapast i Norge, ikkje Russland og Saudi-Arabia. Dei andre partia vil redde verden. De har alltid råd til bistand, til symbolske klimatiltak som ikkje kutta utslipp, men som bidrar til høgere strømpris. Fremskrittspartiet vil sikre at folk får medisina, vi vil sikre at Noreg skal ha råd til å bygge veia uten bompenga. Vi skal få ned bensin- og dieselavgiftene, vi skal fjerne elavgiftene, vi skal øke minstepensjonen, vi skal slutte å straffe gifte og samboera pensjonista med avkorting. valget på mandag er et skjebnevalg. Fremskrittspartiet vil bygge Norge, gjere det enklere, billigere og bedre for folk.”</i></p> <p>Sylvi Listhaug, partileiar Frp. Partiledardebatten på TV2, 10.09.21.</p>

Tabell 4.0: Institusjonell kulturmodalitet

Institusjonell kulturmodalitet viser først og fremst implisitt eller eksplisitt til kva som vurderast som passande i ein gjeven setting. Ein viser her til kontekstuelle faktorar som understøtter påstanden kring kva som her vurderast som passande. Desse faktorane kan ofte både vere eller knyttast til omgrep som kultur, identitet og fellesskap. Kultur kan her visast som både norsk- eller partikultur alternativt overlappande mellom desse. Ein viser typisk til

dei lange historiske linjene, tradisjonar og såleis viser til det passande som ei inkrementell forlenging av desse. Implementering av tiltak er komplisert, utfordrande og avgjerande for om ein oppnår det som vurderast som passande og følgeleg korrekt. Kjensler, verdiladde ord og påstandar vil stå sentralt i formidlinga av denne modaliteten.

Dette medfører ein modalitet som vil pregast av deontiske språklege verkemiddel. Dei modale verba som nyttast vil følgeleg vere modale verb som kan vise til ulike valmoglegheiter, men som samtidig peiker i ei konkret retning: bør, burde, må, måtte, vil. Epistemisk vurderast verda her som kompleks og følgeleg komplisert å fange. Fenomen som kultur, tradisjonar, normer og verdier kan ikkje nødvendigvis observerast direkte, og må følgeleg bli fanga konstruktivistisk for å både kunne sjå og forstå viktige drivkrefter i samfunnet.

Institusjonell kulturmodalitet kan mange måter vurdast som ei viktig kjerne å ha med seg for eit politisk parti. Eit vellukka parti er typisk noko meir enn utelukkaned sine instrumentelle trekk (Christensen m.fl., 2021). Det handlar for mange om eit grunnleggjande syn på korleis verda burde vere. I enda større grad er det også slik at dersom noko oppfattast om upassande av ulike årsaker, vil det raskt kunne oppstå negative reaksjonar som potensielt kan vere faretruande for partiet. Å handle i tråd med forventningar, verdier og tradisjonar som er karakteristiske for eit parti, er typisk legitimitetsskapande. På denne måten er det enkelt å forvente at innslag av kulturmodaliteten vil gjere seg gjeldande i legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk.

Den institusjonelle kulturmodaliteten gjer seg også nettopp i høgste grad gjeldande i den heilskaplege legitimeringsmodaliteten og med dette legitimeringsargumentasjonen som heilskap. Først og fremst er det Framstegspartiet som gjer seg svært gjeldande her. Faktisk har Frp mange gongar fleire legitimeringsargument enn dei andre partia, og nesten alle er prega av kulturmodalitet. Såleis sjølv om Frp har ein mindre kvalitativ rolle i legitimeringsargumentasjonen er den kvantitative mengder såpass stor at dette får prege store delar av legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen som heilskap.

*“Legger du ned norsk olje **vil** du bare flytte **makt** og ressurser **fra demokratiske land** som Norge til OPEC, Russland og andre **“bandittstater”**”*

Ketil Solvik-Olsen, nestleiar i Frp. E24, 21.09.2021.

Over kan vi sjå korleis Frp nyttar *ladde ord og omgrep* som “legger du ned”, “makt, “demokratiske land” og “bandittstater”. Ved å nytte slike negativt ladde ord tilseier dette også implisitt at desse handlingane vurderast som ikkje *passande*. Handlingane som omtalast står fram av Frp som på tvers av demokratiske *verdier* som står sterkt i Noreg, og spelar også på dei *historiske linjene* frå Noreg som ein stolt oljenasjon. Frp nyttar også det modale verbet “vil” som er i tråd med modaliteten.

“Ej ønsker ikke et sosialistisk styre som øker skatter og avgifter, og som vil legge ned oljenæringa som ej meiner er helt horribelt. Den næringa som har betydd mest for Norge.”

Sylvi Listhaug, partileiar i Frp. Partileiarutspørring FrP på NRK, 30.08.2021.

“Det er helt sprøtt at norske politikere diskuterer og vil legge ned den viktigste næringa dette landet har. Og det er parti som vil legge ned næringa men som på veien vil bruke opp mot 50 milliarder på å elektrifisere sokkelen som vil gi høyere strømpriser. Og du snakker om at Equinor er fornøyd. Selvfølgelig, det er jo skattebetalerne som tar det aller meste av regninga. Og så veit vi det at oljenæringa er så viktig fremover. Derfor vil vi utvikle den, ikke avvikle den. Fordi den fører til velferd, den fører til arbeidsplasser og sikra faktisk at utslippene heller går ned istedenfor å flytte det til Russland og Midtøsten. Land som overhodet ikkje er opptatt av verken menneskerettigheter eller miljø.”

Sylvi Listhaug, partileiar FrP. Partileiardebatten NRK, 16.09.21.

Over ser vi to fråsegn der Frp nyttar *sterke språklege verkemiddel, ladde ord* og spelar på *kjensler* for å få fram sin bodskap. På same tid viser partiet til ulike handlingar som *upassande* og ikkje i tråd med *norske interesser, tradisjon* eller *kultur*: “sosialistisk styre”, “øker skatter og avgifter”, “vil legge ned oljenæringa, “næringa som har betydd mest for Norge”, “helt sprøtt”, “skattebetalerne som tar det aller meste av regninga”, “land som overhodet ikkje er opptatt av verken menneskerettigheter eller miljø”. Ein tilvisar handlingane som brot på *tradisjonen* kring norsk oljeleting og -produksjon som medfører velferd, arbeidsplassar og ikkje auka globale utslepp. Frp repeterer denne bodskapen, og understrekkjer med dette sin legitimeringsmodalitet.

“Regjeringen har valgt å prioritere kostbar symbolpolitikk sammen med SV framfor fornuftig energipolitikk i regjeringsplattformen. Regjeringen og SV tok første steg mot avvikling av oljenæringa da de stoppet den 26. Kongsjonsrunden ved budsjettforliket mellom partiene. FRP har hele tiden ment at både norsk og europeisk energi og klimapolitikk har gått feil vei, og frp har som eneste parti stått opp for norsk olje og gass hele tiden. Dessverre mer og mer alene etter at alle andre partier kun har prioritert kostbar klimapolitikk. EU har satt seg selv i en håpløs energiposisjon, men vi kan hjelpe de ut av den med norsk olje og gass. Frp står på vår politikk som hele tiden har vært riktig oppskrift! Vi foreslår derfor i dag at den 26. Kongsjonsrunde for olje og gass iverksettes så fort som mulig, og garantert senest iløpet av 2023!”

Marius A. Nilsen, klimapolitisk talsperson FrP. Den offisielle facebook-siden til Marius A. Nilsen, 02.03.22.

Frp nyttar mange *ladde ord* og viser til *kjensler*: “gått feil vei”, “dessverre mer og mer alene”, “håpløs”. Dei viser også med *ladde ord* til kampen for det dei vurderer som *passande* i tråd med *norsk kultur* og *tradisjon* for nettopp oljeleting: “kostbar symbolpolitikk” vs “fornuftig energipolitikk”, “første steg mot avvikling”, “har som eneste parti stått opp for norsk olje og gass” i tråd med institusjonell kulturmodalitet.

Under partileiarutspørringa vektlegg også partileiar Listhaug denne legitimeringsmodaliteten i sine fråsegn. Vi skal i det vidare sjå på ei rekkje av desse fråsegna for å illustrere korleis legitimeringsargumentasjonen til partiet går føre seg og såleis formar den politiske diskusjonen kring norsk oljepolitikk.

*“Det dette valget dreier seg om er jo om vi skal fortsette med olje- og gassnæringen vår. **Utvikle den, ikkje avvikle den. Det handler om verdier.**”*

*“Altså teknologiutvikling er jo **utrolig viktig**. Her er jo Norge i front i f.eks. maritim næring. Vi kan både få ned utslipp og tjene penger på det. Det **må** jo være poenget innen alle områder. For det er sånn at selv om noen parti tar utgangspunkt i at Norge skal **redde hele verden**, og **syns det er helt greit at folk blir fattigere**, så **mener vi** at det er **viktig** at vi får ned utslippene og fortsatt skaper **verdier** i dette landet.”*

*“Frp mener at vi bruker **altfor mye** penger på **bistand, innvandring** og integrering og ikke minst på **symbolske klimatiltak**. Da sitter pengene **løst**. Og det **virker som** en del av de andre partiene har som innfallsvinkel at Norge skal **redde hele verden**, men **det kan oss altså ikkje** vi er et **lite** land med ca 5 millioner innbyggere. Så det her vil eg prioritere.”*

Programleiar: *Viktigste sak for deg å få gjennomført i årets valgkamp?*

*“Prøve få slutt på **sløsinga**. Vi bruker **forferdelig mye** penger på **bistand**, på **innvandring, integrering, symbolske klimatiltak**. **De andre partia vil** for eksempel ta strømkabler ut til plattformene **som da ikkje vil gi** lavere utslipp, for den gassen som da brukes går til Europa og forbrennes der. Mens strømprisane for **vanlige folk** kjem til å **gå i taket**. Kanskje må man også bygge **tusenvis** av vindmøller hvis man skal gjøre det som **raserer norsk natur**.”*

Sylvi Listhaug, partileiar i Frp. Partileiarutspørring FrP på NRK, 30.08.2021

Frp viser både eksplisitt til *verdier*, *kjensler* og nyttar *verdiladde ord*: “utvikle den, ikkje avvikle”, “redde hele verden”, “fattigere”, “skape verdier i dette landet”, “altfor mye”. Andre verdiladde ord i denne settingen kan seiast å vere “bistand, invandring” og “symbolske klimatiltak”. Dette viser også til korleis desse handlingane vurderast som *upassande* for *norske interesser*. Det same kan seiast for “forferdelig mye”, “(...) for vanlige folk kjem til å gå i taket, “tusenvis av møller”, “raserer norsk natur”. Dette går såleis på tvers av norsk kultur og interesser og er upassande på vegne av det norske folk.

Programleiar: “*tror hun mener at når dere så rapporten, endret dere noe på deres syn siden den var ganske alvorlig?*”

“*Ja det har jo kommet masse alvorlige rapporter. Og vårt syn er som før at vi er **nødt** til å ikkje **miste hodet**, vi må bruke **realismen** som er viktig for å få ned utsleppa og jobbe over tid. Det kjem ikkje til å **redde** klima at Norge skal **legge ned** oljenæringa og **bli fattigare**. Vi veit jo det at India og Kina dei auka sine årlege utslipp med **ti ganger Norges totale utslipp** og da kan ikkje vi være **helt uansvarlige** her og bidra til at vi blir **et fattigare land med fattigare folk**. Vi må ta det gradvis, og satse på tekonologiutvikling og på utslipp som **lønner seg** istaden for å **bruke penger med begge henda** på tiltak som **kanskje ikkje** gir noe effekt globalt sett. Men flytter **arbeidsplasser, velferd ut av landet**.”*

Sylvi Listhaug, partileiar i Frp. Partileiarutspørring FrP på NRK, 30.08.2021

Gjennom institusjonell kulturmodalitet i tråd med det øvre, legitimerer Frp sine standpunkt ved å vise til rapporten som eit ikkje-brot med *historiske linjer* og tidlegare kunnskap og følgeleg eget syn og handlingar som *passande*. Dei nyttar her *ladde ord* som “alvorlig” for å anerkjenne rapporten, men tilbakeviser dette ved å vise til andre sterke *kjensler* og verdiladde påstandar “vi er nødt til å ikkje miste hodet, vi må bruke realismen”. Partiet viser til korleis handlingar i Noreg er tinga av norsk *kontekst* der det både er passande at vi først tek vare på oss sjølve, men på same tid at dette er truleg betre for klima globalt ved også å nytte ladde ord og kjensler i sin modalitet: “(...) og da kan ikkje vi være helt uansvarlige her og bidra til at vi blir et fattigare land med fattigare folk (...) utslipp som lønner seg istaden for å bruke penger med begge henda på tiltak ”.

Då har vi fått eit bilete av den kvantitative verknaden av Frp sitt bidrag til legitimeringsmodaliteten av kulturmodaliteten. Vidare gjer Arbeidarpartiet også sitt inntog i kulturmodaliteten. Deira legitimeringsmodalitet er ikkje av same kvantitativ mengde som hjå Framstegspartiet, men gjer seg kvalitativt tydeleg gjeldande i den totale modaliteten. Kulturmodaliteten gjer seg dessutan i betydeleg grad gjeldande i den heilskaplege legitimeringsmodaliteten hjå partiet i seg sjølv, og spelar følgeleg ein viktig rolle for rolla til kulturmodaliteten inn i den totale legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk.

“*Vi lever egentlig ikke i oljealderen, men i industri- energialderen. Det har vi vært gjennom hundre år. Det som har gjort at vi kan gå videre og bli en **ledende** oljenasjon, **ledende** gassnasjon på vei inn i **fornybaralderen** er fordi vi har **fantastiske** fagfolk. Så er det to skoler her. Sender vi signal om at vi **slutter**, så er jeg **ganske sikker** på at investeringene, teknologi og **fagfolk forsvinner**. Det er ikke **store nok grønne** næringer nå til at vi kan **slutte** og si vent litt, gå over. Men hva skjer? I fjor vedtok vi en oljepakke for å **redde** leverandørindustrien. Jeg var oppe i Verdal og såg på det verftet, hvordan de kunne jobbe videre med sin*

*oljeplattform. Nå har de fått 50 lærlinger ut av det prosjektet. De produserer mære for havoppdrett, de jobber med havvind. Aker Solutions jobber nå med nye **fornybar**prosjekter. I Sandnessjøen, Egersund. De store anleggene ute på sokkelen for havvind på sokkelen slepes ut fra Kværner på Stord. Hvem **klarer** å gjøre det? Jo, det er de **oljearbeiderne**. Derfor må vi sørge for at vi **må bygge på skuldrene** av dem. **Støtter** den overgangen. **Stopper** vi det, så **mister** vi den muligheten. Da kan ikke vi **gi** det **fulle** bidraget som Norge har mulighet til å **gi**”*

Jonas Gahr Støre, partileiar AP. Partiledederdebatten på NRK, 16.09.2021.

Argumenta frå Ap viser til den sterke koplinga mellom Ap og fagrørsla, og spelar på *verdier*, *kjensler* og ikkje minst *tradisjonar* og *historiske linjer* kring dette: “vært gjennom hundre år”, “fantastiske fagfolk”, “fagfolk forsvinner”, “oljearbeiderne”, “bygge på skuldrene av dem”. Det visast til korleis ein må løfte fram det *passande* og *den norske identiteten* og *kulturen* som ligg i stoltheit av arbeid og samarbeid mellom næringsliv, arbeidarar og stat, og vurderast som i tråd med *tradisjonelle historiske linjer*. Det vurderast følgjeleg som *passande* å handle på denne måten av Arbeidarpartiet. Dette fråsegnet kan merkjast å også ha tunge innfall av andre modalitetar og kan følgjeleg illustrere ytterkantane av modaliteten. Det leggjast her til grunn at hovudintrykket til legitimeringsmodaliteten i fråsegnet er kva som vurderast som *passande* i ein norsk kontekst, dernest i tråd med den norske modellen.

*“Nei, vi har industrien, flere **kutt** fra denne klimakuren, vi kan **kutte** mer enn regjeringen i havbruket. bruke amoniakk i båtbransjen fks. Målene skal vi nå. Vi har lagt fram klimabudsjetter år for år for hvordan vi skal komme dit. Vi skal klare kuttene, men hvis ikke, og det har vi sett Fredrik. **Gule vester i Frankrike**, andre steder, **folk som går mot** fordi det er **urettferdig**. Vi har **sjansen** til å bruke **den norske modellen**. Vi **står sammen**, vi kompenserer de som er **rammet** særlig, da kan vi få til et **skikkelig fellesskap** for å nå målene. Og jeg er **optimistisk** for at vi kan **klare det**”*

Jonas Gahr Støre, partileiar Ap. Partiledederdebatten NRK, 16.09.21.

Dette fråsegnet frå Arbeidarpartiet startar med inntrykket av å tilhøyre ein annan modalitet, men avsluttast slik at det etterlatte inntrykket av fråsegnet og legitimeringsmodaliteten som heilskap kan seiast å vere i tråd med kulturmodaliteten. Konteksten kring fråsegnet kan tilseie korleis fråsegn frå den første modaliteten møtte motstand i debatten og følgjeleg kan ha ført til skiftet av legitimeringsmodalitet. Fokuset som difor leggjast til grunn som pregande for fråsegnet er korleis ein må handle i tråd med det som vurderast som *passande*, *den norske fagrørslidentiteten* og dei følgjeleg *tradisjonelle* og *historiske linjene*: “Gule vester i Frankrike (...) folk som går mot fordi det er urettferdig (..) den norske modellen, vi står sammen (...) da kan vi få til et skikkelig fellesskap”. Dersom dette ikkje gjerast vil implementeringa ikkje lukkast, og såleis kan kulturaspektet seiast å visast til som overordna andre modalitetar i akkurat dette fråsegnet. Ein kan også merkje seg her at “kutt” kan

vurderast som eit ladd ord, til dømes samanlikna med eit tilsvarande relevante synonym som reduksjon.

Miljøpartiet nyttar seg også av kulturmodalitet i sin legitimeringsargumentasjon. Typisk ser vi dette i kombinasjon med andre modalitetar. Samtidig er det eit klart fokus i desse legitimeringsmodalitetane hjå Mdg mot det dei ser som passende mot upassande handlingar.

Programleder: *Men dere har stilt et ultimatum som AP sier er uaktuelt. Har dere ikke gått fra dere all forhandlingsmakt?*

*“Eg mener ikke det. Eg hører SV og Venstre sier det. For dem har jo samme programpunktet men har ikke satt det som **absolutt krav**. Sjøl om FNs generalsekretær står no **foran hele verden** og sier at alle land må **slutte** å ta opp mer kull, olje og gass. Vi kan ikke ta opp all den kull, oljen og gassen, kan aldri forbrenne den uten å egentlig da sette, no fikk vi høre sist uke **en milliard barn over hele verden i livstruende fare** på grunn av klimaendringane og miljøkrisa. Du kan si at det er **rart av oss** å sette et **ultimatum** som et lite parti, **men hvis ikke vi gjør det da så gjør jo ingen det ikke sant**. Og kem skal sørge for at de fire **største** partia i Norge **våkner opp?**”*

Une Bastholm, partileiar i Mdg. Partileiarutspørring Mdg NRK, 23.08.2021

Mdg viser viser til handlingane til andre politiske parti som *upassande*: “kem skal sørge for at de fire største partia i Norge våkner opp?” Partiet nyttar ulike *verdiladde* ord og speler på *kjensler* for å understreke at det som skjer ikkje er *passande*: “en milliard barn over hele verden i livstruende fare”. Her går legitimeringsmodaliteten i grenseland mot mytemodalitet, og kan på denne måten illustrere ein vesentleg ytterkant av denne formen for legitimeringsmodalitet. Dette er den typiske måten Miljøpartiet nyttar legitimeringsmodalitet med fokus retta utifrå kulturmodaliteten med eit trass alt hovudfokus på kva som er passende for Noreg å gjere.

Programleiar: *Apropos olje, kommer økonomien i Norge til å gå under om vi slutter med oljen?*

*“Nei. Og det er så **viktig** å forstå. Når olje og gassen produseres og selges fra Norge, så går ikke de pengan inn på statsbudsjettet, dem går inn i oljefondet. **Fantastisk** fond som **visjonære** politikere bestemte vi skulle ha, **for mange år sida**. Så det fondet **har vi fortsatt selv om** vi slutter å selge meir olje og gass. Faktisk **sjøl om vi skulle ha slutta i morra**, men det er det **ingen som foreslår** i Norge, men til og med om vi hadde slutta i morra så hadde det fondet fortsatt **å vokse**. Det er så **enormt** at det **væks** bare på renter og avkastinger hvert år. **Mye mer** enn de pengan som kommer inn fra sokkelen. Og det er liksom den **sosiale sikkerheten** til Norge. Men det som er **viktig** når vi skal fase ut olja, det er å **hindre** at folk **mister jobben** og blir **arbeidsledige**. Det er jo **viktig** for de familian det gjeld, og det er **selvfølgelig viktig for landet** på en måte. Vi **vil** at folk skal ha jobb. Derfor **mener** vi at det er **viktig** kordan vi gjør det.”*

Une Bastholm, partileiar i Mdg. Partileiarutspørring Mdg NRK, 23.08.21.

Mdg viser her til ein kulturmodalitet som igjen viser bredda av moglegheiter for ein legitimeringsmodalitet som trass store skilnadar frå Frp sin variant, likefullt kan seiast i

hovudtrekk å vere av sorten kulturmodalitet. Miljøpartiet peiker på ei rekkje omfattande endringar som ved første augekast ser ut til å bryte med *inkrementell endring*, men partiet peiker likevel her til korleis endringane er i tråd med *historiske linjer, kultur, tradisjon og norske interesser* som skal beskyttast: “fantastisk fond”, “visjonære politikere”, “og det er liksom den sosiale sikkerheten til Norge. Men det som er viktig når vi skal fase ut olje, det er å hindre at folk mister jobben og blir arbeidsledige.” Her nyttast det fleire *ladde ord* og *omgrep* og viser til *kjensler* både i det nemnde som “visjonære”, “fantastisk”, men også ved å anerkjenne dei negative kjenslene som “å miste jobben”. Mdg nyttar det modale verbet “vil” for å vise til korleis Mdg sin politikk er *passande* i seg sjølv: “vi vil at folk skal ha jobb. Derfor mener vi at det er viktig kordan vi gjør det”. Det er ikkje upassande politikk på tvers av det norske, men tilretteleggjande for norske interesser.

I perioden var det ingen fråsegn frå Høgre som kunne kategoriserast som primært driven av ein kulturmodalitet, sjølv om det fins innslag av slike legitimeringsargument hjå partiet. Oppsummert ser vi såleis korleis kulturmodaliteten gjer seg klart gjeldande i den totale legitimeringsmodaliteten og dernest legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk. Frp er den største bidragsytaren, men Arbeidarpartiet gjer også eit markant inntog. Mdg spelar ei mindre rolle, men gjer likevel eit solid forsøk på å rette fokus på deira former for passande og upassande handlingar i legitimeringsmodaliteten, som følgjeleg søker å kaste eit noko anna lys mot heilskapen av oljepolitikk og tilhøyrande legitimeringsargumentasjon frå dei andre partia. Kulturmodalitet står fram som heilt sentral i heilskapen både for å skape legitimitet gjennom legitimeringsargumentasjonen, men også for å delegitimere andre delar av norsk oljepolitikk. Dette seier noko om den potensielle krafta som kan liggje i nyttingar av ulike legitimeringsmodalitetar, og korleis sterke skuldnadar har evne til å farge og endre både noverande og framtidig politikk, legitimitet og legitimeringsargumentasjon.

5.5 Institusjonell mytemodalitet

5.5.1 Omgjevnader, rettferd og laus kopling

	<i>Abstrakte konstruksjonar</i>	<i>Empirisk tilvising</i>	<i>Empiri</i>
Organisasjons-teoretiske perspektiv →	Organisasjons-teoretiske logikkar →	← Modalitetar →	Data
Institusjonell myte	<ul style="list-style-type: none"> - Komplekse samanhengar med klare løysingar <p>Styrar handling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Verdier, normer og ynskjer i omgjevnadane <ul style="list-style-type: none"> - Rett vs. gale - Korleis handling framstår i omgjevnadane <ul style="list-style-type: none"> - Signal - Symbol 	<p>Tilvising til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kompleks, samansett verd <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje alltid slik som den framstår - Stor sikkerleik - Symbol/signaleffekt - Omgjevnadsfokus <ul style="list-style-type: none"> - Gjerne internasjonalt - Eksterne normer og verdier <ul style="list-style-type: none"> - Rett og gale - Rettferd og urettferd - Moderne omgrep <ul style="list-style-type: none"> - Grøne skiftet - Grøn omstilling <p>Tilvising implisitt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Laus kopling/fråkopling mellom ord og handling <ul style="list-style-type: none"> - Skapar handlingsrom og valmoglegheit - Anklagar andre aktørar for hykleri - Konflikterande omsyn <p>Nyttar seg av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Både kategorisk språklege og deontiske verkemiddel - Vage formuleringar - Modale verb: <ul style="list-style-type: none"> - Kombinasjon: Vil/skal og må/bør 	<p>“Nå har denne debatten gått i veldig sånne vante trakter. Man får inntrykk av at regjeringa har en plan for å halvere utslippene. Det har de overhodet ikkje. Den planen som ble lagt frem i vår den har som mål å kutte 45%, og den har ikke en gang konkrete nok tiltak for å klare det. I den regjeringsperioden til Erna Solberg, så har ho i snitt kutta 1% av norske utslipp hvert år. Den takten må seksdobles for at vi skal være i nærheten av å halvere utslippa i Norge. Og eg mener det er ikke nok en gang. Vi må gjøre mer enn å halvere utslippene i Norge. Hvis verden skal klare å halvere utslippene innen 2030, som er ramma for Parisavtalen, så må de rike, velstående landene bidra enda mer”</p> <ul style="list-style-type: none"> - Une Bastholm, MDG, partilederdebatt 16.08.2021, <i>Partileiardebatten på NRK</i>

Tabell 5.0 Institusjonell mytemodalitet

Institusjonell mytemodalitet er prega av tilvising til normer og verdier i omgjevnadane, typisk internasjonale, som skal vere styrande for handlingar. Trass ei form for tilvising til verda som samansett med konflikterande omsyn, peiker ein her på klare løysingar med stor sikkerleik. Kva som vurderast som rett og gale, rettferd og urettferd er sentralt i modaliteten anten implisitt eller eksplitt, og gjerne saman med moderne omgrep som her grøn omstilling eller grønt skifte. Korleis noko framstår i omgjevnadane, følgeleg symbol- og signaleffektar, visast til som heilt sentralt. Modaliteten er i denne samanheng prega av eit syn på løysingar og utfordringar som noko som oppstår i omgjevnadane, og dermed må adresserast deretter. Dette medfører potensielt det ein kallar for lause- eller fullstendige fråkoplingar mellom ord og handling. Dette vil seie at ein nyttar vage ord og omgrep, unnvikande svar og formuleringar som har som føremål eller umedvite potensielle å skape eit ope rom for tolking, forståing og følgeleg handling. Dette betyr difor ei laus- eller fråkopling mellom kva omgjevnadane har inntrykk av, og kva som nødvendigvis er realiteten. Dette kan ein skape for seg sjølv medviten eller umedviten, eller ein kan rette skuldnadar mot motpartar og skulde dei for slikt hykleri.

Institusjonell mytemodalitet vil såleis innehelde nytting av ein kombinasjon av kategoriske og deontiske språkelege verkemiddel. Det vil kategorisk hevdast at ulike utfordringar er dei viktigaste å handtere eller løysingar dei beste å velje, men grunngevinga for desse vil vere deontisk prega. Ulike utfordringar bør handterast og løysast på ein viss måte fordi dette vurderast som viktig i tråd med normer og verdier i omgjevnadane. Mytemodaliteten vil difor typisk nytte ein kombinasjon av typisk to modale verb som uttrykkjer ulik form for sikkerleik, såleis både kategorisk og deontisk modalitet i samspel: vil eller skal, og bør eller må. Epistemisk er verda kompleks, samansett og ikkje alltid slik den ser ut ved første augekast. Ein ting er kva vi kan observere, noko anna er det som kan røre seg under overflata. Dette medfører også eit komplekst syn på kunnskap som institusjonelt i seg sjølv, eksisterande i omgjevnadane på ulike både observerbare og ikkje-observerbare vis.

Innslag av mytemodalitet i det politiske feltet er som dei andre legitimeringsmodalitetane lite overraskande. I eit komplekst politisk felt med store mengder informasjon, aktørar, forventningar og konflikterande omsyn kan det i mange tilfeller vurderast som nødvendig for politikarar og deira parti å ha rom for ulike handlingar innanfor til dømes ei og same målsetjing (Brunsson, 2007; Christensen m.fl., 2021). Ikkje minst er ord makt, og følgeleg

kan laus- og fråkoplingar vere med å skape romslege omgrep der det er større plass til samfunnsmessig endring. Dette på ein måte som likevel tek relativt vare på legitimiteten til partiet og det politiske feltet. Det kan også seiast å vere noko karakteristisk for det politiske feltet å rette skuldningar mot andre politiske parti. Dette kan både handle om ulik kunnskap, men også ulike interesser og ideologiske utgangspunkt (Fairclough, 2010).

Fråsegn som i sin heilskap er prega av mytemodalitet er ikkje framtrédande i heilskapen av legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikken. Likevel gjer innslag av slike argument på setningsnivå seg vesentleg gjeldande i den totale heilskapen. Modaliteten fins i mange brotstykker i fråsegn der andre legitimeringsmodalitetar er framtrédande. Dette skapar likevel ei totalt sett vesentleg rolle for mytemodaliteten i den overordna legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen. Dette skal vi sjå nærare på i neste kapittel. På partinivå er det derimot Miljøpartiet som står for dei fleste av dei heilskapelege fråsegna som er prega av denne legitimeringsmodaliteten, og mytemodaliteten er også den fremste legitimeringsmodaliteten for partiet. Dette berer ein viss vekt inn i det totale bilete.

*“Ropstad, du kan ikke med fullt alvor begynne resonnementet med at det er de fattigste i verden som kommer til å lide mest av klimaendringene, som du har helt rett i, og så ender det resonnementet med at vi **må** vise moderasjon i Norge! Det er jo nettopp derfor vi **må** forplikte oss til å fase ut olje- og gassnæringa. Det er ikke sant som statsministeren her står og sier, at da er det åpenbart at det kommer til å bli erstatta av produksjon andre steder. Det finnes ingen forskere uavhengig av næringene som sier det. Det forskninga tvert i mot sier, Statistisk Sentralbyrå, ti ledende økonomer i Norge tok til ordet for at det som er mest sannsynlig er at noen av den oljen- og gassen, og da særlig olja, **vil** bli erstatta i andre land, men ikke alt! Så det **vil** ha en viktig global effekt at Norge fuser ut sin olje”*

Partileiardebatten NRK, 16.09.2021, Bastholm

Dette kan seiast å vere eit klassisk fråsegn innan institusjonell mytemodalitet. Her peiker Mdg på korleis det er ei *fråkopling* i fleire av dei andre aktørane sin argumentasjon, både frå fakta og frå samanheng i argumentasjonen. Dette først hjå Ropstad som Bastholm meiner ikkje “med fullt alvor” kan meine alvor med sitt resonnement, og meiner implisitt at dette er ei sjølvmotseiing. Deretter hevdar Bastholm eksplisitt fråkopling mot statsminister Solberg å peike på at “det er ikke sant som statsministeren står her og sier”. Dei modale verba som blir nytta er også ein kombinasjon av tilvising til sikkerleik og å ynskje å peike i verdiladd retning gjennom “vil” og “må”.

“FNs nye klimarapport gjør en ting krystallklart: Årets valg er et klimavalg. Når døtrene mine er på min alder, risikerer de å leve i en helt annen virkelighet enn den vi kjenner i dag. Golfstrømmen kan ha

kollapset, med katastrofale konsekvenser for temperatur, havnivå, dyreliv og levebrødet til alle dem som lever av havet langs norskekysten. Amazonas kan ha blitt så varm og tørr at det er omdannet til en savanne. Hele økosystemer kan bli ødelagt. Tørke, flom, brann og ekstrem hete kan sende flere hundre millioner mennesker på flukt. Kvinner og barn som er sårbare fra før vil bli enda mer utsatt. Vi kommer trolig til å tangere 1,5 grader allerede i løpet av de ti neste årene, mener klimaforskerne. Det er ti år tidligere enn det de trodde for bare få år siden. Heldigvis er det fortsatt mulig å unngå flere av de eskalerende vippepunktene som forskerne advarer mot. Det vil si, det er fysisk mulig, så lenge det finnes politisk vilje. Men vi har det vanvittig travelt. FNs generalsekretær, António Guterres, er i dag tydeligere enn han noen gang har vært: Han sier at dagens klimarapport må bli dødsstøtet for kull og fossile energikilder, før de ødelegger planeten vår. Verden må avslutte all leting etter fossilt brensel og flytte subsidiene fra olje- og gassnæringen over på fornybar energi. Det betyr at Norges neste statsminister må være den som slutter å lete etter mer olje og gass her hjemme. Men for at det skal skje, trenger vi et sterkt MDG på Stortinget som kan sette makt bak kravene om å prioritere barnas framtid. MDG er eneste parti som setter som absolutt krav for å støtte en regjering at Norge stanser all ny leting etter olje og gass. I år har vi gode muligheter til å bryte sperregrensen på 4%, men det kan bli knapt. Hver eneste stemme teller. I dag er dagen for å være rystet. For å være forbannet på hvilken retning norske regjeringer har vært med å skyve Norge og verden. I morgen er dagen for håp. Da åpner stemmelokalene i vår tids viktigste valg! Din viktigste klimahandling er også den enkleste: bruk stemmeretten din, og stem på det eneste partiet som er villig til å gjøre det som skal til for å hindre klimakrisa. Stem MDG, for mennesker og miljø. For en fremtid vi kan glede oss til.”

Une Bastholm, leder av Mdg. På Bastholm si offisielle Facebook side, 09.08.2021.

Dette er eit omfattande fråsegn frå Mdg, men kjernen kan likevel seiast å vere av institusjonell mytemodalitet trass også andre modalitetsinnslag. Partiet sitt fråsegn krinsar kring korleis Noreg må handle i tråd med internasjonale verdier, og korleis dette ikkje har vore tilfelle så langt: “årets valg er et klimavalg. Når mine døtre er på min alder, risikerer de å leve i en helt annen virkelighet enn den vi kjenner i dag”. Dette kan peike mot fleire ting, men det kan seiast å først og fremst peike mot korleis verda ikkje er heilt slik den framstår ettersom vi er på veg mot ei framtid dei fleste ikkje er klar over, i følgje Mdg. “Det er fysisk mulig, så lenge det finnes politisk vilje” viser klart til ei laus koplning mellom gjeldande politiske mål og gjeldande politiske vilje. “Verden må slutte leting etter all fossilt brensel (..) det betyr at Norges neste statsminister må være den som slutter å lete etter mer olje og gass her hjemme” er på mange måter eit frampeik til kva som vil vere handlingar som partiet søker å fråkople frå handtering av klimakrisa og norsk politikk kring olje og gass. “I dag er dagen for å være rystet. For å være forbanna på hvilken retning norske regjeringer har vært med å skyve Norge og verden. I morgen er dagen for håp”. Denne setninga nyttar også andre modalitetar, men samtidig kan den seiast å primært underbyggje laus- og fråkoplingsaspektet i fråsegnet og er såleis prega av institusjonell mytemodalitet. Mgd peiker også på rettferd og rett og gale, ved å peike på ulike aspekter ved verda som kan endre seg, som å “sende flere hundre millioner mennesker på flukt” og kopler dette mot verda sitt oljeforbruk. Partiet nyttar også ein kombinasjon av dei modale verba “vil” og “må” som også peiker mot institusjonell mytemodalitet.

Programleiar: *Det er mange som lurar på tanker om hva Norge burde gjøre for å redusere de globale utslippa og ikke kun i Norge da?*

*“Norge er jo en **olje- og gasseksportør** i dag. Og skiller seg ut i Europa i dag ved at vi har så mye produksjon av olje- og gass som er en **fossil energi**. Det **vil** nok være et **veldig veldig veldig sterkt signal** både til Europa som tar i mot gassen og egentlig hele verden **hvis vi hadde sagt vi skal slutte med det**. Vi **skal** slutte å leite etter meir olje og gass, og vi **skal** slutte å selge det om noen år. **Fordi det vil gjør at veldig mange av dæmtenke at hmm da sett vi i gang og framskynde som det heter, vi setter i gang med våre fornybare investeringa før**. Da satsar vi mer på vindkraft, solenergi, andre alternativa vi har. Så vi mener at det er et **veldig viktig signal Norge gjør** og så **kanskje det aller aller viktigste å huske er at Parisavtalen**, som er den **beste avtalen verden noen gang har hatt for at alle land skal få ned utsleppan sine**, den baserer seg nettopp på det **poenget at alle land skal kutte der dem sjøl har utslipp** ikke sant. I Norge så er det transporten, det er olje og gass, det er industrien vårres og litt fra landbruket da særleg kjøttforbruk eller konsum. Ja.”*

Une Bastholm, partileiar i Mdg. Partileierutspørring Mdg NRK, 23.08.21.

Her taler Mdg direkte om *signaleffekten* av norske handlingar på *internasjonale verdier* og handlinger. Ved å peike på korleis handlingane i Noreg ser ut i internasjonal forstand, kan dette vere med å skape fleire *riktige* handlingar i tråd med Mdg sitt syn. Partiet held fram ved å vise korleis dette kan gå føre seg, og nyttar ein kombinasjon av dei modale verba “vil” og “skal” i tråd med mytemodaliteten.

*“Eg frykte litt at vi også denne gangen er inne i en klimadebatt der vi ikke snakker om hvordan det angår folk og eg trur den **folkelige oppslutninga** som vi begynte litt med, er **utrolig viktig no**. Klimaministeren **må** vite at du har det **norske folk bak deg**. vi er mange som **heier på deg** når du står og fremmer **tøffe krav** om det er til næringsliv eller om det er til oss alle sammen som kan gjør **endringa** i hverdagen vårres. Men da er en konkret oppfordring fra mæ å se etter tiltak, og det kan være støtteordninga for eksempel som gjør det mye lettare for **familia med trang økonomi å delta i det her skiftet**. kom med leasingstøtte til elbil for familia som treng det. kom med skikkelige tiltak for energisparing”*

Dagsnytt 18, 04.04.22, Partileiar Mdg, Une Bastholm.

Her peikar Mdg direkte mot ei *laus kopling* mellom tidlegare handlingar og kva som er det *rette* å gjere. Bastholm er oppteken av korleis ein må kople saman ord og handling, og følgeleg vise til korleis klimapolitikken verkar på folk. Dette er også med på å vise til korleis klimapolitikken *framstår* for folk, og at den kan verke framandgjerande. På same tid har Mgd sjølv ei laus kopling i fråsegnen der dei både peiker på korleis ein treng folkeleg oppslutning før dei peiker på at ministeren har “det norske folk bak” seg. Her skapar ein inntrykk av to motsetnadsfylte situasjonar som finn stad på same tid i tråd med ei laus kopling. Det blir også peika på *rettferd* og det *grøne skiftet* gjennom å peike på at ein må gjere det lettare for “familia med trang økonomi å delta i det her skiftet”. Her er det innslag av andre modalitetar kan merkjast.

Høgre er også kort innom å nytte heilskapleg legitimeringsmodalitet prega av den institusjonelle mytemodaliteten. Sjølv om dette er ved utelukkande dei to illustrerte fråsegna, kan partiet si tyngde og rolle i det politiske feltet, særleg under tida som regjeringsparti med sitjande statsminister, tilseie at legitimeringsmodaliteten berer vekt også i den totale legitimeringsargumentasjonen kring norsk oljepolitikk.

Programleiar: *Ser du på klimakrisen som vår tids største utfordring?*

“Ja, eg ser på det som vår tids største utfordring sammen med et par andre utfordringer. Verdens fattigdom. For det henger sammen. Sultkatastrofer. Altså jeg er opptatt av alle bærekraftsmålene fordi jeg tror de henger sammen. Jeg tror nemlig ikke vi klarer å løse klimakrisen hvis vi ikke samtidig gir folk håp om jobb og utvikling i utviklingsland. For hvis de opplever at klimapolitikken bare blir en utfordring for dem, og ikke også en mulighet, så tror jeg det kommer til å bli vanskelig. Men klimakrisen er helt fundamental for vårt samfunn og vår samfunnsutvikling fremover. Men vi må løse de andre globale utfordringene. Jenter må få gå på skole. Helsen internasjonalt må bli bedre. Mindre barnedødelighet. Alt det andre og de andre andre store langsiktsutfordringene. Og ikke minst må vi få en verden som skaper jobber til folk. For skaper vi ikke jobber til folk, så kommer det også til å faktisk gå utover klimaet. For det ser vi i mange fattige land. De som hugger ned skogen, som begynner med ulovlige aktiviteter skyldes jo ofte korrupte systemer og at folk trenger jobb.”

Erna Solberg, partileiar i Høgre. Partileiarutspørring Høgre NRK, 06.08.21.

Her skapar Høgre ei *laus kopling* mellom spørsmål og svar, og svarer såleis på sett og vis både bekreftande og avkreftande på spørsmålet: “Ja, eg ser på det som vår tids største utfordring sammen med et par andre utfordringer”. Dette etterfølgjast av tilvising til ei rekkje *internasjonale verdier* og utfordringar som må handterast som fattigdom, sultkatastrofer, helse, barnedødelighet, skule. Det skapast i fråsegnet ei *laus kopling* og både ein slags motsetnad mellom *ulike omsyn*, og på same tid eit inntrykk av at alt må løysast saman. Dette skapar ei *laus kopling* og stort rom for ulike prioriteringar, og følgeleg legitimt handlingsrom for partiet.

“Ja Høgre er positiv til Wisting feltet reint prinsippielt, men vi må sjølvsagt få saka til Stortinget før vi kan love at vi støtta den saka, men eg er ganske trygg på at Equinor levera ein søknad som tilfredsstillende dei krava som alle kritikarane har sett søkelyset på i oppfølgingen av Equinor no. Nettopp fordi hele verden vil ha søkelyset mot det som skjer der oppe, det er eit sårbart område, og detta er eksamen for Equinor og dei andre lisenspartnarane der oppe. Så eg er heilt sikker på at dei komme med ein søknad til Stortinget som er god og som tar høgde for at man er i de veldig, veldig sårbare områdene som er oppe i Barentshavet.”

Ove Trellevik, oljepolitisk talsperson i Høgre. Politisk kvarter NRK, 28.10.22.

Høgre skapar her ei *laus kopling* mellom utbygging av Wisting-feltet og dei “veldig, veldig sårbare områdene som oppe i Barentshavet”. Dette blir gjort ved å vise både ei tydeleg støtte

til Wisting og Equinor, som følgjeleg er del av *omgjevnadane* til det politiske feltet, og korleis dei sjølv sagt vil handle i tråd med *forventningane og verdiene i omgjevnadane sine*. Dette på same tid som dei eksplisitt anerkjenner *verdiene* knytt til dei sårbare områda i Barentshavet. Såleis skapast eit handlingsrom der Høgre kan vere for Wisting utan at dette går på kostnad av dei *grøne forventningane og verdiene* i samfunnet. Partiet har nytta seg av dei modale verba “må” og “vil” for å understrekje dette poenget.

Arbeidarpartiet er også inno for mytemodaliteten i sin legitimeringsmodalitet. Modaliteten er ein svært liten del av partiet sin eigen legitimeringsargumentasjon, men gjeve si rolle i det politiske feltet vil vi også her leggje kvalitativ vekt på desse legitimeringsargumenta frå Arbeidarpartiet. Dette tilseier at legitimeringsmodaliteten frå partiet her skapar interessante spel og nyansar i mytemodaliteten.

“Men vi har for lengst tatt innover oss at olje- og gassektoren vil falle kraftig i årene som kommer. Det er gammel nytt. Framtidens jobber ligger i fornybare og bærekraftige teknologier, som karbonfangst, havvind, batteriteknologi og hydrogen, nettopp fordi vi skjønner at etterspørselen etter olje og gass vil gå ned. Vi vil på ingen måte produsere mer enn det verden trenger; men i ingen av disse scenarioene slutter vi med olje- og gass til uka”

Espen Barth Eide, partileiar i Ap. Dagbladet, 09.08.2021.

Her viser Ap på mange måter til klassisk institusjonell mytemodalitet. Her peikast det både på ei anerkjenning av endringar av *verdier i omgjevnadane*: “vi har for lengst tatt innover oss (...) det er gammelt nytt. Fremtidens jobber (...)”. Samtidig som det likevel er ei implisitt tilvising til korleis endring skal skje i tråd med gjeldande *forventningar* kring arbeidsplassar og bedrifter, og dette skapar ei *laus kopling* mellom balansepunktet mellom dei ulike *omsyna* og kva løysinga kan seiast å vere. Det kan såleis seiast å vere ei form for potensiell sjølvmotseiing og *laus kopling* i modaliteten som ikkje blir oppklart: “Vi vil på ingen måte produsere meir enn det verden trenger, men i ingen av disse scenarioene slutter vi med olje- og gass til uka”. Svaret på utfordringa presenterast som implisitt opplagt, men er likevel ikkje framlagt. Dette skapar eit stort *handlingsrom* for partiet samtidig som ein bevarar legitimiteten kring politikken.

“Vi vil ikke ha sluttdato. Det sier også Senterpartiet. Men nei til sluttdato betyr ikke «tut og kjør». Vi vil jo heller ikke låse Norge inne i en fossiløkonomi som verden for øvrig forlater”

E24, 21.09.2021, Ap, Espen Barth Eide

Her kan Ap seiast å nytte institusjonell mytemodalitet. Det er ei *laus kopling* ettersom det er vanskeleg å fange kva hevdningane betyr: “men nei til sluttdato betyr ikke “tut og kjø. Vi vil jo heller ikke løse Norge inn i en fossiløkonomi som verden for øvrig forlater”. Dei viser også til *verdier i omgjevnadar* knytt til *moderne omgrep* som *fornybar og grøn energi* ved å anerkjenne at ein skal gå vekk frå “fossiløkonomi”, men korleis dette skal gå føre seg er opent. Dette skapar følgjeleg *handlingsrom*.

Neste parti ut er Framstegspartiet som kan seiast å ha noko av sin legitimeringsargumentasjon innan nettopp institusjonell mytemodalitet. Dette er likevel ein liten legitimeringsmodalitet hjå partiet som heilskap samanlikna med deira nytting av kulturmodaliteten, som såleis gjer dette til eit både kvantitativt og kvalitativt lite innslag i legitimeringsargumentasjonen. Samtidig er desse innslaga eigna til å kaste nyanserande lys over både Framstegspartiet sin eigen legitimeringsmodalitet, og den heilskapplege legitimeringsargumentasjonen.

Programleiar: *Så du er ikke enig med FNs generalsekretærs klare oppfordring om å kutte ut all leting etter nye olje- og gassfelt i alle land?*

“Jeg er ikke helt uenig med ham heller. Debatten går på to plan. Den norske regjeringa går med en gang på «se hva de sier, da må vi kutte i Norge og norsk energiproduksjon». Vi produserer ikke kull i særlig grad. Poenget er bare at hvis vi kutter gassen, erstattes den heller av kull eller gass fra OPEC eller Russland.”

Ketil Solvik Olsen, nestleiar i Frp. Dagbladet, 09.08.2021.

Frp skapar her eksplisitt ei *laus- eller fråkopling* mellom rapporten frå klimapanelet og egne argument: “Jeg er ikke uenig med han heller. Debatten går på to plan.” Partiet skuldar også regjeringa for å handle blindt i tråd med *eksterne normer* og *verdier*, og skapar med dette ei *laus kopling* i politikken til regjeringa. Partiet viser til korleis det er ei *fråkopling* mellom klimakutt i Noreg og globale klimagassreduksjonar som følgjeleg gjer røynda teikna av det *internasjonale klimapanelet* til noko annleis enn den *framstår* som.

Hvis man mener alvor med miljø- og klimaengasjement, må man gå for løsninger som kan utgjøre en forskjell globalt. Ikke bare sole seg i glansen lokalt. Det er ingen tvil om at menneskeheten forurenser luften, forsuret havet og forsøpler. Det er der vi må begynne. Vi kan gjøre store forskjeller her. MDG har kun kommet med ett virksomt tiltak, og det er at de vil slutte å få barn. Hvis man mener alvor med klimaengasjementet må man dog gå for smartere løsninger, enn det venstresiden predikerer, sier Nilsen.

Stem FrP for en bærekraftig miljø- og klimapolitikk som vil gjøre en positiv forskjell globalt, ikke kun symbolsk svindyr effekt lokalt.

Marius A. Nilsen, stortingskandidat (etter valet: klimapolitisk talsperson) for Frp. Hans offisielle facebook-side, 09.08.2021.

Frp peiker eksplisitt på korleis andre aktørar har *lause koplingar* mellom handling, ord og faktisk resultat, og hevdar *hyklari*: “gå for løysingar som kan utgjøre en forskjell globalt. Ikke bare sole seg i glansen lokalt”. Partiet hevdar her eksplisitt at andre parti er nettopp meir oppteken av korleis handlingane *framstår* enn korleis dei faktisk verkar. Frp skapar også ei *laus kopling* mellom Mdg spesifikt, og kva som er smartere løysingar i tråd med *rasjonelle verdier* og *forventningar* frå omgjevningane: “MDG har kun kommet med ett virksomt tiltak, og det er at de vil slutte å få barn. Hvis man mener alvor med klimaengasjementet, må man dog gå for smartere løsninger”. Modaliteten understrekjast ved nyttinga av dei modale verba “må” og “vil”.

Oppsummert har vi her sett korleis institusjonell mytemodalitet som reine fråsegn ikkje gjer seg i stor grad gjeldande, men det er likevel blitt peika til korleis legitimeringsargument spelar på setningsnivå ei vesentleg rolle for den overordna mytemodaliteten. På denne måten er modaliteten klart ein viktig faktor i legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikken. Miljøpartiet er mest framtrudande i høve heilskaplege fråsegn, medan dei andre partia også har visse nyanserande innslag. Mytemodaliteten kan med dette vere ein modalitet som ved første augekast stå fram som liten, men ved nærare studering kunne seiast å gjennomsyre legitimeringsmodaliteten. Den har såleis evne til å vere ein meir usynleg kraft, og dette skapar eit viktig moment ved legitimeringsargumentasjonen kring som heilskap kring norsk oljepolitikk.

5.6 Legitimeringsmodalitet, rolle og identitet

Legitimeringsmodalitet er eit omgrep som blei introdusert ved starten av dette kapitlet. Vi har her sett korleis dette konseptet har overlapp og fungerer delvis som synonym til legitimeringsmodalitet og modalitet, men eg hevdar at vi også har sett korleis omgrepet viser si nytte. Legitimeringsargumentasjon er eit omfattande fenomen. Fenomenet rommar meir enn dette studiet kan fullstendig fange. Det vi fangar er noko endå meir spissa. Omgrepet legitimeringsmodalitet meiner eg skapar ein nyanse som beskriver meir presist kva vi har fanga ved den norske oljepolitikken i møte med AR6, og at dette har blitt understreka i dette kapitlet.

Vi har sett korleis legitimeringsmodalitetane dannast på ulike måter både innanfor og mellom modalitetane, mellom partia og inn mot den heilskaplege legitimeringsargumentasjonen. Dette har på mange måter stått til forventningane som tidlegare presentert, men det var likevel nokre overraskingar. Overordna ser vi korleis dei hovudsakleg framtrekkande legitimeringsmodalitetane er forhandlings- og kulturmodalitetane. Likevel er mytemodaliteten ein gjennomsyrande kraft som potensielt kan farge bilete meir enn det ser ut til ved første augekast. Hierarkisk modalitet spelar si rolle, trass lågt kvantitativt nærvær, som potensielt kan seiast å ha vore noko overraskande. Dette bilete vil likevel nyanserast. Følgjeleg vil forventningane også vidare fyllast ut gjennom mange nyanseringar i neste kapittel.

Det kan likevel allereie her vere interessant å løfte blikket og diskutere hovudtrekk kring legitimeringsmodaliteten så langt. Vi har sett korleis Høgre åleine pregar den instrumentelle hierarkiske modaliteten og gir den ei viss tyngde. Dette kan vurderast som i tråd med identiteten og rolla som eit næringsvennleg parti med fokus på føreseielege rammevilkår og strenge miljøkrav som følgjeleg skal skape akkurat dei handlingane frå næringslivet som Noreg treng (Høgre, 2021b). Det har blitt peika på korleis denne legitimeringsmodaliteten kan seiast å kunne underbyggje ein marknadsretta rasjonalitet, då grunna same klare effektsamanhengar mellom til dømes pris- og etterspurnad. Det kan også vurderast at ein liberalistisk ideologi også har epistemiske likskapar med denne instrumentelle modaliteten. På denne måten kan dette tilseie ei mogleg kopling mellom liberalistisk ideologi og instrumentell hierarkisk modalitet (Fairclough, 2010).

Vi har også sett korleis Arbeidarpartiet løfter fram både forhandlings- og kulturmodaliteten. Vi viste tidlegare korleis Arbeidarpartiet i partiprogrammet sitt peika på korleis dei skulle *“bidra til å redde verda frå klima- og naturkrisa på ein måte som reduserer forskjellane og skaper arbeidsplassar i Noreg”* (Arbeiderpartiet, 2023b). Dette fråsegnet illustrerer kvifor forhandlings- og kulturmodaliteten kan seiast å vere i tråd med partiet sin identitet og rolle som fagsrørsla si politiske forlenging. Korleis legitimeringsmodaliteten i dei to modalitetane utartar seg hjå Arbeidarpartiet, kan understreke korleis legitimitet for Arbeidarpartiet krinsar kring om fellestrekk med både den norske modellen og velferdssamfunnet som styringspartiet tek sin del av æra for (Bjørgum, 2008).

Framstegspartiet løftar kulturmodaliteten til nye høgder i sin legitimeringsmodalitet, og spelar sterkt på kjensler og verdiladde omgrep. Dette reflekterer også både same tendensar frå partiprogrammet til partiet, “meningslause påbud, forbud og reguleringar som plagar folk”, og kan stå i stil til rolla og identiteten som historisk sett eit protestparti (Frp, 2023a).

Motsetnadsvis er solidaritet for alle menneske og internasjonal klimadugnad noko Miljøpartiet trekk fram som ei kjerne av deira identitet (Miljøpartiet, 2023b). Partiet har også som sjølvverklært føremål å “stanse klima- og naturkrisa” (Miljøpartiet, 2023a). Dette tilseier følgjeleg at Miljøpartiet si identitet og rolle som berer av internasjonal solidaritet gjer myttemodaliteten til ein naturleg hovudlegitimeringsmodalitet i så måte.

Overordna kan Noreg si identitet og rolle i verdsbilete i tråd med dette påståast å vere som Oljenasjonen Noreg som skal bidrege positivt til klima- og miljø globalt (Regjeringen, 2021b; OG21, 2023; Berg, 2016). Dette skapar ei interessant spenning kring norsk identitet og rolle som ikkje skapar eit eintydig bilete på kva legitimeringsmodalitet som kan være føremålstenleg, sett etter ulike målsetjingar (Amundsen m.fl., 2022). Det gjenstår følgjeleg å gå djupare inn i legitimeringsmodalitetane og vurdere nyansar som kan seiast å gå føre seg i feltet, før vi kan løfte opp diskusjonen og sjå kva vi då kan seie overordna om Oljenasjonen Noreg si legitimeringsargumentasjon kring eigen oljepolitikk i møte med auka press frå omgjevnadane i form av tilspissing i klimavitskap og -krisa.

6.0 Modalitet, logikk og norsk klima- og oljepolitikk

6.1 Modalitetar verkar saman

Modalitetar arbeidar ikkje åleine når partia skal legitimere norsk oljepolitikk. Vi har allereie vore inne på korleis det kan vere vanskeleg å fastslå kva for modalitet som pregar eit fråsegn, og dette er nettopp ettersom modalitetane verkar saman. I større eller mindre grad kan også desse modalitetane overlappe kvarandre. Dette gjeld både til dels teoretisk ettersom vi har å gjere med to instrumentelle modalitetar og to institusjonelle, men også empirisk. Det er ikkje minst glidande overgangar mellom når modalitetane kan seiast å overlappe, og før ein kan sei at dei samspekar i eit fråsegn eller ei setning.

	Instrumentell hierarkisk modalitet	Instrumentell forhandlingsmodalitet	Institusjonell kulturmodalitet	Institusjonell mytemodalitet
Instrumentell hierarkisk modalitet		X	X	X
Instrumentell forhandlingsmodalitet	X		X	X
Institusjonell kulturmodalitet	X	X		X
Institusjonell mytemodalitet	X	X	X	

Matrise 1.0 Illustrasjon av samspel mellom to modalitetar

Matrise 1.0 illustrerer korleis alle dei ulike modalitetane kan verke parvis saman med andre modalitetar. Denne viser såleis at alle dei ulike modalitetane kan kombinerast med kvarandre, og korleis dette også er noko som går føre seg mellom dei politiske partia i legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen. Dette skapar såleis eit samspel mellom modalitetane og partia, som både kan seiast å kunne styrke og svekkje verknaden av dei ulike modalitetane og dermed legitimeringsargumentasjonen.

Modalitetane	Moglege kombinasjonar
1	2 + 3 + 4
2	1 + 3 + 4
3	1 + 2 + 4
4	1 + 2 + 3

Matrise 2.0. Illustrasjon av samspel mellom tre modalitetar. 1 = instrumentell hierarkisk modalitet, 2 = instrumentell forhandlingsmodalitet, 3 = institusjonell kulturmodalitet og 4 = institusjonell mytemodalitet

Matrise 2.0 illustrerer kva for kombinasjonar som er moglege også med tre av modalitetane saman, og viser korleis alle kombinasjonar finn sted i datamaterialet. Dette gjeld både på fråsegn- og setningsnivå. Dette kan følgjeleg seiast å auke kompleksiteten til fråsegna og legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen kring norsk oljepolitikk.

	Fråsegn eller setning
Mogleg kombinasjon	1 + 2 + 3 + 4

Matrise 3.0: Illustrasjon av samspel mellom fire modalitetar 1 = instrumentell hierarkisk modalitet, 2 = instrumentell forhandlingsmodalitet, 3 = institusjonell kulturmodalitet og 4 = institusjonell mytemodalitet

Matrise 3.0 viser avslutningsvis kva for modalitetskombinasjonar som kan fins mellom alle dei fire modalitetane. Den viser at alle legitimeringsmodalitetane kan verke saman i eit og same fråsegn eller setning. Dette kan følgjeleg skape ei ytterlegare kompleksitet i legitimeringsprosessen og -argumentasjonen. Det er ei kompleks verd som skal fangast i desse modalitetane, og det er på det reine at modalitetane som presentert er idealistiske. Såleis vil den komplekse røynda ikkje vere like ryddig når politikk skal legitimerast ut mot veljarar, men heller vere nettopp prega av eit samspel mellom desse i ulik grad, med både overlapp og gradvise overgangar. Dette kan seiast å ikkje svekkje modalitetane i seg sjølv eller skiljet mellom dei teoretisk og analytisk, men heller illustrere tvitydigheita som fins både i sjølve kategoriseringane av materialet samt i korleis modalitetane og legitimeringa blir uttrykt i praksis (Cappellarro m.fl, 2023).

6.1 Næringa, oljearbeidaren eller felles front?

Det skjer fleire interessante samspel både mellom modalitetar, men også parti. Kva for sosial posisjonering og makttilhøve ein utfører modalitetshandlingar frå, vil som nemnd verke på i kva grad mottakarane ressonnerar med budskapet. Difor er det høgst relevant for vurderinga kring legitimeringsmodaliteten, kva for aktør som presenterer dei. Kva for posisjonering og makt eit parti innehar, vil også verke tilbake att på legitimeringsmodaliteten. Følgjeleg vil begge desse tilhøva kaste sitt preg over det politiske feltet. Difor er det relevant å vurdere modalitetane både opp mot kvarandre, men også i høve partia, deira posisjon og makttilhøva kring desse og korleis desse skapar ulike utslag i legitimeringsmodaliteten (Fairclough, 2003; Skrede, 2017; DiMaggio og Powell, 1983).

Det kan her merkjast at det følgjeleg er fleire parti i feltet som vil ha sin verknad på parti, legitimeringsmodalitet og felt. Dette kan vurderast som naturleg i eit politisk system som det norske. Som tidlegare nemnd er det ikkje høve til å gå inn på desse i ramma av dette studiet. Det leggast likevel her til grunn korleis utvalet kan seiast å vere representativt for dei vesentlegaste trekkja ved legitimeringsargumentasjonen til norske parti på oljefeltet, inkludert samspelet mellom desse fire. Følgjeleg er det nettopp dette samspelet som vil vere i fokus.

Som tidlegare påpeika, er Høgre i stor grad prega av den instrumentelle hierarkiske modaliteten. Det er likevel dryss i deira fråsegn av andre modalitetar, då konkret forhandlings- og mytemodalitet. Høgre blandar modalitetane ved å kombinere uproblematisk målstyring saman med ei implisitt tilvising til korleis fleire partar er involvert ved nytte av kategorisk modalitet. Høgre let ofte oljenæringa og NHO vere implisitte aktørar (Høgre, 2021b). Det er likevel framtredeande korleis samspelet står i sentrum i deira legitimeringsmodalitet, med hovudsakleg trekk frå forhandlingsmodaliteten saman med den klare målstyringa til hierarkisk-. *“For CO2 pris-diskusjonen som vi hadde ista henger jo sammen med å realisere disse store industriprosjektene. Blir ikke det dyrere å forurene, så blir ikke den nye teknologien konkurransedyktig”* (Partileiardebatten, 2021).

Fokuset til Høgre er føreseielegheit for næringa på ein slik måte at den blir styrka i den internasjonale konkurransen fremma gjennom kategorisk modalitet (Høgre, 2021b). Såleis er det her eit samspel mellom hierarkisk-, forhandlings- og mytemodalitet i dei implisitte og til tider eksplisitte internasjonale samarbeidstilvisingane. *“Jeg forstod ikke hva han snakket om*

fordi de er en del av kvotesystemet” (Partileiardebatten, 2021). Det kan seiast å vise til ei fullstendig tiltru jf. kategorisk modalitet til internasjonalt samarbeid og korleis desse uproblematisk vil føre til målsetjinga, som følgjeleg er eit interessant samspel mellom dei tre modalitetane. Legitimeringsmodaliteten viser til påstandane som objektive fakta og er etablerande for det epistemiske synet på verda som fremjast.

På andre sida finn vi Arbeidarpartiet som har mange tilvisingar til korleis ein bør handle jf. deontisk modalitet. Overordna samankoplar og delvis overlappar partiet mellom forhandlings- og kulturmodalitet i deira legitimeringsmodalitet, med innslag av mytevarianten. *“Vi har sjansen til å bruke den norske modellen”* (Partileiardebatten, 2021). Her visar Ap direkte til det tette trepartssamarbeidet som har vore med å forme den norske velferdsstaten, som såleis er ein overlapp mellom dei to modalitetane forhandling- og kultur- og kva som er ynskja handling jf. deontisk modalitet (Arbeiderpartiet, 2023b; Myhre, 2022).

“Det som har gjort at vi kan gå vidare og bli en ledende oljenasjon, ledende gassnasjon på vei inn i fornybaralderen er fordi vi har fantastiske fagfolk” (Partileiardebatten, 2021). Det blir vist til stoltheita av nasjonen, stoltheita av det å vere arbeidar og ikkje minst implisitt vist til dei historiske linjene i tråd med både kultur- og forhandlingsmodalitet, men også saman med moderne omgrep frå mytemodaliteten (Arbeidarpartiet, 2023b). Det er følgjeleg på det reine at samarbeidskulturen og delvis tilvising til moderne omgrep er i kjerna av korleis Arbeidarpartiet søker å legitimere oljepolitikken i perioden, særleg under valkampen like etter lanseringa av første delrapport i 2021. Det spelast på nostalgiske kjensler, fagrørsla og det som kan kallast identiteten som ein samarbeidsnasjon.

Dei to styringspartia viser her tydelege kontrastar i sin legitimeringsmodalitet. Hjø Høgre er legitimeringsmodaliteten prega hovudsakleg av hierarkisk modalitet, medan Arbeidarpartiet ein overlapp mellom forhandlings- og kultur-. Høgre og Arbeidarpartiet skapar med dette også ulik vektlegging i si kopling opp mot utvalde eksterne partar. Høgre fokuserer på forhandlings- og mytemodaliteten i si tilvising til eksterne partar, medan Arbeidarpartiet framhevar dette ved forhandlings- og kulturmodalitet. Desse ulike koplingane kan løfte fram skilnadane i kva for samarbeidspartnarar partia vurderer som mest relevante i sin legitimeringsargumentasjon der Høgre lener mot oljenæring samt internasjonale aktørar og

avtalar, medan Arbeidarpartiet lener mot oljearbeidaren og fagrørsla (Høgre, 2021b; Arbeiderpartiet, 2023).

Vidare er nyanseskilnadane innanfor korleis legitimeringsmodaliteten hjå partia ser ut, også kontrastfylt. Ap styrar eit kvalitativt fokus med ei retning frå deontisk modalitet, medan Høgre vektlegg fokuset til kategorisk modalitet vesentleg i sin legitimeringsmodalitet. Dette tilseier at legitimeringsmodalitetane saman med det øvre evner å framheve dei ideologiske skilnadane mellom Høgre og Arbeidarpartiet, og deira legitimeringsargumentasjon i perioden (Arbeiderpartiet, 2023; Høgre, 2023).

Det er likevel på det reine korleis styringspartia har blitt aukande like med tida, og mange hevdar skilnadane mellom partia er meir på papir enn i praksis (Bakken, 2023). På denne måten kan legitimeringsargumentasjonen potensielt vere det sentrale stedet partia vil framheve nettopp desse ideologiske skilnadane for å hevde sin plass i det politiske feltet. Akkurat dette kan vi seiast å kunne sjå i legitimeringsmodaliteten, og dette kan kaste lys over både legitimeringsargumentasjonen og potensielt norsk oljepolitikk. Er det viktigare med tilsynelatande ideologiske sigrar enn å skape ein unison front i klima- og oljespørsmålet, som likevel i praksis er lik politikk? Under koronapandemien kan mange av slike ideologiske skilnadar seiast å ha blitt dempa for å handtere den dåverande krisa (Koronaloven, 2020). I samband med den russiske invasjonen av Ukraina, har fleire parti gjort politiske snuoperasjonar for å legitimere sending av våpen til ukrainarane etter den russiske invasjonen i februar 2022 (Haugan, 2022; Kristiansen, 2023). Den tilsvarande krisehandteringa ser ikkje her ut til å gå føre seg mellom dei to norske styringspartia.

6.2 Internasjonal rettferd, nasjonal velferd eller gjensidig kansellering?

Ein annan kontrast finn vi hjå ytterfløyane i klima- og oljespørsmålet, Framstegs- og Miljøpartiet. Partia har to primært ulike, men begge utprega institusjonelle legitimeringsmodalitetar. Det kan innleiingsvis merkjast ein viss teoretisk overlapp mellom dei to institusjonelle modalitetane. Det kan i ei rekkje høve seiast å vere overlapp mellom kva som vurderast som passende jf. kulturmodalitet, og kva som vurderast som rett eller gale jf. mytemodalitet. Det er teoretiske nyansar i markering av avstand til kontekst, men i praksis vil dette kunne føre til overlapp.

Med eit samspel mellom Mdg og Frp kring kva som følgeleg vurderast som passande i oljepolitikken mot kva som vurderast som rett og gale i internasjonal klima- og energikonktext, skapar partia her betydningsfull avstand mellom legitimeringsmodalitetane deira. Dette skjer i praksis gjennom delegitimering av motpartane, og her er kategorisk- og deontisk modalitet effektive verkemiddel. «*Bruk stemmeretten din, og stem på det eneste partiet som er villig til å gjøre det som skal til for å hindre klimakrisa*» (Bastholm, 2021). «*FrP har hele tiden ment at både norsk og europeisk energi og klimapolitikk har gått feil vei, og frp har som eneste parti stått opp for norsk olje og gass hele tiden. Dessverre mer og mer alene etter at alle andre partier kun har prioritert kostbar klimapolitikk*» (Nilsen, 2022).

Frp og Mdg har utstrakt nytting av samspelet myte- og kulturmodalitet. Likevel står legitimeringsmodalitetane fram svært kvalitativt ulikt. Dette handlar følgeleg om kvalitativt ulik og konflikterande politikk, men det kan seiast å bli fanga i balansen mellom kultur- og mytemodaliteten i samspelet (Fremskrittspartiet, 2021b; Miljøpartiet, 2023b). Frp nyttar primært kulturmodalitet med innslag av myte-, medan Mdg primært nyttar myte- med vesentlege innslag av kulturmodalitet. Ettersom det er to institusjonelle modalitetar, skapar dette tydelege motsetningar. Samspelet i modalitetane skapar også ulik retning. Frp med si hovudvekt på kulturmodalitet skapar eit nasjonalt fokus. Mdg skapar motsetnadsvis eit internasjonalt fokus ved si primære nytting av mytemodalitet. Dette viser korleis samspel mellom og innanfor modalitetar kan skape store handlingsrom i legitimeringsmodaliteten.

Partia nyttar ikkje minst mykje kategorisk- og deontisk modalitet. Denne kombinasjonen skapar eit skarpt skilje mellom dei to legitimeringsmodalitetane hjå Mdg og Frp. På denne måten formidlar partia også gjennom legitimeringsmodaliteten ein kamp mellom to motpolar. Den eine tilsynelatande gjensidig utelukkande for den andre; internasjonal rettferd mot nasjonal velferd. Dette kan på ei side vurderast som grunna to kvalitativt ulike tilnærmingar til oljepolitikken, men det kan hevdast at slike motpolar kan skapast alle stadar med kombinasjonen kategorisk- og deontisk modalitet i ein følgeleg institusjonelt prega legitimeringsmodalitet. Ikkje minst når vi vurderer dette saman med ei ulik vekting mellom dei to institusjonelle modalitetane, kan verknadane vere effektfulle. På mange måter skapar denne nyttinga av dei to institusjonelle modalitetane såleis eit trugsmål mot kvarandre, der det i dette tilfellet ikkje er mogleg at begge parti har legitim oljepolitikk samtidig (Miljøpartiet, 2023b; Fremskrittspartiet, 2021b).

Faren som kan følgeleg kan kome av slik legitimeringsmodalitet, er polarisering. Polarisering kan medføre stillestand i praktisk politikk. Dette kan vi hevde å sjå i perioden der sterke ordlag vart etterfølgt av lite til ingen legitimeringsargumentasjon etter valkampen og fram mot 2023. Det er på det reine at ord kan kome som erstatning for faktiske tiltak, ettersom legitimeringsbehov kan bli dekkja av bilete av handling (Brunsson, 2007). Det er difor fare for at verknadane av Mdg og Frp si legitimeringsmodalitet var på den eine sida styrking av den politiske identiteten til partia, men samtidig gjensidig kansellering framafor å trekkje den praktiske politikken i ei av dei to retningane (Miljøpartiet, 2023b; Fremskrittspartiet, 2021b).

Eit anna interessant poeng i dette høvet, er korleis Mdg og Frp også understrekjer eksplisitt symbol- og signaleffekten av politikken, og dette på motset vis i sine versjonar av institusjonell legitimeringsmodalitet. «*Det vil nok være et veldig veldig veldig sterkt signal både til Europa som tar i mot gassen og egentlig hele verden hvis vi hadde sagt vi skal slutte med det*» (Partiutspørjing, 2021). «*Regjeringen har valgt å prioritere kostbar symbolpolitikk sammen med SV framfor fornuftig energipolitikk i regjeringsplattformen*» (Nilsen, 02.03.22). Her understreker partia sine poeng ved å nettopp tale eksplisitt om signaleffekten av handlingar. Dette ved å kombinere legitimeringsargument også frå ein tredje modalitet, nemleg forhandlingsmodaliteten. Desse legitimeringsmodalitetane blir igjen styrt i kvar si retning, nasjonal mot internasjonal, grunna ulik hovudmodalitet. Dette viser korleis koplinga saman med fleire modalitetar kan snu desse i ulike retningar, skape svært ulike samspel og eit dess større handlingsrom og variasjon innanfor legitimeringsmodaliteten.

Legitimeringsmodaliteten til ytterfløyane kan følgeleg seiast å skape steile frontar og bidrege til polarisering i det politiske feltet. Vi har også sett korleis dei kvalitative skilnadane mellom partia reflekterast i ulik nytting og vektlegging innanfor legitimeringsmodaliteten. Dette tilseier at modalitetsomgrepet evner å fange legitimeringsargumentasjonen som her går føre seg mellom ytterfløyane, inkludert nyanseskilnadar.

6.3 Hierarkisk effekt eller rasjonalisert fråkopling?

Vi har sett korleis den instrumentelle hierarkiske modaliteten ikkje prega mange heile fråsegn i legitimeringsargumentasjonen til partia, unnateke Høgre. Likevel har modaliteten ved ei rekkje tilfelle spelt rolla som legitimeringsargument i fråsegn prega primært av andre modalitetar. Dette i større og mindre grad med alle partia. Den sentrale verknaden av ei slik

gjennomføring av både ein enkelt legitimeringsmodalitet og heilskapen til legitimeringsargumentasjonen hjå alle partia, handlar om korleis dei hierarkiske legitimeringsargumenta blir nytta. Den blir nytta i samspelet for å skape tydelege effektsamanhengar hjå dei andre modalitetane.

Spesifikt blir det hierarkiske nytta i legitimeringsmodaliteten slik at den forsterkar trekk frå andre involverte modalitetar. Noko framstår som tydeleg passande til dømes, fordi eit hierarkisk legitimeringsargument skapar ei utvetydig målkopling i legitimeringsmodaliteten. Noko anna står fram som kategorisk rettferdig, fordi eit hierarkisk legitimeringsargument forsterkar den kategoriske koplinga i påstanden. På denne måten er hierarkiske nyttinga og samspelet i legitimeringsmodaliteten potensielt svært mektig. Ein kan både få fram det beste frå dei institusjonelle modalitetane, samtidig som ein kan styre utvetydig etter forventa konsekvensar og nå måla ein set seg. Dette kallar eg for ein *hierarkisk effekt*.

Denne hierarkiske effekten understrekar kor viktig bilete av nettopp effekt mellom tiltak og mål ser ut til å vere for legitimeringsargumentasjon på klima- og oljefeltet. Det er viktig at det vi gjer verkar slik vi ynskjer, og følgjeleg at det skal styrast i tråd med nettopp måla vi set oss. Den høge graden av hierarkisk effekt tilseier at desse verdiene står sentralt i legitimeringsargumentasjonen på klima- og oljefeltet. Dette kjenner vi også att frå dei mange og ambisiøse klimamåla Noreg både har, hatt hatt og delar med andre (St.mld. nr. 41, 1994-95; St.mld. nr. 21, 2011-12; St. meld. nr.13, 2014-2015; St. meld. nr.41, 2016-17; Klimalova, 2018; Meld. st. 13, 2020-2021).

Å skape slike koplingar er naturlegvis freistande legitimeringsmodalitet å nytte for politiske parti. Å stå fram som handlekraftig, og som at ein evner å handle i tråd med sette mål, er naturleg nok sentalt i eit politisk landskap. Likevel stemmer ikkje alltid slik legitimeringsmodalitet overeins med røynda. Institusjonelle koplingar er typisk meir epistemisk komplisert enn dei instrumentelle, tek lenger tid å endre, og difor kan koplinga skape eit epistemisk skeivt bilete i legitimeringsmodaliteten. Det kan skape bilete av korleis noko kan løysast enkelt, medan i røynda er det heller svært komplisert og samansett. Det kan vere ein legitimeringsmodalitet som såleis er svært effektiv for å skape legitimitet her og no, men kan potensielt vere risikabel. Det gjer legitimiteten sårbar for kva som skjer når ein oppdagar at koplinga ikkje stemte med røynda likevel.

Det er sjeldan vi faktisk veit nøyaktig kva eit tiltak vil føre til i praksis. Verda og politiske prosessar er kompleks, samansett og følgeleg vanskeleg å forutsjå, og dette gjeld destod meir for gjenstridige problem som klimakrisa (Rittel og Webber, 1973). Dette skapar utfordringar for legitimiteten til hierarkisk effekt på legitimeringsmodalitet, knytt særleg til klima- og oljepolitikk. Her kjem den tidlegare omtala laus- og fråkoplinga inn. Med klima som det moglegvis ultimate gjenstridige problem, kan målstyring og ei tilsynelatande målstyring såleis seiast å vere to sider av same sak (Neby og Zannakis, 2020). Det er ei hårfin linje mellom å vise effektkopling mellom mål og tiltak, samt når ein styrer handlingsrommet og skapar eit ikkje reelt bilete av denne effektkoplinga, følgeleg ei laus- eller fråkopling mellom tiltak og effekt. Dette kallar eg for ei *rasjonalisert fråkopling*. Den skapar ikkje vage, fråvikande formuleringar som nokre fråkoplingar gjer. Den nyttar rasjonaliserande trekk som liknar den hierarkiske i samspel med andre modalitetar og skapar eit illusorisk bilete av ei effektkopling.

Det fins mange slike hårfine balansar i slik legitimeringsmodalitet i perioden. Når vi set dette i samanheng med mislukka klimamål, kan ein spørje seg om den reelle legitimeringsverdien og i kva grad nokon av desse legitimeringsmodalitetane eigentleg kan innehalde hierarkiske effektar framafor berre rasjonaliserte fråkoplingar (Berg, 2016; Aftenposten, 2021b). Det er også enkelt å sjå korleis ein hierarkisk effekt, som i realiteten er ei rasjonalisert fråkopling, kan vere eit mektig legitimeringsverktøy. Den er vanskeleg å fange, skapar handlingsrom og står fram som rasjonell. Det er vanskeleg å svekkje denne legitimeringseffekten ettersom den er vanskeleg å både avsløre og bevise på kort sikt. Dette tek meg likevel vidare frå modalitet-til logikknivå.

6.4 Frå modalitet til logikk?

Spørsmålet er om eg kan heve nivået i tabellane og trekkje slutningar frå modalitet- til logikknivå. Eg har konstruert kombinasjonen og koplinga mellom logikk og modalitet, og det er difor sentralt for denne studien å vurdere i kva grad og eventuelt på kva måte kombinasjonen kan vere føremålstenleg og fruktbar.

Det er eit slags hierarkisk tilhøve mellom modalitet og logikk, der logikkar er meir aggregerte størrelsar enn modalitetar. Dette skapar ein kompleks samanheng mellom omgrepa. Modalitet er handfast og handlar om korleis ein uttrykkjer ein bodskap, medan institusjonelle logikkar er meir komplekse (Fairclough, 2010; Thornton m.fl., 2012). Logikkar handlar om kva som kan liggje bak ytringar som beskrivne i modaliteten, og er følgjeleg eit hakk opp på abstraksjonsstigen. Dette gjer desse meir komplekse å fange (Friedland og Alford, 1991; Thornton m.fl., 2012; Reay og Jones, 2016). Logikkar handla nemleg om fleire faktorar enn utelukkande observerbart språk. Det kan vere alt frå verkemåtar kring politiske tiltak til åtferdsmønstre til organisasjonsformar og vidare (Friedland og Alford, 1991; Thornton m.fl., 2012)

Vi har likevel sett korleis vi klart kan identifisere modalitetane i legitimeringsargumentasjonen i tidsperioden. Vi ser også korleis vi kan finne att poenga frå legitimeringsmodalitetane i partiprogramma (Høgre, 2021b; Arbeiderpartiet, 2023; Fremskrittspartiet, 2021; Miljøpartiet, 2023). Det er dessutan på det reine korleis logikkane og modalitetane kjem frå organisasjonsteoretiske perspektiv. Dette kastar lys over nettopp handlingar og logikkar som eksisterer i organisasjonar. Det dannar eit sterkare bakgrunnsteppe for å seie noko om logikkar i organisasjonar (Christensen m.fl., 2021). Kombinasjonen av desse faktorane saman med delvis overlapp mellom modalitet og logikk, tilseier at modalitetane har eigenskapane til å kunne peike i retning av logikkane og fange vesentlege trekk. Det er likevel viktig å vere merksemd på korleis dette datamaterialet ikkje gir innblikk i intensjonar som ein vesentleg del av logikkar (Friedland og Alford, 1991; Thornton m.fl., 2012). Det vil difor her argumenterast for at modalitet ikkje kan fortelle oss heilskapen kring logikk slik at vi kan trekkje slutningar direkte frå modalitets- til logikknivå. Men at vi likevel kan peike i den retninga. Det vurderast såleis som interessant å løfte blikket og sjå på moglege koplingar frå modalitet- mot logikknivå.

Det kan her merkjast korleis alle fråsegna kjem i gjevne kontekstar. I desse kontekstane fins det mange ulike typer forventningar. Forventningane er knytt til både kva innhaldet i politikken skal vere eller bestemte måter å vere, snakke og kommunisere (Selznick, 1957; Scott og Davis, 2016; Christensen m.fl., 2021; Meyer og Rowan, 1977; March og Olsen, 1984). Dette har vi delvis vurdert ved å sjå nærare på ulike trekk ved partia og samspelet mellom dei. Likevel kan forventningane vere fleire enn dei nemnde. Det kan handle om nær

kontekst som valkamp, gjeldande lovverk, samarbeidspartnarar eller internasjonal kontekst. På denne måten kan ein ved å vurdere kontekst for det enkelte fråsegn eller samtale, også kunne diskutere utover sjølve innhaldet om også konteksten kan seie noko breiare om korleis vi kan tolke logikken som ligg bak.

Det kan vidare også tenkjast andre kontekstar enn dei vurderte der tilsvarande tematikkar blir vurdert i ein norsk-politisk samanheng. Dette kan vere under avstemningar i Stortinget, budsjettprioriteringar og interne forhandlingar. Det kan medføre potensielt også andre logikkar innan oljefeltet enn utelukkande dei fire eg har presentert. Logikkar er kanskje nettopp summen av alle typar politiske handlingar som tolkast på bestemte måter. Det er viktig å merkje seg at ein ikkje kan utelukke at det er andre faktorar som spelar ei rolle når ein skal snakke om nettopp logikk- framafor modalitetsnivå. Dette kan følgeleg vere ein konsekvens av at konstruksjonane kring logikk er breie, medan modalitet er spissa. Når vi såleis beveg oss tilbake til logikknivå, blir moglegheitane og alternativa, som logikkomgrepet i seg sjølv, breiare og fleire.

6.4.1 Instrumentell og institusjonell legitimitet

Kva for syn på legitimitet som liggje til grunn bak legitimeringsargumentasjonen, handlar om bakenføreliggjande tankegang og fer ølgjeleg på logikknivå. Eg legg til grunn at eg kan trekkje trådar mot kva syn på legitimitet som blir uttrykt utifrå legitimeringsmodaliteten. Dette ettersom eg meiner eg har gjort greie for korleis denne koplinga er delvis tilstades mellom logikk og modalitet, og ikkje minst med bakgrunn i dei epistemiske implikasjonane som typisk teikna frå modalitetar (Fairclough, 2010). Dette vil såleis leggjast til grunn i det vidare.

Ein kan tenkje seg som hovudregel at instrumentell modalitet har eit instrumentelt perspektiv på legitimitet, medan det er motset for institusjonelle modalitetar (Jacobsen og Thorsvik, 2016; Scott, 2016). Når fokuset er prega av instrumentell modalitet med fokus på konsekvensar, rasjonalitet og ulike aktørar sine oppfatningar og kalkuleringar tilseier dette eit syn på legitimitet som også ser på legitimitet som eit teknisk tilhøve. Såleis som eit tilhøve organisasjonen kan kalkulere seg til og oppnå frå sine omgjevnadar ved å stå fram som

rasjonell (Jacobsen og Thorsvik, 2016). Når legitimeringsmodaliteten derimot fokuserer på det passande, verdier og normer, tilseier dette motset eit syn på legitimitet som ein grunnleggjande institusjonell tilstand som nettopp reflekterer normer og verdier. Dette er følgjeleg eit grunnleggjande sosialt tilhøve framafor ein teknisk ressurs (Scott, 2016; Suchmann, 1995).

Likevel kan ikkje dette seiast å vere heile bilete. Christensen m.fl (2021) peika på korleis institusjonelle perspektiv frå organisasjonsteorien kan nyttast instrumentelt, og instrumentelle perspektiv kan nyttast institusjonelt. Følgjeleg kan dette tilseie at institusjonelle modalitetar også kan nyttast saman med eit instrumentelt legitimitetssyn og motset. Dette har vi allereie sett tendensar til i samspel mellom modalitetane.

Høgre sin primære nytting av instrumentell hierarkisk modalitet tilseier eit instrumentelt syn på legitimitet. Såleis eit syn på legitimitet der konkrete forventningar og press frå omgjevnadane, som til dømes NHO og oljenæringa, må møtast for å ikkje vurderast som lite rasjonell og skadar legitimiteten, til dømes ved at næringar flyttar utanlands. Det er likevel institusjonelle innslag hjå partiet. Trass slike innslag, er legitimeringsargumentasjonen hjå Høgre framtrédande instrumentell. Det understrekjer korleis institusjonelle modalitetar kan nyttast instrumentelt for å auke legitimiteten til ein budskap (Høgre, 2021b; Jacobsen og Thorsvik, 2016).

Arbeidarpartiet kan som vi har sett, seiast å ha ein legitimeringsmodalitet prega av samspelet mellom ein instrumentell og ein institusjonell modalitet. Følgjeleg kan dette trekkje synet på legitimitet i fleire retningar. Likevel vil det her argumenterast for korleis partiet ser ut til å nytte instrumentell modalitet som ein institusjonell kvalitet, for å støtte opp under eit institusjonelt syn på verda. Samarbeid, forhandlingar og kompromiss er sentralt i legitimeringsmodaliteten ikkje først og fremst grunna deira rasjonelle verknad, men ettersom dette vurderast som grunnleggjande for det norske samfunnet. Legitimitet er såleis ikkje ein teknisk ressurs, men eit nødvendig tilhøve for legitimitet i tråd med eit institusjonelt syn på legitimitet (Scott, 2016; Suchmann, 1995).

Med den utprega nyttinga av den institusjonelle kulturmodaliteten hjå Frp, tilseier dette ein legitimeringsargumentasjon som formidlar eit institusjonelt syn på legitimitet. Legitimitet er

ein nødvendig tilstand som skal reflektere norske verdier og kan ikkje fjernast for å tilfredsstille internasjonale krav. Då vil ikkje det norske samfunnet overleve. Det er likevel også ei anerkjenning av korleis legitimitet kan vurderast i tråd med ynskja måloppnåing hjå partiet, men med ein legitimeringsmodalitet som likevel understreker og argumenterer for viktigeita av eit institusjonelt perspektiv på legitimitet kring norsk oljepolitikk (Frp, 2021b; Scott, 2016; Suchmann, 1995). Dette er interessant ettersom det kan tyde på ein fleksibilitet kring legitimitetssyn, som igjen opnar moglegheita for å nytte syna strategisk.

Mdg nyttar fleire modalitetar, men likevel med ei overvekt av det institusjonelle myteperspektivet. Det tilseier eit legitimitetssyn kring klima- og oljepolitikk som oksygen for den norske stat og den rike delen av verda. Det fargar konkret hjå partiet eit bilete av ein skrantande institusjonell legitimitet som vil lide i framtida, der andre meir kortsiktige, instrumentelle verdier kjem i vegen for dei verkeleg legitime handlingane (Miljøpartiet, 2023; Scott, 2016; Suchmann, 1995).

Det fins likevel også eit anna type syn på legitimitet enn dei vi har diskutert til no, følgjeleg i tråd med Brunsson si form for institusjonelle legitimitet (1986, 2007). Her er skapinga av legitimitet ikkje noko som tilhøyrrer individet, men som noko institusjonelt i seg sjølv. På denne måten er legitimeringsmodaliteten ikkje noko tilhøyrrande partia sjølve. Det trengs derimot ein institusjonell handlingsregel som styrer handlinga. Her kan institusjonelle reglar ha blitt skapt av forankringa av oljeverksemda i den norske staten samt aukinga av klimaendringar og klimavitskap over mange tiår. I dette perspektivet har trekk ved dei institusjonaliserte omgjevnadane skapt legitimeringsmodaliteten, framafør medviten utforming frå partia si side. Det tilseier at partia, medan noko går føre seg, har skapt meining kring dette.

Dette meiner eg vi kan sjå spor til i legitimeringsmodaliteten. Den rasjonaliserte fråkoplinga som tidlegare omtala, underbyggjer korleis institusjonaliserte krav kring til dømes klimamål er styrande for klimapolitikken. Dette tilseier eit legitimitetssyn i tråd med Brunsson (2007) ettersom historia viser korleis klimamåla som regel ikkje blir nådd og i den forstand ikkje er effektivt (Berg, 2016; Aftenposten, 2021b). Både dersom dette skjer for å ha mål å strekkje seg etter eller om ein tenkjer det er mogleg å nå klimamåla, tilseier dette at klimamål opprettast fordi det oppstår krav om dette fråkopla måloppnåing jf. rasjonalisert fråkopling.

Det tilseier eit ynskje om å spele i takt med institusjonaliserte forventningar kring opprettinga av klimamål for å oppnå legitimitet (Cohen, March og Olsen, 1972).

Vi har også sett korleis førekomsten av legitimeringsmodalitet endrar seg over tid. Debatten var intensiv og framtrekande under valkampen i 2021, og dukka i mindre grad opp att kring tredje delrapport i april 2022. Trass også noko omtale kring andre- og synteserapporten, kan dette ikkje seiast å ha vore ein heilskapleg legitimeringsdebatt. Sjølv om legitimeringsbehovet var synkande, stadfestar synteserapporten korleis røynda er den same som omtala i 2021 (IPCC, 2023; IPCC, 2021). Grunnlaget for endringa av legitimeringsargumentasjonen, ser såleis ikkje ut til å vere endringar i klimatiske tilhøve, men andre faktorar. Sjølve behovet for legitimeringsargumentasjon frå dei politiske partia, kan på denne måten seiast å vere skapt utifrå institusjonaliserte myter (Meyer og Rowan, 1977; DiMaggio og Powell, 1983; Christensen m.fl., 2021). Røynda kring den norske energipolitikken har endra seg og følgeleg endra mytene, då særleg krigen i Ukraina som vi kan sjå att i legitimeringsmodaliteten (Haugan, 2022; Kristiansen, 2023). Dette viser korleis institusjonaliserte myter kan tilseiest å forme legitimeringsbehov og dermed -argumentasjonen kring norsk oljepolitikk (Meyer og Rowan, 1977).

6.4.2 Kompleks røynd, treng kompleks teori

Modalitetane viser empirisk stor kompleksitet og tvetydigheit, spesielt i høve kor komplekst samspelet mellom dei ulike modalitetane blir i praksis. Dersom det skal vere mogleg å heve abstraksjonsnivået, må det difor merkjast at tvetydigheita som ligg på modalitetsnivå, med kompleksiteten i kategoriseringa av fråsegna, med overlapp og glidande overgang til samspel, også vil gjere seg gjeldande på logikknivå.

Tvetydigheit kan definerast breidt sett som mangel på klårleik kring eit fenomen eller ein situasjon, eller som nærvær av fleire, også motstridande tolkingar av same fenomen. Dette er eit klassisk omgrep innan organisasjonsteorien (Cappellarro, 2023; Cohen, March og Olsen, 1972; March, 2010). Modalitet-inngangen gir såleis ein anna måte å søkje fange denne tvetydigheita. Ved å løfte opp frå modalitets- til logikknivå ville følgeleg også denne tvetydigheita følgje med. Kompleksitetsnivået vil bli heva ved å heve abstraksjonsnivået eit

hakk. Frå eit relativt smalt omgrep som modalitet som skapte likevel relativt stor kompleksitet, ville eit tilsvarande rammeverk på det ytterlegare komplekse og abstrakte logikknivået blitt ytterlegare tvetydig og komplekst.

Dette tilseier ikkje nødvendigvis at det legitimeringsmodalitet ikkje kan vere eit fordelaktig verktøy også på logikknivå. Det tilseier heller at røynda er kompleks og vanskeleg å fange, spesielt gjenstridige problem som klimakrisa. Analytiske verktøy kan og er meint å hjelpe oss fange delar av denne røynda (Reay og Jones, 2016; Christensen og Læg Reid, 2016; Rittel og Webber, 1973; Neby og Zannakis, 2020). Det som det teoretiske bidraget såleis kan seiast å gjere, er å gje ein måte å handtere eller ramme inn denne tvetydigheita på. Det å skape analyseverktøy som kan trekkje fram likskapar, motsetningar og verknadar av det som går føre seg, er essensielt for å kunne sei noko samfunnsvitskapleg fruktbart om verda vi lev i (Christensen og Læg Reid, 2016). Såleis er ikkje tvetydigheita og kompleksiteten i røynda til hinder for at både modalitetane er nyttige, ei heller at dei potensielt kan sei oss noko fruktbart også på logikknivå. Ein må likevel vere merksam på kompleksiteten og tvetydigheita som føl med.

For å kunne gjere denne hevinga forutsettast nytting av modalitetane som ein måte å starte innramminga av logikkane. Teoretisk kunne dette blitt gjort som ei perspektivøving i tråd med tradisjonell organisasjonsteori der ein kan vurdere tekst med ulike briller for å kaste lys over ulike sider (Christensen m.fl., 2021). Men her blir det teke eit steg vidare ved å nytte også det diskursinspirerte (Fairclough, 2010). På denne måten kan det her opnast for kombinasjonar på ein litt annan måte enn i organisasjonsteorien. Vi ender ikkje opp med fire røyndsbeskrivingar etter ulike typer briller, men vi får likevel fram kompleksiteten som fins. Dette er såleis ein tydeleg konstruktivistisk framgangsmåte som viser korleis ein kan gå teoretisk deduktivt til verks for å søkje etter ulike sider å observere ved eit materiale. Med dette blir rekonstruksjonen frå modalitets- til logikknivå ei analytisk øving som viser kompleksiteten i rammeverket (Furlong og March, 2010; Grønmo, 2004). På denne måten fangar modalitetane vestentlege sider av legitimeringsargumentasjonen kring klima- og oljepolitikken, som følgeleg kan sei noko om logikkane som går føre seg bak.

Konklusjonen vi her trekk er følgeleg i tråd med eit transformativt perspektiv som kjend frå organisasjonsteorien (Christensen og Læg Reid, 2016). Når vi ser på denne kompleksiteten i

modalitetane og potensielt i logikkane, ser vi korleis heilskapen av legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen ikkje kan visast kun ved hjelp av ein av dei fire konstruksjonane. I tråd med ein “utfyllande” strategi for å handtere teorimangfald, treng ein fleire for å kunne forstå og forklare mest mogleg av det undersøkte fenomenet (Rones, 1997). Det er følgeleg i tråd med den ideografiske forklaringsstrategien til studiet. Det er også eit argument i retning av å nytte eit mangfaldig teoretisk apparat for å forklare noko som er både politisk og teoretisk komplisert. Nettopp dette er også eit argument som samsvarar med den vanlege tilnærminga kring organisasjonsteoretiske perspektiv. På denne eine sida er såleis studien sin framgangsmåte ikkje så vanleg, samtidig som ein likevel endar opp med ein konklusjon som kan seiast å vere typisk. Verda er kompleks, og difor må teorien vår vere kompleks. Ellers vil rammeverket bli for enkelt til å kunne fange røynda (Christensen og Lægroid, 2016).

6.5 Legitimering av norsk klima- og oljepolitikk etter AR6

Forskingsspørsmåla i dette studiet krinsa kring korleis norske politiske parti søker å legitimeringsargumentere kring eigen oljepolitikk i møte med AR6, og eg i kva grad legitimeringsmodalitetane og logikkane kan bidrege til å forklare denne argumentasjonen. Kva slags bilete og legitimitet kring klima- og oljepolitikk blir eigentleg søkt skapt gjennom legitimeringsmodaliteten til dei politiske partia? Vi skal løfte blikket og søkje å sjå nærare på kva funna kan fortelje oss om gjeldande norsk klima- og oljepolitikk nettopp i lys av legitimeringsmodaliteten og -legitimeringsargumentasjonen vi kan finne hjå dei politiske partia i perioden.

6.5.1 Status quo: Samarbeidskultur, men høg temperatur

Samarbeid og samarbeidskultur er her vist som eit viktig legitimeringsmoment kring norsk oljepolitikk. Såleis fortel dette korleis norsk klima- og oljepolitikk kan sjå ut til å vere konsensusorientert. Det handlar mindre om store omveltningar, og meir om å spele på det som typisk norske følgeleg samarbeidskulturen. Denne blir både vist til av den tunge styringsaktøren Arbeidarpartiet, men også som samspelende faktor hjå alle partia (Arbeidarpartiet, 2023; Miljøpartiet, 2023b; Fremskrittspartiet, 2021b; Høgre, 2023b). Dette ikkje minst implisitt hjå Høgre med sitt sterke næringsfokus (Høgre, 2023b). Oljenæringa og oljearbeidarane er i sentrum i vesentleg grad i feltet, og politikken skal i hovudsak tilpassast

slik at desse og samarbeidet kan blomstre (Scott, 2016; Christensen m.fl., 2021). Sjølv parti som ynskjer raskare omvelting, nyttar også omsynet til næring og arbeidarar vesentleg i sin legitimeringsargumentasjon (Fremskrittspartiet, 2021b; Miljøpartiet, 2023b). Dette understreker korleis staten si grunnleggjande legitimitet i klima- og oljespørsmålet handlar vesentleg om å gjere sin del for å styrkje partane i arbeidslivet, det sterke samarbeidet i den norske kulturen og dermed den særeigne norske modellen (Myhre, 2022). Dersom politikken skal stå fram som legitim, må den vere i tråd med forventningane knytt sterkt nasjonalt samspel med næraste samarbeidspartnarar (Thorsvik og Jacobsen, 2016; Scott, 2016).

Vidare ser vi korleis legitimeringsmodalitetane understreker kor polarisert klima- og oljepolitikken er i Noreg (Fairclough, 2010; Skrede, 2017). Temperaturen i legitimeringsmodalitetane er høg, og skapar følgeleg mindre rom for semje, forlik og dermed handling på feltet, særleg sett i samanheng med kor konsensusorientert politikken ser ut til å vere (Christensen m.fl., 2021). Vidare kan legitimeringsmodaliteten ikkje seiast å vere prega av direkte tilvising til tekniske tilhøve og utrekningar, som tildels har blitt trekt fram som overraskande i tråd med politikk som eit felt prega av instrumentelle vedtak (Jacobsen og Thorsvik, 2016; Christensen m.fl., 2021). Dette kan likevel henge saman med korleis temperaturen på debatten er skrudd opp. Det kan tilseie at høg temperatur med framheva ideologiske skilnadar, men også samarbeidskultur, pregar debatten og feltet meir enn det tekniske aspektet.

Desse aspekta kan stå fram for partia som å ha større legitimerande effekt kring klima- og oljepolitikken enn det tekniske i ein situasjon som den undersøkte (Scott og Davis, 2016). Det kan fortelje oss korleis det politiske feltet vel å handtere det paradoksale aspektet mellom norsk olje- og klimapolitikk som er typisk relevant i slike tvitydige problematikkar (Cappellarro m.fl., 2023). Det kan vise ei form for innrømming om at det ikkje nødvendigvis er ein teknisk positiv samanheng mellom norsk olje- og internasjonal klimapolitikk (Rittel og Webber, 1973). Alternativt kan det tilseie at samanhengen er vanskeleg å bevise ved hjelp av dei epistemiske samhengane i instrumentell modalitet, og difor kan bli sett som mindre legitimitetsskapande under pressa omstende (Scott og Davis, 2016). Dette kan henge tett saman med statusen til klimakrisa som eit spesielt gjenstridig problem (Rittel og Webber, 1973; Neby og Zannakis, 2020).

Dette kan også understreke ein avgrensa rasjonalit i feltet. Følgjeleg korleis det er belastande for den kognitive evna hjå både parti og veljarar å vurdere fleire motstridande omsyn samtidig (Simon, 1947; March, 1989). Difor sorterer vi desse etter prioritert rekkjefølgje, og er implisitt inneforstått med korleis dei ikkje er reelt mogleg å møte alle omsyn på same tid (March, 1989). Det er ei form for praktisk, potensielt indirekte, innrømming av korleis verda nettopp ikkje er ideell. Ideell i den forstand at vi kan nå alle mål vi sett føre oss, men der vi heller tenkjer vi får til eit resultat som er tilstrekkeleg (Simon, 1947; March, 1989). Dette kan tilseie at ein er inneforstått med korleis det ikkje er mogleg å nå både klimamål og maksimal utnytting av oljeressursane, og at vi godtek at den eine går på kostnad av den andre.

Dette kan seiast å vere i tråd med nyare syn på paradoks som eit fenomen som eksisterer i sosiale interaksjonsprosessar og diskurs. Paradoks er ikkje gjensidig utelukkande, men lev som fråkopla omgrep via interaksjonar og diskurs der dei balanserast og handterast. Dette kan likevel vere potensielt problematisk måte kring paradokset klima mot olje ettersom klimakrisa i si natur ikkje kan respondere til denne formen for kognitiv balansering som som menneske, men derimot berre responderar til fysiske klimakutt. Talehandlingar og symbol kan ikkje redusere klimaendringane, berre potensielt skape handling som kan. Det kan tilseie at klima mot olje er eit paradoks i tråd med det tradisjonelle filosofiske, som ein logisk uholdbar situasjon skapt av motsette fakta som ikkje kan løysast (Putnam et al., 2016; IPCC, 2023). Det er det likevel nettopp ulike syn på utifrå kva perspektiv og epistemologi ein legg til grunn. Nettopp dette kan seiast å røre ved noko av kjerna ved norsk klima- og oljepolitikk, følgjeleg dei ulike tolkingane kring felt som potensielt kan transformere samfunnet slik vi kjenner det (Hulme, 2009; Furlong og Marsh, 2010; Fairclough, 2010).

Vi har sett korleis dei politiske partia ser ut til å spele eigne roller i legitimeringsmodaliteten som potensielt kansellerer kvarandre ut. Ytterfløyane bidreg til høg temperatur og polarisering, medan styringspartia spelar klare roller som både to ideologiske motsetningar og to tunge, institusjonelle aktørar kring norsk politisk oljehistorie (Fremskrittspartiet, 2021b; Miljøpartiet, 2023b; Høgre, 2023b; Arbeiderpartiet, 2023b; Fairclough, 2010; Scott og Davis, 2016; Berg, 2016; Regjeringen, 2021b). Dette kan settast i samanheng med korleis laus- og fråkopling er eit utbredt verktøy i feltet, og korleis legitimeringsargumentasjonen fell dramatisk etter valkampen i 2021 til eit lågt nivå som har vedvara over tid (Brunsson, 2007; Cohen, March og Olsen, 1972; Scott og Davis, 2016).

Dette tilseier at norsk klima- og oljefelt i perioden er prega av ein legitimeringsmodalitet med basis i mytemodaliteten. Det er mykje ord og handling som samsvarar med dei institusjonelle reglane og mytene i omgjevnadane. Dette gjer det kognitivt vanskeleg for veljarane å vite nøyaktig kva partia forpliktar seg til, og skapar store handlingsrom for feltet. Norsk oljepolitikk møter paradokset olje mot klima ved å lage rasjonaliserte fråkoplingar, og nyttar handlingsrommet for å sikre norsk oljeverksemd. Handlingsrommet blir forsterka av mykje sterk legitimeringsargumentasjon, der verknaden av polarisering og store partimessige skilnadar svekkjar ein potensiell unison front og skapar heller ein kamp på eit lågare, partimessig nivå (Brunsson, 2007; Fairclough, 2010; Christensen m.fl., 2021). Dette bidreg til stillestand når norsk oljepolitikk møter AR6.

6.5.2 Gjenstridigheit, stivhengigheit og avgrensa rasjonalitet

Korleis ein oppfattar eit problem, er sentralt for korleis ein vel å handtere det (Rittel og Webber, 1973). Dei ulike oppfatningane gir grunnlag for svært ulike løysingar på møtet mellom oljepolitikken og klimakrisa som presentert i AR6, som igjen fører til ulike utfall i politikken på feltet (Simon, 1947; Brunsson, 2007). Det understreker inntrykket av korleis politiske vurderingar framafør nødvendigvis dei vitskaplege slutningane i AR6 ser ut til å vege tyngst i legitimeringsmodaliteten og -argumentasjonen til partia (Daviter, 2018; Rittel og Webber, 1973). Panelet hevdar omfattande endringar må skje raskt, medan det same tidspresset ikkje pregar legitimeringsargumentasjonen til feltet eller norsk klima- og oljepolitikk i perioden. Det er såleis noko som her skapar motsetjande utfall (IPCC, 2021; IPCC, 2022a; IPCC, 2022b; IPCC, 2023; Simon 1947; March og Olsen, 1984; Brunsson, 2007).

Den norske stat er djupt investert i norsk oljeverksemda (Regjeringa, 2021a). Oljerikdommen har bidreget sterkt til framveksten av det norske velferdssamfunnet, og det kan medføre at det sit langt inne for norske politiske parti å gjere større omveltningar på dette politikfeltet (Berg, 2016). Det kan framstå som risikabelt, og det er mange hindringar på vegen dit. Dette viser instrumentell, strukturell og institusjonell samankopling mellom den norske stat og

oljenæringa. Dette skapar stivhengigheit. Tendensen til lite ny handling i perioden i møte med AR6 tilseier nemleg inertia, treigleik i systemet, og følgeleg korleis dette kan vurderast som ei klar brems på potensiell endring (March og Olsen, 1989; Fairclough, 2010). Dette kan støttast av korleis det ser ut til å vere stillestand på feltet med berre eit kort institusjonelt press på politikken som deretter gjekk over. Når det etterlette inntrykket kan seiast å vere lite norsk praktisk respons til AR6, kan alle desse faktorane tilseie ein historisk ineffektivitet i det norske klima- og oljesystemet også i møte med sterkt eksternt press. Dette ettersom endring går sakte i møte med endra omgjevnadar (IPCC 2021; 2022a; 2022b; 2023; Berg; 2016; Aftenposten, 2021b; Scott og Davis, 2016; March og Olsen, 1989; Meyer og Rowan, 1977; March og Olsen, 1984; Cohen, March og Olsen, 1972).

Klimaendringane er ikkje berre eit problem som ventur på ei enkelt løysing. Dei er derimot så omfattande og gjenstridige at dei endrar alle føresetnadar ved samfunnet, og har evne til å snu om på korleis vi ser på både oss sjølve, samfunnet og menneskeheita si eiga posisjon (Hulme, 2009; Rittel og Webber, 1973). Den krevjer enorm omstilling og potensielt ubehageleg sjølvransaking (IPCC; 2021) Dette kan i seg sjølv tilseie inertia. Det skal meir til for å gå av stien ein er på enn å halde fram ned vante vegar. Dette kan igjen tilseie at legitimeringa for å gjere omfattande endringar i tråd med dette vil vere meir krevjande enn legitimering som i større grad er nærare status quo, og kan igjen styrkje stivhengigheita hjå dei politiske partia. Det er ein risiko knytt til inntrykket av store endringar, og ein risiko som kan vere unaturleg for ein institusjon å teke (March og Olsen, 1989; Selznick, 1957).

Denne risikoen kan sjå ut til å bli teken av ein aktør i feltet, følgeleg Miljøpartiet. Likevel kan ikkje dette seiast å vere ein risiko for akkurat Mdg. Dette handlar om korleis det er i tråd med deira opphavsgrunnlag, sjølvverklærte identitet og rolle i det politiske landskapet, og dermed ikkje risikofylt men forventta. Partiet si institusjonelle og instrumentelle rolle er å bidrege til omfattande endring, og på denne måten er deira legitimitet heller knytt til ei slik form for stivhengigheit (Miljøpartiet, 2023a; 2023b; March og Olsen, 1989; Scott og Davis, 2016; Suchman, 1995). Ein ser likevel korleis partiet likevel trår i tråd med feltet sin overordna institusjonalisme, og nyttar seg av legitimeringsmodalitet som også har likskapar med resten av feltet som samarbeidskulturen (DiMaggio og Powell, 1983; Selznick, 1957; Scott og Davis, 2016). Dette seier noko om makta i det som potensielt kan vurderast som den gjeldande diskursorden på norsk oljefelt, utan at dette kan stadfestast her. Eg legg likevel til

grunn at eg kan peike i denne retninga i tråd med den gjennomgåande diskursteoretiske inspirasjonen i studien (Fairclough, 2010).

Institusjonelle motstridingar er grunnlaget for dei viktigaste politiske konfliktane i samfunnet vårt (Thornton og Lounsbury, 2012; Glynn, 2013). Ved strategisk legitimeringsmodalitet, kan Mdg potensielt vere ein aktør som skaper eller nyttar handlingsrommet som opnar seg mellom dei institusjonelle motsetjingane mellom klima- og oljepolitikk i spenninga mellom det nasjonale og internasjonale (Thornton og Lounsbury, 2012; Eisenberg, 1984; Capparello, 2023; Fairclough, 2003; DiMaggio og Powell, 1983). Vi har likevel sett få teikn på slik transformasjon og heller korleis verknaden av polariseringa mellom partiet og sin motpol i Framstegspartiet svekkjar verknaden av kvarandre. Dette medfører til eit mindre press mot ordenen som såleis ei oppretthalding av status quo (Fairclough, 2010; Fairclough, 2003).

Høg grad av rasjonalitet i eit legitimeringsargument kan potensielt tolkast som eit forsøk på å hindre handling eller unngå ansvar (Brunsson, 2007). Det kan vurderast i kva grad dei instrumentelle innslaga i legitimeringsmodaliteten kan tolkast som at dette strategisk gjer seg gjeldande kring norsk oljepolitikk. Det kan tenkjast at ein kan søke å hindre rask omstilling grunna faren for at dette kan skade legitimiteten til norsk olje- og klimapolitikk utifrå eit norskt perspektiv. Omveltning vil skape utfordringar for den nære relasjonen og samarbeidet mellom den norske stat, bedrifter og arbeidarar og potensielt for inntekter til den norske statskassa (Scott og Davis, 2016; Selznick, 1957). Det kan difor vurderast som føremålstenleg å sikre ein legitim, inkrementell overgang (March og Olsen, 1989; Scott og Davis, 2016). Den kan vere meir langsam enn presentert frå klimapanelet, men likevel overordna legitimitetsskapande i den næraste norske konteksten på norske politiske parti. Dette kan såleis bidrege til ein legitimeringsmodalitet beståande av laus- eller fråkopling frå dei internasjonale mot dei nasjonale omgjevnadakrava (Brunsson, 2007).

Dei lause- eller fråkoplingane vi ser kan dessutan også vere teikn på interne legitimeringsbalansar i parti som sjølv kan innehalde eigne motstridande makter, vurderingar og interesser kring klimaspørsmålet og oljepolitikken. Dette er nettopp sentrale trekk ved gjenstridige problem (Rittel og Webber, 1973). Desse fråkoplingane kan såleis både vere løysingar på eksterne tilhøve med å tiltrekkje seg veljarar i ein klimavalkamp, men det kan

også tyde på interne tilhøve i organisasjonen og eit behov for å dekkje over ulikskapar for å sikre intern legitimitet.

Det er ikkje utan grunn ein kan vurdere klimaendringane som det ultimate gjenstridige problem (Neby og Zannakis, 2020, s. 593). Det er så komplekst, at legitimeringsargumentasjonen kan på mange måtar handle om å roe ned kompleksiteten og finne enkle svar på enormt komplekse og altomfattande utfordringar som følgjeleg kan vere svært ulike frå kvarandre, noko vi også har observert (Brunsson, 2007). Det er heller inga grunn til å tru legitimitet ville blitt skapt ved å synleggjere nettopp kor komplekst klimaendringane er. Dette kan også verke mot sitt føremål i eit legitimeringsaugemed, og verke til å svekkje legitimiteten. Dette skapar stor kompleksitet på det norske oljefeltet i møte med omgjevnadar med til dels svært ulike myter og derunder forventningar. Det er i tråd med både gjenstridigheita til klima, og stiavhengigheit til olja korleis også norske veljarar i Oljenasjonen kan kansellere ut mytene frå klimapanelet (Hulme, 2009; Simon, 1947; Rittel og Webber, 1973; March, 1989).

Det er følgjeleg inga rett linje i prosessen i tråd med alle involverte partar, omsyn og potensielle tiltak som har som evne å kunne kansellere kvarandre ut, vere vanskelege å sjå rekkjevidda av, kan skape nye problem og som handlar om eit følgjeleg omfattande globalt samspel der alle aktørar bidreg inn til det endelege resultatet. Gjenstridigheita, dei institusjonelle mønstra og stiavhengigheita samt menneska si avgrensa eller potensielt institusjonelle rasjonalitet kan følgjeleg stå fram som svært medverkande og potensielt forklarande kring den norske klima- og oljepolitikken i perioden (Cohen, March og Olsen, 1972).

6.5.3 Kritikkverdig?

Med inspirasjon frå den kritiske diskursanalysa, kan ein seie at talehandlingane i form av legitimeringsargument kan bidrege til å oppretthalde eller bryte ned makt og legitimitet kring norsk klima- og oljepolitikk. Det kan handle om å endre eller bevare diskursorden som følgjeleg i stor grad styrer kva som kan eller ikkje kan bli sagt, samt korleis noko blir forstått (Fairclough, 2010; Mumbey og Stohl, 1996). Vi diskuterer ikkje her diskursar og diskursordnar, men talehandlingar som ein bit av ein potensiell diskurs kan gjere dette til eit

interessant aspekt å inspirerast og peike nærare i retning av. Det kan såleis vere interessant å vurdere i kva for retning klima- og oljepolitikken i Noreg kan seiast å trekkje i denne perioden, og i kva grad dette potensielt kan seiast å vere kritikkverdige eller ikkje. Her søkjer vi ikkje å prøve svare på det øvre, men heller løfte problemstillinga fram i tråd med inspirasjonen frå KDA.

Kommunikasjon er ikkje ein nøytral prosess av overføring av informasjon, men konstituerande for organisering og har politiske konsekvensar som både mogleggjer og hindrar moglegheita for kollektiv handling. Det er som vi har sett mangfaldige syn på kva som oppfattast som rasjonelt, noko som igjen former dei ulike måtene vi kan hevde og fremje kunnskap (Mumby og Stohl, 1996). I tråd med kriseforståinga til Boin (2008) kan det frå eit nasjonalt perspektiv kan det stå fram som illegitimt dersom ein snur for raskt vekk frå ei næring som er sterkt forankra i det norske samfunnet, både instrumentelt og institusjonelt. Skapinga av legitimitet kan handle om å dramatisere si eiga viktighet (Brunsson, 2007) og kommunikasjon handlar følgjeleg også om å skape ei felles forståing av verda. Desse kan ha både bekreftande og transformerande makt (Mumby og Stohl, 1996).

Fossil energi har historisk vore skadeleg for klima, og dette er også understreka av klimapanelet til FN. Det kan i tråd med AR6 vurderast som sentralt med solidaritet med utviklingslanda som nødvendig for å omstille i tråd med tempoet som presentert av klimapanelet (IPCC, 2021). Dette har blitt understreka av generalsekretæren til FN, Guterres (2021), og aukar legitimitetspresset kring kva som kan seiast å vere legitim norsk oljepolitikk. Spørsmålet er såleis i kva grad politikken er reelt sett legitim i dag og i framtida. Framtida kan potensielt vurdere dagens handlingar i eit anna lys enn majoriteten i samtida og vi søkjer difor å vurdere i lys av framtidige generasjonar (Scott og Davis, 2016).

Klimarapporten og fråsegna frå FN sin generalsekretær tala om kode raud for menneskeheita, kanten av klimakatastrofe og understreking av korleis sju år med handling er avgjerande. Dette for å hindre konsekvensar som vil merkjast i tusenvis av år (IPCC, 2021; IPCC, 2023). Desse fråsegna kan seiast å opne eit potensielt handlingsrom kring kva som kan seiast å vere legitim klima- og oljepolitikk (Fairclough, 2010; Mumby og Stohl, 1996). Spørsmålet blir då kva dette gjer med og fortel om den vidare norske klima- og oljepolitikken.

Sjølve innhaldet i legitimeringsargumentasjonen i den avgrensa tidsperioden etterfølgd av politikken som perioden som heilskap kan vise til, kan fortelje oss at legitimeringsargumentasjonen kring politikken går framover i vante trakter (March og Olsen, 1989; Brunsson, 2007). Det er grunn til å tru at dersom det hadde vore omfattande endringar i legitimeringa av norsk klima- og oljepolitikk etter første delrapport, ville det blitt skapt eit institusjonelt press om fornya legitimeringsargumentasjon i den følgjande tida i tråd med den institusjonelle og instrumentelle forankringa mellom staten og oljeverksemda (Christensen m.fl., 2021; Meyer og Rowan, 1977; March og Olsen, 1984). Dette medfører at legitimeringsargumentasjonen ikkje ser ut i vesentleg grad til å ha skapt endring i makttilhøve trass ein rapport som framheva korleis handling ikkje går raskt nok, og handling må skje no (Fairclough, 2010; IPCC, 2021; 2022a; 2022b; 2023). Det kan motsetnadsviast å sjå ut til at det går føre seg ei tilbakehalding av endring i makttilhøve til fordel for klima framafor oljeverksemd (Fairclough, 2010; Brunsson, 2007; Mumby og Stohl, 1996). Dette kan potensielt vurderast som til skade for framtidige generasjonar (IPCC, 2021; IPCC, 2022a; IPCC, 2022b; IPCC, 2023).

I tråd med tidlegare tider veit vi at målsetjing ikkje nødvendigvis betyr måloppnåing (St.meld. 41, 1994-95; Berg, 2016). Likevel synast målstyring som nemnd å vere sentralt som verkemiddel i legitimeringsargumentasjonen kring klima- og oljepolitikken, noko som kan skape spørsmålsteikn. Dette kan gje inntrykk av at målsetjing er viktigare enn i kva grad ein reelt sett når dei sette måla. Dette kan handle om eit ynskje om å legitimere mindre omstilling enn kanskje omgjevnadane sitt press kan tilseie (Brunsson, 2007). Slik potensiell rasjonalisert fråkopling kan likevel styrkje organisasjonane sin legitimitet og deira sannsyn for å overleve, men samtidig skape mindre politisk handling (Brunsson, 2007; Scott og Davis, 2016; Christensen m.fl., 2021; DiMaggio og Powell, 1983, Meyer og Rowan, 1977).

Avgrensa rasjonalitet gjer oss alle i stand til å leve med paradokset olje og klima, og ikkje nødvendigvis kunne oppfatte konsekvensane av våre handlingar trass input som AR6. Dette er ikkje minst fordi interesser nærare i tid skapar konflikt for langsiktige mål. Dette er vi som nemnd klar over kan skje, men evner i liten grad å hindre (Cappellarro, 2023).

Klimapolitikken sin legitimitet kan i det øvre sjå ut vil å vere underordna den nasjonale oljepolitikken framafor omvendt i det politiske feltet. Dette tilseier at klimapolitikken skjer på oljepolitikken og -næringa sine premissar og fargar legitimeringsargumentasjonen. Dette kan

vise til den djupe stivhengigheit, og potensielt medføre fare for norsk økonomi og velferdssamfunn dersom verda omstiller seg når Noreg ikkje er klar for overgangen. Samtidig kan kostnadane knytt til sjølve omstillinga også bli for store, sjølv om dette kan vurderast som potensielt mindre gjeldande dersom ein samanliknar Noreg sine føresetnadar med ulike utviklingsland (March og Olsen, 1989; IPCC, 2023).

Historisk ineffektivitet kan institusjonar som dei politiske partia leve med over tid utan å miste legitimitet, og følgjeleg er det ingen automatikk i korleis politikken er legitim sjølv om den oppfattast som legitim i si samtid. Dette har historia også vist (Christensen m.fl., 2021). Dette kan seie noko om faren og sjansene knytt til den vidare legitimiteten til oljepolitikken. Spørsmålet er om den grøne omstillinga vil skje raskt nok til å både forhindre konsekvensane som peika på av klimapanelet, og om omstillinga skjer sakte nok for å sikre både den berande næringa og arbeidsplassane frå oljeverksemda i Noreg (IPCC, 2021) Dette kan seiast å følgjeleg vere utfordringa til laus- eller fråkopling (Brunsson, 2007). Det kan kjøpe tid, men kan bli ein dyr kostnad å betale i framtida.

7.0 Konklusjonar og vidare forskning

7.1 Legitimeringsmodalitet kring norsk oljepolitikk

Dette studiet har hatt som føremål å svare på problemstillinga:

Korleis legitimerer oljenasjonar sin oljepolitikk i møte med aukande tilspissing i klimavitskap og klimakrise?

Problemstillinga har blitt søkt kasta lys over ved å svare på følgjande forskings spørsmål:

I: Korleis søker Noreg å legitimeringsargumentere for eigen oljepolitikk i møte med den sjette hovudrapporten til FN sitt klimapanel?

II: I kva grad kan ein kaste lys over legitimeringsargumentasjon kring oljepolitikk hjå norske politiske parti i møte med AR6 ved å nytte omgrepa instrumentell hierarkisk-, instrumentell forhandlings-, institusjonell kultur- og institusjonell mytelogikk og modalitet?

Studien har vist korleis samarbeid, kjensler og å styre etter gjevne føremål er viktige faktorar for korleis norske parti som heilskap skapar legitimitet for oljepolitikken i Noreg. Kven partia er og korleis rolle dei spelar opp mot kvarandre, verkar også på korleis legitimeringa skjer. Korleis partia legitimerer sine standpunkt, verkar igjen også tilbake på partia sin identitet og rolle i oljefeltet. Arbeidarpartiet og Høgre er under valkampen i 2021 oppteken av å understreke korleis dei er ideologisk ulike, og ytterfløyane Framstegs- og Miljøpartiet understreker sterke motsetningar og aukar polarisering kring oljespørsmålet.

Studien har også vist noko eg kallar for hierarkisk effekt og rasjonalisert fråkopling. Partia fokuserer her mykje på skape samanheng mellom det dei meiner er klokt å gjere og kva det vil føre til, men i realiteten kan dette vere langt meir komplisert enn argumenta gjer inntrykk av. Klimakrisa er så kompleks at å vite nøyaktig kva noko vil føre til og korleis ein skal få dette til, er avgrensa. Vi menneske har også utfordringar med å teke innover oss den fulle utfordringa av klimaendringane, som igjen gjer det vanskelegare å vurdere verknaden av oljepolitikken opp mot klima. Den norske stat er også svært involvert i oljeverksemda i Noreg på mange nivå, og dette gjer det vanskelegare å både utføre, og ynskje å utføre, vesentlege endringar som kan gå utover den norske olja. Dette bidreg til mange ord om olje og klima i valkampen i 2021, men tilsynelatande lite endringar då debatten kring norsk oljepolitikk opp

mot klima også stilna i stor grad etterpå. Møte med AR6 ser såleis ikkje ut til å ha endra norsk oljepolitikk, men skapte eit kort behov for å legitimere ekstra kring politikken for å handtere dei delvis pressa omstenda.

Studien har såleis funne korleis dei konstruerte modalitetane kan kaste betydningsfullt lys over legitimeringsargumentasjonen kring oljepolitikk hjå norske parti, og for norsk oljepolitikk som heilskap i møte med AR6. Meir presist har vi utvikla omgrepet legitimeringsmodalitet for å beskrive fenomenet som eg meiner går føre seg i feltet. Dette beskriver korleis modalitet søkjer å skape legitimitet for budskapen som blir lagt fram. Samspelet, overgangane og overlappingane i legitimeringsmodaliteten meiner eg evner å løfte fram særeigenheiter kring både modalitetane, partia og argumentasjonen kring oljepolitikken og tilhøyrande legitimering. Det er ikkje fullstendig grunnlag for å hevde at dei tilsvarande logikkane gjer seg gjeldande, men blir likevel lagt til grunn potensiale i koplinga mellom modalitet og logikk.

Spørsmålet er vidare i kva grad desse konklusjonane kan trekkjast opp. Det er viktig å vere medviten og diskutere transparent kring avgrensingar til studie. Dette kan drøftast i tråd med ulike rammeverk, og det vurderast her korleis Kleven (2008) sitt rammeverk er føremålstenleg i tråd med studie sitt epistemiske rammeverk. Både studie og rammeverket har forankringar hjå både positivisme og konstruktivisme, og rammeverket opnar for kvalitative skilnadar mellom høvesvis kvalitative og kvantitative tilnærmingar. Dette vurderast som føremålstenleg i tråd med den tydeleg konstruktivistiske naturen til det føreliggjande studiet.

Det første som må vurderast for å svare på i kva grad eg kan hevde dei øvre konklusjonane, knyttar seg til intern validitet. Kleven (2008) talar om konstruksjonsvaliditet som ligg i utarbeinga av studiet sitt rammeverk. Hovudkonstruksjonane som er nytta i dette studie er logikkane med tilhøyrande modalitetar. Desse er illustrert i ei rekkje tabellar med utfyllande illustrering av kategoriseringar av fråsegn og argument. Konstruksjonen er såleis transparent og operasjonalisert ned til detaljnivå. Dette talar for konstruksjonsvaliditet. Når vi løftar konstruksjonen opp att frå modalitets- til logikknivå oppstår nokre utfordringar, og desse har blitt tydeleg påpeika og diskutert. Dette er også årsaka til kvifor studie ikke trekk slutningar tilbake til logikk- frå modalitetsnivået. Spørsmålet er såleis om modalitetane som beskrivne er transparente og operasjonaliserte tilstrekkeleg slik at vi kan trekkje slutningar frå

konstruksjonen til datamaterialet. Det legger eg til grunn er grunnlag for å gjere. Konstruksjonane er opne for kritikk og utbetring ved innvendingar (Kleven, 2008).

Eit anna spørsmål er i kva grad konstruksjonen legitimeringsmodalitet har tilsvarande konstruksjonsvaliditet. Vi har peika på korleis omgrepet har delvis overlapp og kan fungere som eit synonym til legitimeringsargumentasjon og dei øvre modalitetane. Dette har eigenskapar til å kunne svekkje konstruksjonen. Det argumenterast her likevel for korleis legitimeringsmodalitet har ein presiserande kvalitet i relasjon til legitimeringsargumentasjonen. Innan tradisjonell modalitetsnytting nyttar ein fleire modalitetsomgrep som er delvis overlappande, men som likevel er nyanserande synonym ovanfor kvarandre. Dette kan tale for korleis konstruksjonen kan ha tilstrekkeleg intern validitet til å kunne bli nytta som ein nyanserande omgrep for å fange modalitetsnytting spesifikt med føremål å skape legitimitet kring den formidla budskapen.

I tråd med Kleven (2008) er ein her mindre oppteken av reliabilitet i form av moglegheita for reproduksjon, men heller oppteken av reliabilitet i form av openleik kring korleis målingar kan innehalde feil. Det er viktig å vere medviten risikoen for slike feil og teke grep for å minske risiko. Hovudsakleg handlar dette om å iterativt styrkje konstruksjonsvaliditeten. Det handlar også om transparens. Tolkingar er sentralt i dette tydeleg konstruktivistiske studie, og det er følgjeleg viktig å vere open kring korleis og kvifor slutningar blir trekte. Ikkje minst er det viktig å vere ydmyk i møte med datamaterialet og den fortolkande kvaliteten ved studie som tilseier varsemd kring fastslåing av påstandar. Det er viktig å synleggjere openheita for at målingane kan innehalde ulike feil av ulike årsaker, og følgjeleg teke høgde for dette gjennom ei kritisk tolking og utfyllinga av desse. På denne måten kan også kvalitativ statistisk validitet i tråd med Kleven (2008) tilseie å vise korleis ein tendens er verdig ei tolking. Dette er også årsaka til kvifor det gjennom studie er stor nærleik mellom påstandar og illustrerande døme, samt kvifor er søkt leggje fram trukkje beskrivingar og opne drøftingar kring både case og analyseiningar gjennom heile studie (Kleven, 2008).

Ekstern validitet er vanskelegare å kunne hevde i eit studie som det føreliggjande. Vi har tidlegare omtala korleis dette heller ikkje kan seiast å vere føremålet med eit enkeltcasestudie som det føreliggjande. Ei form for ekstern validitet som likevel kan seiast å gjere seg gjeldande i tråd med Kleven (2008) er korleis studie generaliserer over personar, situasjonar

og tid. Politiske parti er komplekse konstruksjonar beståande av mange enkeltaktørar som det her blir trekt slutningar kring i fleire retningar. Fråsegn frå enkeltpersonar blir generalisert som representative på organisasjonsnivå, og desse blir vidare generalisert til feltnivå. Det er også gjort eit utval blant dei politiske partia som såleis har blitt lagt til grunn som representative for feltet som heilskap. Det blir trekt slutningar på tvers av ulike kontekstuelle situasjonar og til ei viss grad over tid.

Slik ikkje-statistisk generalisering som eg har gjennomført har vore basert på kvalitative vurderingar med grunngevingar med basis i litteratur kring tidlegare hendingar, partiprogram og litteratur frå organisasjons-, institusjonell- og dialektisk-relasjonell kritisk diskursteori. Eg har vore transparent og kritisk i mine vurderingar. Eg har teke høgde for og illustrert korleis tvitydigheit kring overlappingar, gradvise overgangar og samspel kastar lys over ei kompleks røynd som det fins potensiale for å tolke på ulike vis. Eg har gått opent og utforskande inn i materialet på leit etter analytiske trekk, men også for tvetydig praksis. På same tid har eg også vore transparent kring kva eg forventa å finne i materialet førut for datainnsamling og -analyse. Eg har peika til tendensar og vore varsemnd med å trekkje bastante slutningar. Dette meiner eg legg til grunn for eit transparent studie som kan følgjast i sømmane og vurderast deretter (Kleven, 2008).

Ei anna vesentleg side ved den ekstern validiteten, er i kva grad teori kan seiast å vere overførbart til andre situasjonar enn den gjeldande. Modalitetstilnærminga som ligg til grunn i studie kring tekst og tale kan seiast å ha potensiale for overføring til mange ulike situasjonar. Dette ettersom den gir nokre vide verktøy til å handtere både språk og tekstlege fråsegn som følgjeleg kan, eventuelt med få justeringar, nyttast vidt i ulike både organisasjons- og feltkontekstar, men også på individnivå. Tilnærminga kan nyttast innan ulike disiplinar og som eit ledd i vidare tverrfagleg forskning. Dette potensialet kan seiast å gjelde dei konkret utforma modalitetane, men også det overordna omgrepet legitimeringsmodalitet. Samtidig må avstanden som nemnd mellom modalitet og logikk igjen poengterast. Her kan det diskuterast kva som kan vere den beste måten å handtere teorimangfald som det føreliggjande. Det kan likevel opnast for ei moglegheit for å nytte rammeverket på eit anna datamateriale som har større potensiale for å fange logikk, og med det kan vi sjå nærare på potensiell framtidig forskning.

7.2 Framtidig forskning

Det er mange potensielle trådar ein kan trekkje vidare frå dette studie. Som påpeika kan ein nytte rammeverket med modalitetsinngangen til logikk med datakjelder som kan seiast å i større grad ha eigenskapar til å kunne trekkje slutningar på logikknivå. På denne måten kan ein undersøkje i kva grad det kan vurderast å vere ei klar empirisk kopling mellom dei to omgrepa som kan potensielt styrkje overføringsverdien. Ein kan også her nytte omgrepet legitimeringsmodalitet vidare i analyse av tekst og tale for å vurdere om og korleis omgrepet kan gjere seg gjeldande hjå andre politiske parti eller aktørar, både på klima- og oljefeltet eller på andre felt. Det kan gjerast med bakgrunn i mangfaldige tekstmaterialer frå mangfaldige situasjonar.

Vidare forskning kan også krinse kring å nytte modalitetane til å utføre eit fullverdig diskursstudie. Det er her mogleg å vurdere i kva grad anten eller både modalitets- eller logikkmønster kan seiast å gjere seg gjeldande innan klima- og oljefeltet, men også på andre politikfelt for både dei undersøkte partia og andre parti. Det kan også vurderast i kva grad det fins mønster i det politiske landskapet som heilskap. Dette kan gjerast nasjonalt, men potensielt også internasjonalt.

Ein alternativ veg inn til materien i framtidig forskning kan også vere å spore vegen i klimarapportane og diskursane som der gjer seg gjeldande, saman med den tilsvarande norske politiske diskursen. Såleis kan dette medføre eit studie kring diskurs-modalitet diskusjon i internasjonal mot norsk samanheng. Ein kunne også tilnærma seg sjøve argumentasjonsrekkja til partia med eit anna utgangspunkt, og kunne her teke opp spørsmål kring partia som organisasjonar i eit større nasjonalpolitisk felt. Her kunne ein vurdert både kva som går føre seg i det heilskaplege feltet, men også kva som bidreg til posisjoneringa til partia. Det fins såleis fleire måter ein kan nytte organisasjonsteori eller perspektiv til å forstå partipolitikken på klimafeltet eller andre politiske felt.

Eit siste spor for framtidig forskning eg ynskjer å løfte fram, handlar om å forfølge vidare kombinasjonen organisasjonsteori, modalitet og diskursteori og om denne er vidare fruktbart, også på potensielt ulike vis, for å vurdere nettopp politisk argumentasjon og legitimering, særleg kring gjenstridige problem som klimakrisa. Det blei nemleg i forlenging påpeika av Elin Lerum Boasson, ein av klimaforskarane frå den sjette hovudrapporten og spesifikt den

tredje delrapporten til FN, korleis det trengs meir forskning kring korleis ein gjer klimapolitikk populært. Vi har i stor grad løysingane vi treng for å handtere klimakrisa, men vi treng legitimiteten til å implementere desse i større skala peika Boasson på (NRK, 2022).

Nettopp her kan framtidig forskning undersøkje i kva grad modalitetane kan vere eit potensielt verktøy for å fange argumentasjonen og undersøkje i kva grad dei ulike modalitetane kan seiast å appellere hjå veljarane. Dette kan til dømes undersøkjast ved eit framtidig kvantitativt studie. Ved eventuelt positive funn, kan modalitetstankegangen vere eit potensielt kan nyttig verktøy mot å kunne popularisere klimapolitikk i tråd med nødvendig tempo på tiltak som presentert av klimapanelet til FN.

7.3 “Tidsspørsmål før vi må innse at vi ikke når målene”

I dette studiet har vi gjort ei rekkje ulike merknadar legitimeringsargumentasjon og -modalitet, olje- og klimapolitikk og ulike vurderingar knytt til Noreg som Oljenasjon i ei tid der handlingsrommet i møte med klimakrisa snevrar seg inn (IPCC; 2021; IPCC, 2023).

Ein aktuell debatt som her kan merkjast avslutningsvis, handlar om klimamål og derunder instrumentell mot laus- eller fråkopla måloppnåing. I dei avsluttande dagane av denne masteroppgåva, var denne diskusjonen løfta opp. Eit klippe forskarar, aktivistar og parti ved Stortinget meinte det såg mørkt ut for dei norske klimamåla for 2030. “*Vi er ikke i rute til å nå klimamålene*”, peika regjeringspartiet Arbeidarpartiet på. Forskarar og aktivistar meinte klimamåla ville bli krevjande, og ville kreve sterkare politisk styring (Hovland, 2023).

I E24 (2023) blir det peika på korleis kutt i olja kan bli utfordrande ettersom det kan bli dyrt, kreve ny og umoden teknologi samt krevje meir kraft- og nettutbygging. Framstegspartiet peika på korleis Noreg og norske politikarar ikkje tek innover seg problemstillingane, og korleis dei opplever det som mindre studiereint å peike på oppnåinga av klimamåla som kjempetøff (Hovland, 2023).

Dette er ein avslutningsvis interessant debatt å merkje i lys av denne studien, og følgjeleg kva dette kan fortelje om møtet mellom klima- og norsk oljepolitikk.

“Det er bare et tidsspørsmål før vi må innse at vi ikke når målene” (Hovland, 2023).

8.0 Litteratur

- Aftenposten (2020) *Jappekrisen kuppet nordmenns miljøbekymring på 80-tallet vil pandemine gjøre det igjen*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.aftenposten.no/norge/i/OOgGGq/jappekrisen-kuppet-nordmenns-miljoebekymring-paa-80-tallet-vil-pandemien-gjoere-det-igjen> (Henta: 06.05.2023)
- Aftenposten (2021a) *Ja det ble et miljøvalg: slik stemte miljøvelgerne*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/y4OqeE/ja-det-ble-et-miljoevalg-slik-stemte-miljoevelgerne> (Henta: 02.03.2023)
- Aftenposten (2021b) *Klimamålet for 2020 ble ikke nådd*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.aftenposten.no/norge/i/9O5vIE/klimamaalet-for-2020-ble-ikke-naadd> (henta: 01.02.2023)
- Aftenposten (2022) *Ett år etter katastrofelflommen har arrene ennå ikke grodd i Tyskland*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.aftenposten.no/verden/i/eE9LaM/ett-aar-etter-katastrofelflommen-har-arrene-ennaa-ikke-grodd-i-tyskland> (Henta: 02.02.2023)
- Amundsen, I.H., Rustad M.E. og Engen, R.C. (2022) *Norge anklages for klima dobbeltmoral - står i en skikkelig spagat*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.vg.no/nyheter/utenriks/i/y65Eqa/norge-anklages-for-klima-dobbelmoral-staar-i-en-skikkelig-spagat> (Henta: 05.05.2023).
- Andersen, G. (2017) *Parlamentets natur. Utviklingen av norsk miljø- og petroleumspolitik (1945-2013)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Anker, P. (2018) A Pioneer Country? A history of Norwegian climate politics. *Climatic Change* 151, 29-41. <https://doi.org/10.1007/s10584-016-1653-x>
- Arbeiderpartiet (2023a) *Historien om arbeiderpartiet*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.arbeiderpartiet.no/om/historien-om-arbeiderpartiet/> (Henta: 06.05.2023)
- Arbeiderpartiet (2023b) *Arbeiderpartiets partiprogram 2021-2025*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.arbeiderpartiet.no/om/program/> (Henta: 09.09.2022)
- Arnslett (2015) *Hva ble egentlig vedtatt?* Tilgjengeleg frå:
<https://cicero.oslo.no/no/artikler/parisavtalen-hva-ble-egentlig-vedtatt> (Henta: 07.10.2022)

- Bakken, H.B. (2023) *Er Høyres strategi å være tvillingen til AP?* Tilgjengeleg frå: <https://www.nettavisen.no/norsk-debatt/er-hoyres-strategi-a-vare-tvillingen-til-ap/o/5-95-997261> (Henta: 20.05.2023)
- Berg (2016) *Norsk klimapolitikk 1987-2015*. Tilgjengeleg frå: <https://www.cicero.oslo.no/no/artikler/norsk-klimapolitikk-1987-2015> (Henta: 08.10.2022)
- Bjørgum, J. (2008) Arbeiderpartiet og LO i historisk perspektiv, i *Arbeiderhistorie 2008*. Oslo: Forlaget Aktuell AS, 241-255.
- Bjørneset, O. (2020) *Kampen om vatnet*. Tilgjengeleg frå: <https://www.nrk.no/mr/xl/kampen-om-vatnet-1.15015728> (Henta: 06.05.2023)
- Bjørnstad, S. (2020) *Slik blir den nye oljeskatten*. Tilgjengeleg frå: <https://e24.no/norsk-oekonomi/i/wP1yx4/slik-blir-den-nye-oljeskatten> (Henta: 04.02.2023)
- Boin, A. (2008). *Fundamentals of Crisis Development & Crisis Management: An Introduction to Critical Crisis Readings*. A. Boin, *Crisis Management*, Vol. 1. Los Angeles: Sage.
- Brunsson, N. (1986) Organizing for inconsistencies: On organizational conflict, depression and hypocrisy as substitutes for action. *Scandinavian Journal of Management Studies*. Vol. 2(3-4), 165-185.
- Brunsson, N. (2007) *Consequences for decision-making*. Oxford: Oxford University Press.
- Brustad, L. (2021) *Kode rød for menneskeheten*. Tilgjengeleg frå: <https://www.dagbladet.no/nyheter/kode-rod-for-menneskeheten/74239312> (Henta: 01.10.2022)
- Bryman, A. (2016) *Social Research Methods*. Oxford: Oxford University Press.
- Cappellarro, G., Compagni, A. og Vaara, E. (2023) *Ambiguity in Organization Theory From Intrinsic to Strategic Perspectives*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Chouliaraki, L. og Fairclough, N. (2010) Critical Discourse Analysis in Organizational Studies: Towards an Integrationist Methodology. *Journal of Management Studies*, 47(6), 1213-1218.
- Christensen, T., & Lægreid, P. (2016). A transformative perspective. *Theories and Practices of Public Sector Reforms*, 27-43.

- Christensen, T., Lægreid, P. og Røvik, K.A. (2021) *Organisasjonsteori for offentlig sektor. 4. utgave*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Cohen, M.D., March, J.G. and Olsen, J.P. (1972). A Garbage Can Model of Organizational Choice. *Administrative Science Quarterly*, 17(1), pp.1–25.
- Dammann, E. (2014) *Verdirevolusjon. Planeten må reddes fra uhemmet økonomisk vekstkonkurranse*. Oslo: Flux
- Della Porta, D. (2012) Comparative analysis: case-oriented versus variable-oriented research, i: Della Porta, D. og Keating, M. (red), *Approaches and Methodologies in the Social Sciences. A Pluralist Perspective*. Kap 11, 198-222.
- Dewulf, A., Klenk, N., Wyborn, C. & Lemos, M.C (2020). Usable environmental knowledge from the perspective of decision-making: the logics of consequentiality, appropriateness, and meaningfulness. *Current Opinion in Environmental Sustainability*, 42, 1-6.
- DiMaggio, P.J. og Powell, W.W. (1983) The Iron Cage Revisited: Institusjonal Isomorphism and Collective Rationality in Organizational Fields, *American Sociological Review*, 48 (2), s. 147-160.
- Della Porta, D. (2012) Comparative analysis: case-oriented versus variable-oriented research, i: Della Porta, D. og Keating, M. (red), *Approaches and Methodologies in the Social Sciences. A Pluralist Perspective*. Kap 11, 198-222.
- DiMaggio, P.J. og Powell, W.W. (1983) The Iron Cage Revisited: Institusjonal Isomorphism and Collective Rationality in Organizational Fields, *American Sociological Review*, 48 (2), s. 147-160.
- Eisenberg, E.M. (1984) Ambiguity as strategy in organizational communication. *Communication Monographs*, 51:3, 227-242
- Elster, J. (1986) *Rational Choice*. New York: NYU Press.
- Equinor (2023) *Historien om et nytt navn*. Tilgjengeleg frå: <https://www.equinor.com/50/artikkel/historien-om-et-nytt-navn> (Henta 01.02.2023)
- E24 (2022) *Solberg: oljeskattapakken var unødvendig*. Tilgjengeleg frå: <https://e24.no/energi-og-klima/i/0Gav7o/solberg-oljeskattapakken-var-unoedvendig> (Henta: 03.12.2022)
- Fairclough, N. (2003). *Analysing discourse: textual analysis for social research*. New York: Routledge.
- Fairclough, N. (2010) *Critical Discourse Analysis*. Oxfordshire: Routledge.

- Fairclough, N. (2013). Critical Discourse Analysis and Critical Policy Studies. *Critical Policy Studies*, vol. 7, 177-197.
- Fløttum, K. og Espeland, T. (2014) Norske klimanarrativer - hvor mange “fortellinger” En lingvistisk og diskursiv analyse av to norske stortingsmeldinger, *Sakprosa*, 6 (4), 1-18.
- FN (2022) *Klimaendringer*. Tilgjengeleg frå: <https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer> (Henta: 15.10.2022)
- FN (2023) *Ukraina*. Tilgjengeleg frå: <https://www.fn.no/konflikter/ukraina> (Henta: 05.05.2023)
- Fremskrittspartiet (2023a) *Fremskrittspartiets historie*. Tilgjengeleg frå: <https://www.frp.no/om-frp/fremskrittspartiets-historie> (Henta: 15.10.2022)
- Fremskrittspartiet (2023b) *Partiprogram 2021-2025*. Tilgjengeleg frå: <https://www.frp.no/files/Partiprogram/2021-2025/Partiprogram-2021-2025-web.pdf> (Henta: 09.09.2022)
- Friedland, R. og R. R. Alford (1991) Bringing Society Back In: Symbols, Practices, and Institutional Contradictions.”. *The New Institutional-ism in Organizational Analysis*, Walter W. P. and P.J. DiMaggio. Chicago: University of Chicago Press, 232–263.
- Furlong, P. og Marsh, D. (2010). “A Skin Not a Sweater: Ontology and Epistemology in Political Science”, pp. 184-211.
- Gausen, S. og Johansen, P.A. (2021) *Regjeringen vil endre oljeskatten - hva betyr egentlig det?* Tilgjengeleg frå: <https://www.aftenposten.no/norge/i/nWGBBB/regjeringen-vil-endre-oljeskatten-hva-betyr-egentlig-det> (Henta: 15.05.2023)
- Gjerde, K.Ø. (2023) *Bravo utblåsningen*. Tilgjengeleg frå: <https://ekofisk.industriminne.no/nb/bravo-utblasningen/>. (Henta: 06.05.2023)
- Glynn, M.A. (2013) Patricia Thornton, William Ocasio, and Michael Lounsbury: The Institutional Logics Perspective: A New Approach to Culture, Structure, and Process. *Administrative Science Quartely*, 58(3), 493-495.
- Grunnlovens §112 (1992). *Kongerikets Noregs Lov*.
- Grønmo, S. (2016) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Guterres, A. (2021) *Secretary generals statement: the ipps working group 1 report the physical science basis of the sixth assessment*. Tilgjengeleg frå:

https://www.un.org/sg/en/content/secretary-generals-statement-the-ipcc-working-group-1-report-the-physical-science-basis-of-the-sixth-assessment?_gl=1*yjo5oc*_ga*MTcyNjY3OTEwNy4xNjg0MTUyNjEx*_ga_TK9BQL5X7Z*MTY4NDE1MjYxMS4xLjEuMTY4NDE1MjYyNC4wLjAuMA (Henta: 02.03.2023)

- Haugan, B. (2022) *Flertall i SV for å gi våpen til Ukraina*. Tilgjengeleg frå: <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/mrjwMq/flertall-i-sv-for-aa-gi-vaapen-til-ukraina> (henta: 20.05.2023)
- Haverland, M. og Yanow, D. (2012) A Hitchhiker's Guide to the Public Administration Research Universe: Surviving Conversations on Methodologies and Methods. *Public Administration Review*. 72 (3), 401-408.
- Honningsøy, K.H., Knezevic, M., Sollund S. (2022) *Oljemasjonen Norge er blant de radikale*. Tilgjengeleg frå: https://www.nrk.no/norge/_-oljemasjonen-norge-er-blant-de-radikale-1.15920730 (Henta: 04.05.2023)
- Hovland, K.M. (2023) *Politisk tvil om klimamål*. Tilgjengeleg frå: <https://e24.no/energi-og-klima/i/P4qBvJ/politisk-tvil-om-klimamaal-et-nederlag> (Henta: 29.05.2023)
- Hulme, M. (2009) *Why We Disagree About Climate Change. Understanding Controversy, Inaction and Opportunity*. New York: Cambridge University Press
- Høyre (2023a) *Høyres historie*. Tilgjengeleg frå: <https://hoyre.no/hoyres-historie/> (Henta: 06.05.2023)
- Høyre (2023b) *Partiprogram*. Tilgjengeleg frå: <https://hoyre.no/politikk/partiprogram/> (Henta: 09.09.2022)
- IPCC (2021) *Climate Change 2021: The Physical Science Basis. Contribution of Working Group I to the Sixth Assessment Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change* [Masson-Delmotte, V., P. Zhai, A. Pirani, S.L. Connors, C. Péan, S. Berger, N. Caud, Y. Chen, L. Goldfarb, M.I. Gomis, M. Huang, K. Leitzell, E. Lonnoy, J.B.R. Matthews, T.K. Maycock, T. Waterfield, O. Yelekçi, R. Yu, and B. Zhou (eds.)]. Cambridge University Press, Cambridge, United Kingdom and New York, NY, USA. [10.1017/9781009157896](https://doi.org/10.1017/9781009157896).
- IPCC (2022a) *Climate Change 2022: Impacts, Adaptation, and Vulnerability. Contribution of Working Group II to the Sixth Assessment Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change* [H.-O. Pörtner, D.C. Roberts, M. Tignor,

- E.S. Poloczanska, K. Mintenbeck, A. Alegría, M. Craig, S. Langsdorf, S. Löschke, V. Möller, A. Okem, B. Rama (eds.)). Cambridge University Press. Cambridge University Press, Cambridge, UK and New York, NY, USA. 10.1017/9781009325844.
- IPCC (2022b) *Climate Change 2022: Mitigation of Climate Change. Contribution of Working Group III to the Sixth Assessment Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change* [P.R. Shukla, J. Skea, R. Slade, A. Al Khourdajie, R. van Diemen, D. McCollum, M. Pathak, S. Some, P. Vyas, R. Fradera, M. Belkacemi, A. Hasija, G. Lisboa, S. Luz, J. Malley, (eds.)]. Cambridge University Press, Cambridge, UK and New York, NY, USA. 10.1017/9781009157926
 - IPCC (2023a) *History of the IPCC*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ipcc.ch/about/history/> (Henta: 13.10.2022)
 - IPCC (2023b). *AR6 Synthesis Report: Climate Change 2023*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ipcc.ch/report/sixth-assessment-report-cycle/> (Henta: 01.04.2023)
 - Jacobsen, D.I, og Thorsvik J. (2013) *Hvordan organisasjoner fungerer*. Bergen: Fagbokforlaget.
 - Kleven, T. A. (2008). Validity and validation in qualitative and quantitative research, *Nordic Studies in Education*, 28(3), 219-233.
 - Klimalova (2018). *Lov om klimamål*.
 - Koronaloven (2020). *Midlertidig lov om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 m.v.*
 - Kristiansen, A.A. (2023) *Rødt snur: åpner for våpenstøtte til Ukraina*. Tilgjengeleg frå: <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/Xbe9yo/roedt-snur-aapner-for-vaapenstoete-til-ukraina> (Henta: 25.05.2023)
 - Leitch, S. og Palmer, I. (2010) Analysing Text in Context: Current Practices and New Protocols for Critical Discourse Analysis in Organization Studies. *Journal of Management Studies*, 47(6), 1194-1212.
 - Leuffen, D. (2007). Case Selection and Selection Bias in Small-n Research, i Gschwend, T., og Schimmelfennig, F. (red) *Research Design in Political Science*. London: Palgrave Macmillan
 - Læg Reid, P. (2020) Styringskapasitet og styringslegitimitet. *Stat & Styring*, 34-38.
 - March, James G. (1978) "Bounded Rationality, Ambiguity, and the Engineering of Choice." *The Bell Journal of Economics*, vol. 9, no. 2, 1978, pp. 587-608.

- March, J. G. & J. P. Olsen (1984). The New institutionalism: Organizational factors in Political Life. *American Political Science Review*, 78 (3): 734-749.
- March, J.G. og Olsen, J.P. (1989) *Rediscovering Institutions: The organizational basis of politics*. New York: Free Press.
- March, D. og Ercan, S.A. og Furlong, P. (2018) *Theory and Methods in Political Science*. i Lowndes, V. og Marsh, D. og Stoker, G. (red) Kap. 11, 177-198.
- McGrath, M. (2021) *Climate Change: IPCC report 'code red for humanity'*. Tilgjengeleg frå: <https://www.bbc.com/news/science-environment-58130705> (Henta: 01.10.2022)
- Meld.st. 20 (2019–2020) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene — Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten, Norskehavet, og Nordsjøen og Skagerrak*.
- Meld. st. 13 (2020-2021) *Klimaplan for 2021-2030*.
- Meld. st. nr. 14 (2020-21). *Perspektivmeldingen 2021*.
- Meyer, J.W. and Rowan, B. (1977). Institutionalized Organizations: Formal Structure as Myth and Ceremony. *American Journal of Sociology*, 83(2), pp.340–363.
- Miljødirektoratet (2023) *Om FN's klimapanel*. Tilgjengeleg frå: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/fns-klimapanel-ipcc/om-ipcc/> Henta: 03.01.2023
- Miljøpartiet (2023a) *Om Miljøpartiet de Grønne*. Tilgjengeleg frå: Miljøpartiet (2023) *Partiprogram 2021-2025*. Tilgjengeleg frå: https://www.mdg.no/viktige_dokumenter_partisprogram_2021-2025 (Henta: 09.09.2022) (Henta 05.05.2023)
- Miljøpartiet (2023b) *Partiprogram 2021-2025*. Tilgjengeleg frå: https://www.mdg.no/viktige_dokumenter_partisprogram_2021-2025 (Henta: 09.09.2022)
- Myhre, J.E. (2022) *Den norske modellen blir til - Norge 1814-1914*. Oslo: Dreyers Forlag Oslo AS.
- Neby, S. og Zannakis, M. (2020) Coordinating wickedness: A comparative analysis of how Norway and Sweden organize for climate change, *Journal of comparative policy analysis*, ahead-of-print, 1-19.
- Neumann, Iver B. *Mening, materialitet, makt. En innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget, 2001.

- Norum, H., Lorch-Falch, S., Heiervang, C.H., Knezevic, M., og Kalajdzic, P. (2021) *Ikke rom for nye olje- og gassfelt innenfor 1,5 graders målet*. Tilgjengeleg frå: https://www.nrk.no/norge/iea_-ikke-rom-for-nye-olje--og-gassfelt-innenfor-1_5-grader-smalet-1.15498709 (Henta 09.10.2022).
- NRK (2020a) *Store deler av Norge stenger ned*. Tilgjengeleg frå: https://www.nrk.no/video/store-deler-av-norge-stenges-ned_34d5da29-d4c9-4235-91d7-b377ace2d5d9 (Henta: 04.12.2022)
- NRK (2020b) *Enighet om iskanten på Stortinget*. Tilgjengeleg frå: <https://www.nrk.no/nyheter/enighet-om-iskanten-pa-stortinget-1.15044851> (Henta: 12.12.2022)
- NRK (2022) *4. april 2022 - NRK Dagsnytt 18*. Tilgjengeleg frå: <https://tv.nrk.no/serie/dagsnytt-atten-tv/202204/NNFA56040422> (Henta: 01.02.2023)
- OG21 (2023) *Olje og gass for det 21. århundret*. Tilgjengeleg frå: <https://www.og21.no> (Henta: 02.02.2023)
- Petroleumsloven (1997). *Lov om petroleumsvirksomhet*.
- Prop. 115 S (2015-2016) *Samtykke til ratifikasjon av Parisavtalen av 12. desember 2015 under FNs rammekonvensjon om klimaendring av 9. mai 1992*.
- Putnam, R.D., Sungkhassete, V.W. og Roediger, H.L. (2016) *Optimizing Learning in College: Tips from Cognitive Psychology*. *Perspectives on Psychological Science*, 11(5), 652-660.
- Ragin, C. (1992) *Casing and the process of social inquiry*, i: Ragin, C. og Becker, *What is a case? Exploring the foundations of social inquiry*. Kap. 10, 217-226.
- Reay, T. og Jones, C. (2016) *Qualitatively capturing institutional logics*. *Strategic Organization*. Vol. 14(4) 441-454.
- Regjeringen (2005) *Plattform for regjerings samarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005-09*. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/smk/vedlegg/2005/regjeringsplattform_soriamoria.pdf (Henta: 14.10.2022)
- Regjeringen (2009) *Historikk*. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dep/oed/ansvar/historikk/id778/> (Henta: 13.10.2022)
- Regjeringen (2018) *Undertegning av avtale mellom Island, Liechtenstein, Norge og Storbritannia om ordninger som følge av at Storbritannia trer ut av EU, EØS-avtalen og andre avtaler gjeldende mellom Storbritannia og EØS/Efta-statene i kraft av*

Storbritannias medlemskap i EU. Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/avtaler-storbritannia-eos-efta-statene/id2623520/> (Henta: 01.11.2022)

- Regjeringen (2020a). *Klimaforliket på Stortinget.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/klima/innsiktsartikler-klima/klimaforliket/id2076645/> (Henta: 14.10.2022)
- Regjeringen (2020b) *Klimakvoter.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/klima/innsiktsartikler-klima/klimakvoter/id2076655/> (Henta: 01.04.2023).
- Regjeringen (2021a) *Norsk oljehistorie på 5 minutter.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/olje-og-gass/norsk-oljehistorie-pa-5-minutter/id440538/> (Henta: 09.10.2022)
- Regjeringen (2021b) *Olje og gass i det 21 århundret.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/energi-og-petroleumsforskning/OG21--Olje-og-gass-i-det-21-arhundre/id439227/> (Henta: 16.10.2022)
- Rittel, HWJ. og Webber, MM. (1973) Dilemmas in a general theory of planning, *Policy Sciences*, 4, 155-169.
- Rommetveit, A. og Topdahl, R.C. (2020) *Derfor er iskanten politisk sprengstoff.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.nrk.no/klima/xl/derfor-er-iskanten-politisk-sprengstoff-1.14985643>
(Henta 15.10.2022)
- Roness, P.G. (1997) *Organisasjonsendringar. Teoriar og strategiar for studiar av endringsprosessar.* Oslo: Fagbokforlaget.
- Rydje, O.M. og Holter, M. (2023) *Regjeringen vil utvide områdene for oljeleting i nord.* Tilgjengeleg frå:
<https://www.dn.no/politikk/terje-aasland/olje-og-gass/regjeringen-vil-utvide-omradene-for-oljeleting-i-nord/2-1-1392608> (Henta: 02.02.2023)
- Schulz, M. (2014) Logic of Consequences and Logic of Appropriateness, *Palgrave Encyclopedia of Strategic Management*, 1-15.
- Scott, W.R. and Davis, G.F. (2016). *Organizations and organizing: Rational, Natural and Open Systems Perspectives.* Routledge: London and New York.
- Searle (1985) *Expression and meaning: Studies in the theory of speech acts.* Berkeley: Cambridge University Press.

- Selznick, P. (1957) *Leadership in Administration: A Sociological Interpretation*. Harper & Row, New York, 62, 67-68.
- Simon, H. A. (1947). *Administrative Behavior: A Study of Decision-Making Processes in Administrative Organization*. New York: Macmillan.
- Skjetne, O.L., Lode, S.C., Ording, O. og Lohne, J (2021) *Dramatisk beskjed i klimarapport: kode rød for menneskeheten*. Tilgjengeleg frå: <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/7d3Q9V/dramatisk-beskjed-i-klimarapport-kode-roed-for-menneskeheten> (Henta: 01.10.2022)
- Skrede, J. (2017) *Kritisk diskursanalyse*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Solvang, T.M. (2021) *Forskere reagerer på regjeringens bruk av klimaforskning for å forsvare oljeleting*. Tilgjengeleg frå: <https://www.nrk.no/norge/forskere-reagerer-pa-regjeringens-bruk-av-klimaforskning-for-a-forsvare-oljeleting-1.15380616> (Henta 10.10.2022)
- St.meld. nr. 41 (1994-95). *Om norsk politikk mot klimaendringr og utslipp av nitrogenoksider (nox)*.
- St. meld. nr. 56 (2000-01). *Nordisk samarbeid*.
- St. meld. nr. 34 (2007-2008) *Om dei fiskeavtalane Noreg har inngått med andre land for 2008 og fisket etter avtalane i 2006 og 2007*.
- St. meld. nr. 10 (2010-2011) *Oppdatering av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*.
- St. meld. nr. 21 (2011-12). *Norsk klimapolitikk*.
- St. meld. nr. 36 (2012-2013). *Nye muligheter for Nord-Norge - åpning av Barentshavet sørøst for petroleumsvirksomhet*
- St. meld. nr. 13 (2014-2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 - en felles løsning med EU*
- St. meld. nr 41 (2016-17). *Klimastrategi for 2030- norsk omstilling i europeisk samarbeid*.
- Stortinget (2020) *Vedtak til lov om endring i lov om skattlegging av undersjøiske petroleumsforkomster mv. (petroleumsskatteloven)* Tilgjengeleg frå: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Beslutninger/Lovvedtak/2019-2020/vedtak-201920-135/> (Henta: 10.11.2022)

- Stortinget (2022a) *Folkestyret*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Storting-og-regjering/Folkestyret/>
(Henta: 02.03.2023)
- Stortinget (2022b) *Hvordan foregår Stortingsvalg*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/stortinget-undervisning/videregaende-skole/stortingsvalg-og-pavirkningskanaler/hvordan-foregar-stortingsvalg/> (Henta: 01.04.2023)
- Stortinget (2023) *Partioversikt*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Partiene/Partioversikt/?pid=2017-2021> (Henta: 01.01.2023).
- Suchman, M.C. (1995) Managing Legitimacy: Strategic and institutional approaches. *The Academy of Management Review*. Vol. 20(3), 571-610.
- Sørenes, K.M. og Aas, O.I (2021) *Erna Solberg varsler historisk taktskifte i klimapolitikken*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/oAkBvj/erna-solberg-varsler-historisk-taktskifte-i-klimapolitikken> (Henta: 10.12.2022)
- The Guardian (2021) *Code red for humanity: what the papers say about the ipcc report on the climate crisis*. Tilgjengeleg frå:
<https://www.theguardian.com/environment/2021/aug/10/code-red-for-humanity-what-the-papers-say-about-the-ipcc-report-on-the-climate-crisis> (Henta: 01.10.2022)
- Thornton, P.H. og Lounsbury, M. (2012) *The Institutional Logics Perspective: A New Approach to Culture, Structure and Process*. Oxford: Oxford University Press.
- Toshkov, D. (2018) Research Design, i: Lowndes, V. og Marsh, D. og Stoker, G. (red) *Theory and Methods in Political Science*. Kap. 13, 219-236.
- Trædal, E. (2018) *Det svarte skiftet - vår 30 år lange reise fra lederskap til sinke i miljøpolitikken*. Oslo: Cappelen Damm.
- Valo, M. (2021) *Le rapport du giec est un code rouge pour l'humanité*. Tilgjengeleg frå:
https://www.lemonde.fr/planete/article/2021/08/10/le-rapport-du-giec-est-un-code-rouge-pour-l-humanite_6091059_3244.html (Henta: 01.10.2022)
- Vik, S. og Nordvåg, H. B. (2021) *40 år siden Alta aksjonen kulminerte i norgeshistoriens største politiaksjon*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/40-ar-siden-alta-aksjonen-kulminerte-i-norges-historiens-storste-politiaksjon-1.15326849> (Henta: 06.05.2023).

- Vromen, A. (2018) Qualitative methods, i: Lowndes, V., March, D. and Stoker, G. (eds) *Theory and Methods in Political Science*, 4. utg., London: Palgrave, 237-253
- Weber, M. (1922] (2000): *Wirtschaft und Gesellschaft*. Tübingen: J.C.B. Mohr. (Norsk utvalg: *Makt og byråkrati*. 3. utgåve. Oslo: Gyldendal.)